



## Masteroppgåve i Kulturmøte

*Det norske forsvaret sin informasjon til dei norske soldatane  
om Libanonoppdraget:  
Kvifor, korleis og konsekvensar*

60 studiepoeng

*Svein Erik Lunde*

*mai/2015*

## Summary

More than 20.000 norwegian soldiers took part in the UN mission in Lebanon, UNIFIL, in the years 1978 to 1998. The Norwegian Defence gave a lot of information to this soldiers. Before they left Norway it was done through brochures. In their time in Lebanon they were informed through UNIFILs own monthly publication "Litani", and through Norways own monthly "Blue Beret. The purpose of my master thesis is to find what was the purpose behind this information, how was it given, and what was the result or consequences.

First a background is given. The situation in Lebanon has to be explained through the history of the last 100 years, at least from the collapse of the Ottoman Empire in 1921. Then the story behind UN sending peace-keeping forces around the world must be told. In the Korean War these forces were under the command of USA. In the Suez-crisis in 1956, UN decided that the forces had to be under UN command. This was also done when the UNIFIL forces were established through a UN Security Council mandate given in March 1978.

My findings are that Norway tried to be strictly neutral to the different actors in the conflict in Lebanon. Because the Norwegian people had sympathy towards Israel, the information had to stress neutrality. Here the Norwegian Defence succeeded in their jobs. Few, if any, findings can point to sympathy or antipathy towards any part. But the attitude of the soldiers changed, from sympathy with Israel to nearly the opposite when they returned to Norway.

The Norwegian soldiers lived among civilians in Lebanon, in their villages. The question I will try to answer is how these modern western European soldiers acted towards the natives, who live in what can be described as nearly "middle ages". Will we find "eurocentrism" among the soldiers?

The results of my findings may be astonishing, the Norwegian soldiers and the natives did understand each other well, and lived respectfully together in their daily-life. The Norwegians got lectures in Arabic from well-educated local teachers, and gave lectures in English in return. The Norwegians also employed the locals, and did shopping from the local merchants, on equal terms. About fifty marriages between local girls and Norwegian soldiers were also a result.

An explanation why this was so successful may be the self-image of the Norwegians. They did not consider themselves warriors, but citizens in uniforms.

**Stor takk** for mange og gode råd frå min veileder, førsteamanuensis Kjersi Gravelseter Berg ved Universitetet i Bergen.

**Skrivemåte av arabiske namn.** Arabiske namn og tegn kan ikkje direkte oversettast til vårt latinske alfabet. Difor kan vi finne fleire variantar av det same namnet, som til dømes Beirut, Beiruth og Beirout, eller Tibnin og Tibnine. I oppgåva har eg vald å bruke namna slik som kjeldene skriv dei. Difor kan skrivemåten variere.

**Nummerering** av dei norske kontingentane. Forsvaret bruker romerske taltegn, til dømes XXIV for nr.24. Eg har i oppgåva likevel vald å bruke dei arabiske tal som vi er vane med.

<b>Kapittel 1. Introduksjon</b>	<b>6</b>
Innretning og avgrensing av oppgåva	8
Problemstilling	8
Bakgrunn for oppdraget	10
FN-pakta	10
Litteratur om norske soldatar i internasjonale oppdrag	13
Tidlegare oppgåver om emnet	13
Bøker	15
Kjelder	17
Forsvarets brosjyrer	17
Litani	18
Blue Beret	18
Bøker som primærkjelder	19
Intervju	20
<b>Kapittel 2. Historisk oversikt</b>	<b>21</b>
Kort historikk om området	21
Libanon	21
Sionismen og staten Israel	24
Libanon på landsbynivå	28
Vestlege haldningar	30
Norske haldningar til konflikta, før UNIFIL vart oppretta	32
<b>Kapittel 3. Informasjon til dei norske soldatane</b>	<b>35</b>
Forsvarets brosjyrer	35
Litani	39
Blue Beret	41
Bakgrunn for konflikta og om landet Libanon	42
Israel som samfunn og deira syn på FN	50
Syn på partane i Libanon	52
Kontakt med PLO, frå det usikre til respekt..	54
Kontakt med IDF, frå godfor til negativ.....	56

Forholdet til SLA/DFP, frå vondt til verre	58
Nøytrale omtaler, som ikkje fordømmer	61
Kritikk av at Noreg var partisk	63
Omtale av det sivile libanesiske samfunnet	64
Medisinsk hjelp til dei lokale	70
Omtale om praktisk hjelp til dei lokale	72
Kontakt med lokale hjelpeorganisasjonar...	74
Kontakt med dei lokale religionane	74
Kontakt med lokale styresmakter	76
Ekteskap	77
Kvinnesyntet i Libanon	79
Omtale av det lokale livet	79
Kritisk syn på soldatane sine handlingar ..	81
Turar til arabiske naboland	82
<b>Kapittel 4. Norske soldatar og norsk sjølvbilde</b>	<b>83</b>
Bakgrunn og rolleoppfatning	83
<b>Kapittel 5. Oppsummering, og kva veit vi i ettertid</b>	<b>87</b>
Bakgrunnen	87
Partane i Libanon	87
Det sivile libanesiske samfunnet	88
Ekteskap	89
Kvinnesyntet	90
Omtale det sivile livet	90
Var alt bra ?	91
Vi har fleire kjelder til resultatet av 20 års UNIFIL	92
<b>Kjeldeliste</b>	<b>98</b>
<b>Vedlegg: Militære forkortingar</b>	<b>101</b>
Kart over UNIFIL og NORBATT	102

## Kapittel 1. Introduksjon

Israel gikk til invasjon av Sør-Libanon i 15.mars 1978 for å fjerne trusselen frå den palestinske organisationen Palestine Liberation Organisation (PLO) som hadde etablert seg i området.<sup>1</sup> Palestinerar hadde flykta til Libanon etter krigane i Israel i 1948 og 1967. I 1970 kom det nye palestinerar, no frå Jordan. Dei hadde gradvis organisert i mange grupper, og PLO vart etter kvart ein paraplyorganisasjon for dei fleste av desse. Fatah leia av Yasser Arafat var den største organisasjonen, og dominerte PLO. Palestinerane vart ein sterk maktfaktor i Sør-Libanon, der dei prøvde å etablere basar for angrep inn i Israel.<sup>2</sup> Deira inntog i maktbalansen var med på å utløyse ein borgarkrig, fyrst frå 1975 til 1976 og so på nytt i 1978 til 1982. PLO deltok i borgerkrigen i Libanon hovudsakleg på muslimsk side, og i Sør-Libanon var den nyetablerte South Lebanese Army (SLA) leia av den kristne majoren Saad Haddad ein motstander. Samstundes var PLO i krig med Israel. I september 1977 bomba den palestinerane den israelske byen Nahariya, og Israel svara med angrep på basar og landsbyar palestinerane kontrollerte.<sup>3</sup> Eit nytt palestinsk angrep, no frå 11 medlemmer av Fatah, skjedde 11.mars 1978. Frå ein gummibåt gikk dei i land ved byen Haifa, kapra to bussar og vart stoppa i ei vegsperring nord for Tel Aviv. Etter ein kamp var 9 palestinerar og 37 israelarar drept.<sup>4</sup>

Det israelske svaret kom raskt, i form av invasjonen 15.mars. Israel brukte 25.000 mann og erobra raskt områda fram til Litani-elva. Libanon klagde same dag Israel inn for FN.

Etter press frå den amerikanske presidenten Jimmy Carter gikk Israel og PLO med på å godta at FN sendte fredsbevarande styrker, kalla United Nations Interim Forces in Lebanon (UNIFIL), til området mellom Litani og den israelske grensa.<sup>5</sup> Mandatet for UNIFIL vart gitt av FNs sikkerhetsråd 19.mars 1978 i to resolusjonar, nr. 425 og 426, og hadde tre punkt:

- Sikre den israelske tilbaketrekinga frå sør-Libanon,
- Gjenopprette internasjonal fred og sikkerhet,
- Assistere den libanesiske regjeringa i å gjenopprette si autoritet i desse områda.<sup>6</sup>

---

<sup>1</sup> Odd Karsten Tveit, *Nederlag. Israels krig i Libanon*, Oslo: J.W.Cappelens Forlag, 1985: 5

<sup>2</sup> Erlend Larsen, *Libanon*, Oslo: E-forlag, 2008: 59

<sup>3</sup> Larsen 2008: 79

<sup>4</sup> Larsen 2008: 82

<sup>5</sup> Tveit 1985: 77

<sup>6</sup> <http://unispal.un.org/UNISPAL.NSF/0/E25DAE8E3CE54FB5852560E50079C708>, i mi omsetjing, Originalversjon på engelsk lyder: «3. Decides, in the light of the request of the Government of Lebanon, to establish immediately under its authority a United Nations interim force for Southern Lebanon for the purpose of confirming the withdrawal of Israeli

Frå starten i 1978 deltok Noreg med soldatar til UNIFIL. Fyrste tida var det styrker frå Ghana, Senegal, Nigeria, Fiji, Nepal, Irland, Nederland, Frankrike, Italia, Sverige og Norge, som utgjorde UNIFIL. FN-oppgdraget var tenkt kortvarig, jamfør ordet Interim, men UNIFIL står i 2015, etter 36 år, framleis i området, og ved utgangen av mars 2014 var styrka på 10 224 soldatar.

Den norske styrka var leia av ein Norse Commander (NORCO). Styrka vart skifta ut kvar sjette månad, og kvar periode vart kalla kontingent. Den norske styrka besto av ein bataljon, NORBATT på vel 550 mann som sto i området til 1998. NORBATT fekk tildelt eit ansvarsområdeområde (AO) heilt i aust, på grensa mot Syria.<sup>7</sup> Her skulle dei prøve å oppfylle FN-mandatet ved hovedsakleg å hindre at partane kom inn i og brukte dette området. Det skjedde ved å opprette sjekkpunkt (CP) for vegtrafikk, ved observasjonspostar (OP) på høgdene i terrenget og ved patruljer til fots. Kvar morgon måtte vegane sjekkast for om det var lagt ut miner om natta.

I tillegg til denne operative styrken deltok Noreg også med støttefunksjonar. Dette var eit verkstedkompani NORMAINTCOY (NMC) på omlag 160 nann som vart trekt ut i 1996, eit feltsjukehus NORMEDCOY som vart trekt ut i 1980, og ein helikopterving, NORAIR som vart trekt ut alt i juli 1979. Årsaken her var at dei opplevde eit krasj i eit luftspenn der seks omkom, av desse fire nordmenn. I tillegg omfatta den norske styrken ein transportkommando i Beirut og ein stabskommando i Naqoura, der UNIFIL hadde sitt hovedkvarter. Både desse to siste vart trekt ut i 1998, då det norske bidraget til UNIFIL vart avslutta. Noreg deltok dermed på desse åra med i alt 41 kontingentar. I alt 21 326 nordmenn gjorde teneste i UNIFIL i desse 20 åra.<sup>8</sup>

---

forces, restoring international peace and security and assisting the Government of Lebanon in ensuring the return of its effective authority in the area, the Force to be composed of personnel drawn from Member States;”

<sup>7</sup> NORBATTs AO: sjå kart som vedlegg

<sup>8</sup> Larsen 2008: 149

## *Innretning og avgrensing av oppgåva*

### **Problemstilling**

Det norske storting hadde i 1968 gjort vedtak om å ha ei militær styrke ståande klar i tilfelle FN ba om det. Denne kunne bli sendt kvar som helst i verda på svært kort varsel. I mars 1978 vart styrka sendt til sør-Libanon. Libanon var eit ganske ukjent land for det norske forsvaret og dei norske soldatane.

Korleis dei takla kontakten med det sivile libanesiske samfunnet kunne vera avgjerande for korleis dei klarte å løyse oppdraget sitt.

### **Tema for denne oppgåva er kva slags informasjon dei norske soldatane fekk før og undervegs i tenesta.**

Det kan her vera naturleg å sjå på to ulike område. For det fyrste: For at ein FN-styrke skal løyse oppgåva sitt må den ha tillit hjå båe partane. Det blir dermed viktig å opptre nøytralt i høve til desse partane, slik at dei ikkje føler at ein tek parti for den eine eller andre. Som vi skal sjå i oppgåva har Israel tradisjonelt hatt stor sympati i Noreg. Ein kan tenke seg at også soldatane hadde, og tok med seg denne haldninga. Målet med informasjonen frå forsvaret bør då ha som siktemål at den norske styrken meistrar oppgåva med å vera nøytrale. Spørsmålet eg vil undersøke blir då kva informasjon dei norske soldatane fekk, og kvifor forsvaret vinkla informasjonen slik dei gjorde.

For det andre: Styrken skulle ligge i eit område der det sivile livet også skulle prøve å koma attende til normalt gjenge etter krigshandlingane. Neste spørsmål oppgåva vil undersøke blir om korleis dei norske soldatane klarte å forhalde seg til og leve i eit sivilt område med ein heilt annan kultur. Området i Sør-Libanon er prega av enkelt jordbruk, og ein del byliv og handel. Særleg jordbruket har få moderne maskiner, og kan synest å vera gamaldags. Ein kan tenke seg at norske soldatar fort kan føle seg å koma frå eit meir utvikla land. I Sør-Libanon er det også fleire ulike, og kanskje for nordmenn ukjente, religiøse grupper. Oppgåva vil difor sjå på om informasjonen til soldatane hadde innslag av kulturimperialisme eller eurosentrisme, eller om det heller kan kallast kulturell relativisme. Eg vil undersøke om det fanst kulturell påvirkning, og då båe vegar, som ein kan tenke seg kan skje ettersom styrken var i området i ei lang periode på vel 20 år. I denne oppgåva vil eg dermed også diskutere kva konsekvenser informasjonen fekk, på dei norske soldatanes si oppfatning av det sivile samfunnet. Dette håper eg å finne i omtale av kva som faktisk skjedde i desse møta mellom det sivile samfunn og den norske kontingenten.



## **Struktur i oppgåva**

Fyrst i oppgåva vil eg sjå på forklare bakgrunnen for og historikken bak at FN sender fredsbevarande styrker rundt i verda. Her vil eg ta med tidlegare døme på slike styrker.

Deretter bør konflikta i Sør-Libanon plasserast historisk. Her vil eg difor gje ei historisk oversikt over området, og forklare samfunnsstrukturane i staten Libanon. Jødane og staten Israel hadde lenge stor sympati i det norske samfunnet. Her skal eg prøve å finne og forklare korleis dei norske haldningane var fram til 1978 då UNIFIL-styrken vart etablert.

Stoffet i primærkjeldene, dei norske FN-brosjyrene, UNIFILs leiravis Litani og den norske leiravisa Blue Beret vil eg deretter analysere, ut frå fire innfallsvinklar. Fyrst om korleis sjølve bakgrunnen for konflikta blir forklart. Deretter korleis partane blir omtala. Her vil eg leite etter om sympatiar og antipatiar kjem fram. Eit eige emne blir om staten Israel og det jødiske samfunnet der. Mi hypotese er at omtala av dette ikkje er identisk med omtala av kva den israelske hæren gjer i Libanon. Til slutt vil eg sjå på korleis det sivile libanesiske samfunnet blir omtale i kjeldene. Her vil eg sjå om vi kan finne utslag av europeisk etnosentrisme.

Soldatar kan oppfatte si rolle på mange måtar. Deira rolleoppfatning vil oppgåva difor sjå på, også ved å samanlikne med seinare oppdrag i Bosnia og i Afghanistan. Desse siste oppdraga blir kalla fredsskapande, medan UNIFIL-oppdraget var fredsbevarande. Vil vi likevel finne same rolleoppfatning blant dei norske soldatane ?

Til slutt vil oppgåva innehalde ei oppsummering, der eg tok vil ta inn seinare erfaringar og vurderingar. Det norske UNIFIL-oppdraget vart avslutta i 1998, og dei 17 åra sidan då kan ha gjeve nye synspunkt på oppdraget og kor vellykka det var.

## Bakgrunn for FN-oppdraget

### FN-pakta

Verda hadde i 1945 opplevd sin andre verdskrig. Etter den fyrste verdskrigen vart Folkeforbundet oppretta, som eit forum der enkeltstatane kunne møtast og på den måten unngå nye krigar.

Folkeforbundet kunne vedta sanksjonar, som handelsboikott, mot enkeltland som truga verdsfreden, men hadde ingen andre maktmiddel. Folkeforbundet klarte ikkje å hindre at dei fascistiske statane Japan, Italia og Tyskland starta ein ny verdskrig. Alt i Atlanterhavserklæringa hausten 1944 var USA og Storbritannia samde om å opprette ein ny verdsorganisasjon. FN vart difor oppretta hausten 1945, med hovedformål å hindre nye krigar.

Det vart slik formulert i FN-pakta: «Vi De Forente Nasjoners folk som er bestemt på; å redde kommende slektledd fra krigens svøpe som to ganger i vår livstid har brakt usigelig sorg over menneskeheten».<sup>9</sup> Hovedvekta av arbeidet med å unngå framtidige krigar vart lagt på å prøve å fjerne årsakar til krig. Den økonomiske krisa som etter krakket i USA 1929 spreidde seg til det meste av verda vart sett på som ein viktig årsak til 2.verdskrig. Denne erfaringa gjorde at økonomisk utvikling og framgang vart sett på som den viktigaste måten å forebygge konflikter og krigar. Difor opprette FN særorganisasjonar for økonomisk utvikling (UNCTAD), landbruk (FAO), helse (WHO), utdanning (UNESCO) med fleire.

Men erfaringa frå Folkeforbundet si tid var at krig likevel kunne oppstå. Difor måtte FN få meir effektive maktmiddel. Og difor seier Artikkel 24 i FN-pakta: «1. For å sikre raske og effektive tiltak fra de Forente Nasjoners side overdrar medlemmene til Sikkerhetsrådet hovedansvaret for å opprettholde internasjonal fred og sikkerhet».<sup>10</sup> Denne fullmakta kan Sikkerhetsrådet etter Artikkel 39 bruke til å setja i verk tiltak for å oppretthalde eller gjenopprette internasjonal fred og sikkerhet. Etter Artikkel 41 kan dette vera stopp i økonomiske forbindelser som handelsboikott og transport, og brot i diplomatiske samband. Dette er brukt både mot Sør-Afrika under apartheidstyret, og mot det tidlegare Rhodesia då dei kvite der proklamerte seg som sjølvstendig stat. Og hjelper ikkje dette, kan Sikkerhetsrådet etter Artikkel 42 bruke militære stridsmidler, til lands, til sjøs eller i luften. Denne artikkelen var til dømes brukt som heimel til bombinga av Libya i 2011, for å trygge sivilbefolkningen mot regimet.

---

<sup>9</sup> [www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/FN-pakten/FN-pakten](http://www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/FN-pakten/FN-pakten)

<sup>10</sup> *ibid*

Denne adgangen til maktbruk har Sikkerhetsrådet nytta seg av, mange fleire gonger enn dei over nemnte. Oftast etter artikkel 41 ved å sende observatørar, organisert som UN Truce Supervision Organisation (UNTSO) som vart oppretta i 1948.

UNTSO var stasjonert i Jerusalem frå 1948. Noreg har take del i korpset frå 1956 og har vore der sidan, med om lag 10-15 offiserar til kvar tid, i Syria, i Libanon og i Israel. Om lag 600 offiserar frå Noreg har vore med i dette oppdraget. Den norske generalen Odd Bull har vore leiar for UNTSO.

Etter at Nord-Korera gikk til angrep på Sør-Korea i 1950 ba Sikkerhetsrådet i FN medlemslanda sine om å stille med militære styrker til ein operasjon under leiing av USA.<sup>11</sup> Den andre stormakta, Sovjetunionen boikotta røystinga i Sikkerhetsrådet og deltok ikkje i operasjonen. Etersom dette var i den kalde krigens tid, vart erfaringa at det var uheldig å la ei stormakt få styre ein slik operasjon. FN kunne bli sett på som eit reiskap for den eine stormakta, og kunne li same skjebne som Nasjonenes Forbund.

Suez-krigen i 1956 hadde sin årsak i at Egypt nasjonaliserte Suez-kanalen, og som motsvar fekk militære angrep frå Storbritannia, Frankrike og Israel. Angrepa var retta mot Suezkanalen og Sinaihalvøya. Etter erfaringa frå Korea-krigen, sendte difor FN her for fyrste gong eigne militære fredsbevarande styrker etter artikkel 42, organisert som UN Emergency Force (UNEF) I. UNEF I vart ståande i Sinai fram til 1967. Noreg stilte i UNEF saman med Danmark DANOR-bataljonen frå november 1956 til juni 1967. I tillegg stilte Noreg eit sanitetstskompani med feltsjukehus. Om lag 11000 nordmenn gjorde teneste i UNEF. Sju nordmenn miste livet i denne tenesta.<sup>12</sup>

Jurist og samfunnsforskar Asbjørn Eide gav i 1966 ut ei bok om FN's fredsbevarande operasjonar. Han skriv der om Suezkrisa hausten 1956. Angriparane Storbritannia og Frankrike la i Sikkerhetsrådet ned veto mot ein resolusjon om våpenkvile og forbod mot maktbruk. Men saka vart då av USA overført til Hovedforsamlinga som vedtok resolusjonen. Den canadiske statsministeren Lester Pearson fremma so og fekk samrøystes vedteke ein resolusjon om oppretting og bruk av FN-styrker, som ein buffer mellom partane. Punkt 5 i resolusjonen var at Egypts suverenitet skulle respekterast.<sup>13</sup> Dette betydde at prinsippet om at alt som FN-styrkene foretok seg måtte ha samtykke frå dei impliserte partane vart innført.<sup>14</sup> Som vi vil sjå var dette også tilfelle med UNIFIL-styrken. Israel godtok, etter sterkt press frå USA, og etter ynskje frå SLA at styrken vart sendt til området.<sup>15</sup>

---

<sup>11</sup> Asbjørn Eide: *FNs fredsbevarande operasjoner*, Oslo; Pax forlag, 1966:45

<sup>12</sup> <https://itjenestefornorge.no/operasjoner/un-emergency-force-unef-i>

<sup>13</sup> Eide 1966: 69

<sup>14</sup> Eide 1966: 76

<sup>15</sup> Hilde Henriksen Waage: *Konflikt og stormaktspolitikk i Midt-Østen*, Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2013: 233

Eide diskuterer også bakgrunnen for krisa i Libanon i 1958 og FN-oppgdraget der. Han konkluderer med at det er to aktuelle hovedspørsmål: For det fyste korleis FN skal hindre at stormaktene blandar seg inn i uroligheter og borgarkrigar. Ei slik innblanding kan lett føre til at også den andre stormakta blandar seg inn, og alt dette kan gå utover den sivile befolkningen. For det andre ser han på kva rolle FN kan spele i slike situasjoner. Han meiner FN må sjølv gripe inn for å få partane til å dempe motsetningane sine, og avstå frå å få hjelp utanfrå. Han seier at med hensyn til Libanon i 1958 lykttest FN svært godt med dette.<sup>16</sup>

Christine Due Ose påviser i si masteroppgåve om den norske deltakinga i FN's fyrste fredsbevarande styrke i Sinai i 1956, at Noreg ser på seg sjølv som ein fredsnasjon.<sup>17</sup> Ho viser mellom anna til Knut Einar Eriksen og Helge Pharo, baa professorar i historie, som i bindet om åra 1949-56 i bokserien *Norsk utenrikspolitisk historie* seier at det var ein utbredt oppfatning i norsk opinion at Noreg kunne oppnå mykje ved å være ein pådrivar for fred og rettferd i verda. Noreg var raske med å stille styrker til UNEF-oppgdraget, det same ved seinare kriser å signalisere interesse for å delta viss FN ville sende styrker. Ose viser til eit referat frå eit møte i Den utvidete utenriks- og konstitusjonskomiteen 2.februar 1965 der Bernt Ingvaldsen frå Høgre blir sitert på at han synest norske beslutningstakere reint automatisk og følelsesmessig deltok i fredsbevarende styrker. Sjølv var han vorte meir skeptisk, men han var ganske åleine om det synet. Komiteen elles meinte at Noreg burde stille opp når FN ba om det.<sup>18</sup>

Libanon var i 1958 truga av borgerkrig, og president Camille Chamoun hevda at opposisjonen fekk våpen frå Syria. Etter forespørsel frå Chamoun oppretta FN's sikkerhetsråd difor 12.juni 1958 UN Observation Group in Lebanon (UNOGIL) under leiing av den norske generalen Odd Bull. Oppdraget var å sikre at det ikkje foregikk ulovleg infiltrasjon av personell, våpen eller anna materiell over den libanesiske grensa. Dei skulle berre observere og rapportere, og hadde ikkje politifunksjon.<sup>19</sup> UNOGILs arbeid vart avslutta 10.desember 1958, og blir rekna som vellykka.<sup>20</sup>

General Odd Bull gav i 1973 ut boka *På post i Midt-Østen* om sine oppdrag for FN, både i UNTSO og i UNEF.

---

<sup>16</sup> Eide 1966: 84

<sup>17</sup> Christine Due Ose, *Med sykkel til Sinai. Norges deltakelse i FN's første fredsbevarende styrke –fredsidealisme eller egeninteresse?*, masteroppgåve i ved Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2010

<sup>18</sup> Ose 2010: 97

<sup>19</sup> Odd Bull, *På post i Midt-Østen*, Gyldendal Norsk Forlag, 1973: 14

<sup>20</sup> Bull 1973: 37

Seinare har Noreg stilt opp i mange FN-opdrag, oftast med observatører, som i Kashmir, Angola, Kongo, det tidlegare Jugoslavia.<sup>21</sup> Siste dømet er i Libya der Noreg stilte med kampfly. I seinare tid har Noreg også delteke i NATO-opdrag, i eks-Jugoslavia, i Irak og i Afghanistan.

## ***Litteratur om norske soldatar i internasjonale oppdrag***

### **Tidlegare oppgåver om emnet**

Det er skrive ein del masteroppgåver om norske soldatar i internasjonale oppdrag. Det kan vera tenleg å fyrst sjå på dei som omhandlar heilt eller delvis Libanon og UNIFIL.

Sosiolog Elin Gustavsen, forskar ved Institutt for forsvarsstudier har laga ei oversikt over ein del norske veteranstudier. Her har også ho med studentoppgåver. Dei fleste er psykologiske studier, som til dømes om post-traumatisk stress, og om mestring av krevande operativ teneste.<sup>22</sup>

Eitt døme her er Marthe Espolin Sletmo si masteroppgåve ved UiO i 2010 om: «Norske veteraner frå FN-og NATO-operasjonar».<sup>23</sup> Ho bygger særleg på UNIFIL-undersøkelsen Forsvarets sanitet gjorde i 1993 om positive og negative følger av teneste i UNIFIL kontingentane 1-24. Forsvaret har gjort ei ny slik undersøkelse i 2014. For mi oppgåve er det relevant at Sletmo i oppgåva si bygger på professor Torunn Laugen Haaland sin teori om rolleoppfatning i det norske forsvaret. Haaland seier det er fire måtar å oppfatte rolla si på: som kriger, som borger i uniform, som statstilsett, og som leigesoldat.

Haaland skriv i 2008 om dette i si doktorsgradsoppgåve om sjølvforståinga til norske offiserer.<sup>24</sup> Hennar hovedinntrykk er at dei som var ute i FN-teneste fram 1990-talet såg på seg som praktiske problemløysarar. Dei kjørte ambulanse, dreiv feltsjukehus og utførte liknande oppgåver som sivile kunne gjort i fredstid. Eit skille kjem med Bosnia-opdraget 1997 og Kosovo i 1999. Her var det krig og krigerrolla var viktigast, sjølv om situasjonen på bakken var ganske fredeleg.

Amanuensis Nina Græger, seniorforskar ved NUPI er inne på det same i ein artikkel om offisersprofesjon i endring. Ho drøftar der korleis eit forslag om å innføre eit skille mellom yrkesbefal og avdelingsbefal vart teke imot. Avdelingsbefal skulle ikkje kunne avansere til høgre stillingar og

---

<sup>21</sup> Forsvarets Forum, bilag 1995: 2 og 3

<sup>22</sup> [http://ifs.forsvaret.no/forskning/siv-mil/Sider/siv-mil\\_veteranliste.aspx](http://ifs.forsvaret.no/forskning/siv-mil/Sider/siv-mil_veteranliste.aspx)

<sup>23</sup> Marthe Espolin Sletmo, "Norske veteraner fra FN- og NATO-operasjonar" masteroppgåve i historie ved Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2010.

<sup>24</sup> Torunn Laugen Haaland: "Small Forces with a Global Outreach. Role Perceptions in the Norwegian Armed Forces after the Cold War", doktorgradsoppgåve ved Universitetet i Oslo, 2008

kunne tenestegjera berre fram til fylte 35 år.<sup>25</sup> Framlegget møtte stor motstand og Græger knyttar det til offiserane si rolleoppfatning. Ho viser også til dekorasjonssystemet i forsvaret. Ho finn der at erfaring frå internasjonal teneste gir status innad i forsvaret og i offisersprofesjonen. Og hennar poeng er at profesjonalismen frå internasjonal teneste ikkje ikkje berre var knytta til stridsevne, men også til evna til å opptre omsorgsfullt, lojalt og upartisk i høve til partane i ein fredsstøttande operasjon.<sup>26</sup> I mi oppgåve vil eg kunne sjå på kva av desse aspekta forsvaret la mest vekt på i sin informasjon til soldatane.

Sett i høve til UNIFIL-styrken kan desse to oppgåvene vera ein viktig observasjon. Var UNIFIL-oppgdraget vellykka sjølv om dei ikkje lykkast med å oppfylle FN-mandatet ? Det synest som mange norske offiserar og soldatar meiner at det var vellykka. Kan det bety at dei såg rolla si meir som borgar i uniform enn som krigar ?

Jostein Peter Eikrem har i 2011 skrive ei masteroppgåve i historie om norsk bistand til palestinske flyktingar 1967-1993.<sup>27</sup> Han viser der at mykje av norsk bistand til FN's hjelpeorganisasjon *United Nations Relief and Works Agency for Palestine Refugees in the Near East* (UNRWA) var kopla til UNIFIL-styrken. Dette var særleg tilfelle for den auken i bistand som skjedde etter Israels invasjon i 1982. Den viser at norsk opinion og politikerar vart direkte påverka av hendingar og situasjonen i UNIFIL sine områder. Det same vil eg nemne i mi oppgåve, at norsk opinion endra seg i synet på Israel og palestinske flyktingar.

Morten Kilde leverte i 2012 si masteroppgåve om kultur og identitet blant kampsoldatane i Task Uniten i Afghanistan.<sup>28</sup> Han ser der på korleis soldatane i den norske kampstyrken som i 2009 opererte i Faryab-provinsen i Afghanistan oppfatta sin rolle og sin identitet. Han fann at identiteten var knytta til stridskontakt. Manglande stridskontakt kan koplast til manglande sjølvrealisering, og i neste omgang til skamfølelse. Vil erfaringa til UNIFIL-soldatane i Libanon vise den same tendensen ?

Oberstløytnant Toralf Nordbø har skrive ein artikkel om norske militære i fredsoperasjonar.<sup>29</sup> Han analyserer kor vellykka oppdraga har vore ut frå mandata, men også ut frå alternativet: at FN ikkje sendte fredsbevarande styrker. Nordbø som har militær bakgrunn vurderer her mest dei militære

---

<sup>25</sup> Nina Græger: «Offisersprofesjon i endring: 20 år med internasjonalisering. Tidsskriftet Sosiologi i dag. Nr.1/2011: 88

<sup>26</sup> Græger: 94

<sup>27</sup> Jostein Peter Eikrem, «Ein ubetydeleg bidragsytar. Norsk bistand til palestinske flyktingar 1967-1993». Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2011.

<sup>28</sup> Morten Kilde, «Kultur og identitet blant kampsoldatane i Task Uniten». Mastergradsoppgåve i Konflikt, sikkerhet og flerkulturell forståelse, Universitetet i Tromsø, Institutt for arkeologi og sosialantropologi, 2012.

<sup>29</sup> Toralf Nordbø, "Norske militære i fredsoperasjonar" ved Institutt for forsvarsstudier, publisert i Forsvarsstudier 7/1992

sidene ved FN-operasjonane. Han seier at det er viktig at b e partar oppfattar FN-styrkene som upartiske. Dei m  vakte seg for   bli part i konfliktene sj lve, og det er viktig korleis dei behandlar destruktive og kriminelle element som opererer i dei same omr da. Han har ogs  eit kapitel om «Innen-og utenrikspolitiske forhold ved norsk deltakelse i internasjonale fredsoperasjonar». Her seier han: «Den norske tilstedev relsen i Libanon siden 1978 – hittil over 14  r – har utvilsomt ogs  medf rt en vesentlig p virkning av norsk kultur i dette omr det».<sup>30</sup> Han nemner som eksempel at mange libaneserar har l rt seg norsk, har teke utdanning i Noreg, og at mange ekteskap er inng tt mellom libaneserar og nordmenn. Dette peikar han p  at tek oss inn i eit kultur-etisk grenseland. «Deltagelse i internasjonale milit re fredsoperasjonar gir oss ikke samtidig rett til   drive kultur-imperialisme».<sup>31</sup> Men han nemner ogs  at kulturell utveksling kan medf re positiv verdi.

Magister Gunnar Fermann har skrivt ein artikkel med tittel «Internasjonal fredsbevaring 1956-1990, Sammenliknende unders kelse».<sup>32</sup> Her tek Fermann for seg i alt elleve fredsbevarende operasjonar i tida 1956-1990, deriblant ogs  UNEF I og UNEF II i Sinai, og UNIFIL i S r-Libanon. Han dr ftar sj lve omgrepet fredsbevaring. Ut fr  erfaringane med dei tidlegare operasjonane meiner han at fredsbevarande operasjonar er typisk improvisert og ad-hoc-prega.<sup>33</sup> Den sentrale oppg va, eller minste felles multiplum er   «ivareta lov og orden blant en sivilbefolkning der statsmaktens autoritet har brutt saman, eller   overv ke en v penhvile mellom bev pnede parter».<sup>34</sup> Til det siste bruker ein helst observat rer.

## B ker

Midt- sten har vore emne for mange b ker, b de reint historiske og meir politisk prega.

Boka * st, vest, nord og s r. Hovedlinjer i internasjonal politikk 1945-1995* av historikar Geir Lundestad kom i 1996.<sup>35</sup> Det er ei analyserande bok, som tittelen seier. Her er Lundestad fleire gonger innom Suezkrisa 1956, og han skriv ogs  om Libanon fr  borgerkrigen starta i 1975 til USA trekte ut sine styrker i 1984.

Boka *Konflikt og stormaktspolitikk i Midt sten*, med Hilde Henriksen Waage som forfattar har eit kapittel om Libanon. Ho dr ftar ogs  Suezkrisa i 1956 og om korleis FN i all hast gjer vedtak om

---

<sup>30</sup> Nordb : 57

<sup>31</sup> Nordb : 57

<sup>32</sup> Gunnar Fermann, "Internasjonal fredsbevaring 1956-1990. En sammenliknende unders kelse" ved Institutt for forsvarsstudier, publisert i Forsvarsstudier 5/1992

<sup>33</sup> Fermann: 14

<sup>34</sup> Fermann: 18

<sup>35</sup> Geir Lundestad, * st, vest, nord og s rovedlinjer i internasjonal politikk 1945-1995*, Oslo: Universitetsforlaget, 1996

å opprette ei fredsbevarande styrke, *United Nations Emergency Force (UNEF)*.<sup>36</sup> Dermed er det innført ein praksis som UNIFIL blir ein del av.

Nils A. Butenschøn gav i 2008 ut boka; *Midt-østen, Imperiefall, statsutvikling, kriger*.<sup>37</sup> Boka omhandlar mellom anna Syria og Libanon frå 1920 til 1946. Han forklarar her om nasjonalpakta frå 1943. Særpreget for Libanon er inndelinga av innbyggjarane i 17 offisielt anerkjente sekter. Limet i staten er den uformelle kontakta mellom dei viktigaste av desse gruppene, og staten var stabil berre so lenge alle følgte dei uformelle spelereglane. Systemet braut saman fyrste gong i 1958.<sup>38</sup>

Odd Karsten Tveit, skriv i boka *Nederlag. Israels krig i Libanon* om den israelske invasjonen i Libanon 14.mars 1978. Invasjonen var bakgrunn/årsak til at FN sendte inn tropper under namnet UNIFIL. Han skriv også om den israelske invasjonen 6.juni 1982 som endte med okkupasjonen av vest-Beirut i september same år. Dette er ei reportasjebok, men den har i tillegg ein del bakgrunnsstoff, mellom anna i kapitlet «Drømmen om Libanon», om Israelsk politikk i høve til Libanon heilt frå 1951, ein politikk som særleg gikk ut på å støtte falangistane i Libanon. Falangistpartiet var starta av Pierre Gemayel i 1936 og var sterkt påverka av dei fascistiske partia i Europa på den tida. Målet var eit kristent, maronittstyrt Libanon, med pro-vestleg utanrikspolitikk.<sup>39</sup> Israels fyrste statsminister, David Ben-Gurion sa alt i 1948 at ein kristen stat burde opprettas, med sørlege grenser langs Litani-elva.<sup>40</sup> Han såg for seg eit samarbeid mellom den jødiske staten Israel og ein kristen stat Libanon, som eit motvekt med dei arabiske og muslimske nabostatane elles i området.

Tveit kom i 2010 med ei ny bok med tittel *Libanon farvel. Israels første nederlag*.<sup>41</sup> Han fortel her med kva som skjedde etter den israelske invasjonen i 1982. Fyrst om skiftande allianser både internt i Libanon og mellom stormaktene og nabostatane. Deretter mellom anna om slutten på borgerkrigen i 1991, om Hezbollahs vekst og kontakt med UNIFIL, og til slutt om at Israel trekker seg ut i mai 2000. Kontakten med UNIFIL er interessant i høve til mi oppgåve.

---

<sup>36</sup> Waage 2013: 207

<sup>37</sup> Nils A. Butenschøn, *Midt-østen. Imperiefall, statsutvikling, kriger*. Oslo: Universitetsforlaget, 2.opplag 2009

<sup>38</sup> Butenschøn 2009: 275

<sup>39</sup> Waage 2013: 226-227

<sup>40</sup> Tveit 1985: 44

<sup>41</sup> Odd Karsten Tveit: *Libanon farvel. Israels første nederlag*, Oslo: Aschehoug, 2010



## *Kjelder om UNIFIL*

### **Forsvarets brosjyrer til FN-personellet**

I oppgåva vil eg også analysere informasjonsmaterialet Forsvaret har brukt til FN-personell.

Forsvarets overkommando (FO) gav i 1973 ut brosjyra «De norske FN-beredskapsstyrker».<sup>42</sup> Her blir forsvarsminister Alv Jakob Fostervoll sitert på at Stortinget har samsrøystes vedteke at Noreg i samarbeid med dei andre nordiske landa skal seta opp beredskapsstyrker som kan bli stilt til disposisjon for FN for fredsbevarande operasjonar. Det blir vist til at det var FN's generalsekretær Dag Hammarskjöld som i 1959 oppmoda medlemslanda om å vurdere om dei kunne opprette nasjonale beredskapsstyrker øyremerka for FN-teneste. Oppmodinga vart drøfta på skandinavisk forsvarsministernivå i 1960, og ei arbeidsgruppe med representantar frå Danmark, Sverige og Noreg vart sett ned. I 1963 kom også Finland med i samarbeidet. Det Norske Stortinget gjorde vedtak i 1968 og same år kunne dei nordiske FN-ambassadørane melde frå til FN's generalsekretær at dei nordiske beredskapsstyrkene var klare til innsats. Styrkene var organisert på nasjonal basis. I 1973 besto styrkene av 970 danske, 1270 finske, 1630 svenske og 1290 norske mann.

Soldatar blir i brosjyra oppfordra om å søke om å delta i styrken. Organiseringa og opplæringa av den norske styrken vart forvalta av Distriktskommando Østlandet. Dei overlot den praktiske jobben til Akershus Forsvarsdistrikt/Jegerkorpset –Akershus infanteriregiment nr.4 (forkorta FDI 4/IR 4) på Onsrud leir i Oslo.

I 1978, etter Israels invasjon i Libanon, gir Forsvarets overkommando ut ei omarbeidd brosjyre med same tittel «De norske FN-beredskapsstyrker».<sup>43</sup> Etter ei generell innleiing som i førre brosjyra, går denne inn på situasjonen i Libanon og opprettinga av UNIFIL. Den forklarar det tredelte oppdraget frå FN og orienterer om korleis den norske styrken er sett opp.

I 1979 kjem ei ny brosjyre «Vel møtt», underteikna av oberst Z. Backer, sjef NORBATT, og av oberst O.J.Hald, sjef FDI 4/IR 4.<sup>44</sup> Denne brosjyra er meint til soldatane som har søkt og fått teneste og møter opp til opplæringa i Noreg. Her blir for fyrste gong tenesta i Libanon omtala.

I 1980 gir Forsvarets Overkommando/FN-kontoret ut ei ny brosjyre «Orientering om Libanon».<sup>45</sup>

---

<sup>42</sup> Forsvarets Overkommando, *De norske FN-beredskapsstyrker*, Oslo: 1973

<sup>43</sup> Forsvarets Overkommando, *De norske FN-beredskapsstyrker*, Oslo: 1978

<sup>44</sup> FDI4/IR4, *Vel møtt*, Oslo: 1979

<sup>45</sup> FO/FN-kontoret, *Orientering om Libanon*, Oslo: 1980

## **Litani**

*Litani* var eit tidsskrift som kom ut kvar månad, i regi av UNIFIL. I tillegg til meir offisielt stoff frå Force Commander er det også reportasjer frå dei ulike nasjonale kontingenane eller avdelingane, som Ghanbatt og Irishbatt, og då også frå dei norske avdelingane Norbatt og Normaintcoy. Eg har sett på utgåvene frå sjette kontingent, hausten 1980 til vår 1981.

## **Blue Beret**

Eg vil særleg bruke den norske leiravisa *Blue Beret* som kjelde. Denne kom ut kvar månad under heile det norske oppdraget, og var tenkt mest til intern bruk. Her vil eg sjå på alle utgåvene i dei 20 åra Noreg hadde soldatar i UNIFIL. For dei norske soldatane i UNIFIL var dette hovedkjelda og oftast den einaste kjelda til informasjon. Den refererer vanlegvis direkte frå hendingar og soleis ei primærkjelde. Fyrste tida vart den laga laga av presseoffiser i Den norske bataljonen (NORBATT), militært kalla Presse- og informasjonsoffiser (PIO). I mars-79 blir avisa kalla provisorisk leiravis for NORBATT III. I same nummer blir det norske systemet med profesjonelle sivile journalistar som er reserveoffiserer forklart, i motsetning til det nederlandske som bruker vanlege offiserer. Frå og med kontingent 23 er det PIO ved Den samla norske kontingenten (NORCONTICO) som har redaktøransvaret. At det er profesjonelle journalistar bør bety at det ligg ein tanke bak den informasjonen som blir gitt.

Frå og med kontingent 1 kjem det ut (maksimum) 6 nummer i kvar kontingent, altså eitt nummer kvar månad ettersom kontingenane var på seks månader. Frå og med kontingent 19 er det også eit nummer som blir kalla minnebok. Den er skreve i ettertid, og det meste av boka er bilete av alle dei norske som deltok i kontingenten. Frå kontingentane 27-41 er det berre minnebok, saman med ein hendelseskalendar. Norsk Veterannettverk har samla dei aller fleste utgivelserne (dei manglar nokre nummer) og digitaliert dei. I alt i dei 41 kontingentane har dei samla 124 utgivelser/nummer, av desse 110 frå dei 26 fyrste kontingentane.

Blue Beret fekk nummert frå 1 til 6 i kvar kontingent ho kom ut i. Kontingentane var frå starten av seks månader frå april til september og frå oktober til mars, frå kontingent 4 vart det forskyve til om lag 1 månad seinare. Nummeringa av enkeltutgåver varierer litt, men følger vanlegvis kalendermånad. Når eg viser til enkelte nummer vil eg vise til nummer/kontingent/måned, og med BB(for Blue Beret), som til dømes BB 5/3/mai79 som betyr Blue Beret nr.5 i kontingent nr.

3, og kom ut i mai 1979. Når månad ikkje er oppgitt bruker eg kalenderåret. Iblant bruker eg berre mndÅr, som (aug87).

Mykje av stoffet i avisa er reint internt for soldatane, som idrettskonkurranser, medaljeseremonier, utbygging av leiområde, klage på sein postgang til og frå Noreg, julefeiring, omtale av enkeltsoldatar med meir. Fyrste tida var også lønnsforhandlingar eit mykje omtala tema, det var lenge usemje om kor mykje utanlands- og risikotillegga skulle vera, likeeins forsikring ved skader.

Som sagt var Blue Beret ofte den einaste kjelda til informasjon. Fjernsyn og internett fantest ikkje dei fyrste åra. Radio frå Norge kunne ein nå ved kortbølga, men dette var ikkje vanleg. Norske aviser kom iblant. Beirut-aviser og magasin fanst, men dei var på fransk og arabisk som dei fleste ikkje las.

## **Bøker som primærkjelder**

Tidlegare FN-soldatar har skrive bøker om sine erfaringar i Libanon. Desse bruker eg som kjelder i oppgåva.

Marius Gisvold som var soldat i fyrste kontingent i 1978 har skrive boka *Møte med Libanon*.<sup>46</sup> Han skriv om korleis han opplevde å møte dei ulike partane. Fyrst om flyturen til Israel og møte med israelske soldatar, deretter transporten inn i Libanon over grensestasjonen Metulla. Etter kvart møter nordmennene partane i Libanon. I tillegg til at boka er reint beskrivande er den også analyserande i ettertankens tid, om gode og dårlege val styrka gjorde. Boka kom ut alt i 1979, altså kort tid etter Gisvold teneste. Den er dermed ikkje påverka av seinare hendingar og vurderingar.

Ei anna bok i same sjanger er skriven av Erland Larsen med tittel *Libanon*.<sup>47</sup> Larsen var presse- og informasjonsoffiser i kontingentane 32 og 33 i 1993-94. Denne boka har den historiske bakgrunn, men hovedvekta er på tida etter frå 1920. Han har grundig omtale av mange av hendingane frå borgerkrigen starta i 1975 og om tida UNIFIL var i Libanon. Han forklarar hendingane både utfrå Libanon som samfunn, og ut frå hensiktene til dei ulike partane. Han legg til dømes stor vekt på Israel sitt behov for vatn som motivet bak mange av aksjonane Israel foretek seg. Boka har også ei oversikt over norske falne, samt liste over utdelte Forsvarets medalje for edel dåd.<sup>48</sup> Dette synest vera ei av det beste bøkene å bruke som oppslagsverk om konflikta i Libanon.

---

<sup>46</sup> Marius Gisvold, *Møte med Libanon. En norsk FN-soldats beretning*, Oslo: Gyldendal, 1979

<sup>47</sup> Larsen 2008

<sup>48</sup> Larsen 2008: 229-231

Boka *I kamp for fred. UNIFIL i Libanon – Norge i UNIFIL 1978-1998*, av Wegger Strømmen og Dag Leraand kom i 2005.<sup>49</sup> Boka er gitt ut på oppdrag av og med støtte frå Forsvarets kompetansesenter for internasjonal virksomhet (FOKIV). Denne boka er den mest omfattande om norsk UNIFIL-deltaking. Særleg kapittlet om dagleglivet gir mange opplysningar som kan vera relevante i høve til problemstillinga i oppgåva.

## **Intervju**

Eg har gjennomført to korte intervju/samtaler med to tidlegare menige FN-soldatar. Dette kan også kan også kaste lys over problemstillinga. Den eine er gjort pr. brev/e-post, og den andre ved direkte samtale. Dei var soldatar i 1982 og 1985 og feilkjeldene her kan nok vera store, so mange år etterpå.

I tillegg har eg hatt eit telefonintervju med major Sven-Erik Grieg- Smith som tenestegjorde som offiser i NORBATT i kontingent 2 og 3.

---

<sup>49</sup> Wegger Strømmen og Dag Leraand, *I kamp for fred. UNIFIL i Libanon-Norge i UNIFIL 1978-1998*, Oslo: Gazette bok as, 2005

## Kapittel 2. Historisk oversikt

### *Kort historikk om området*

Områdenemninga Midt-Austen er fyrste gong brukt i skrift i 1902 av ein amerikansk sjøoffiser Alfred Mahan. Eldre namn på området er Levanten, og Asia Minor (Lilleasia). I dag blir uttrykket Midt-Austen brukt om dei arabiske landa frå Egypt i vest, Saudi-Arabia og Yemen i sør, og Irak i aust, i blant også om Iran og Tyrkia.

I dette området oppsto dei tre abrahamittiske religionane jødedom, kristendom og islam. Området har både vore eit senter for utvikling, og ein møte- og gjennomfartsstad for påvirkning utanfrå. Dette har ført til kulturpåvirkning, men også konflikter. Nyare døme er den tyrkisk-osmanske erobring av mamelukksultanatet i Egypt på 1500-talet, og europeiske framstøt frå seint 1700-tal som til slutt førte til oppdeling av det osmanske riket i 1921 i europeiske mandat-områder. Libanon og Syria kom under fransk styre medan Palestina, Transjordan og Irak kom under britisk styre. Desse landa, utanom Palestina, fekk delvis sjølvstende utover i 1930- og 1940-åra. Dei var prega av ustabile styresett, militærkupp og borgarkriger, og kom i krig med naboland skilt med delvis kunstige grenser. Til dømes godtok ikkje Syria at Libanon skulle vera ein eigen stat, og likeeins godtok ikkje Irak at Kuwait skulle vera ein eigen stat.

Opprettinga av staten Israel i store delar av Palestina i 1948 gav nye krigar, mellom Israel og dei arabiske landa som no sto meir samla. Konflikter oppsto, som ein konsekvens av dette, til dømes Suezkrisa i 1956, Seksdagerskrigen i 1967, og i 1973 i Yom Kippur-krigen.

### **Libanon**

Staten Libanon har i tillegg til konfliktene nemnt over hatt sine egne konflikter, med borgarkrig frå 1975 til 1990, og delvis i 2008, samt israelske invasjonar i 1978, -1982 og i 2006.

Libanon har som dei fleste landa i området ei historie med mykje påvirkning utanfrå. Sentralt står den fønikiske arven, frå handelsfolket som alt på 2500-talet f.Kr. hadde handelskoloniar i det austlege og sørlege Middelhav. Byane Tyr/Tyros, Saida/Sidon og Byblos har historie frå denne tida.<sup>50</sup> Sedertre frå Libanon var ei kjent handelsvare og prydar det libanesiske flagget i dag. Det fønikiske alfabetet med 22 konsonantar var ei forbetring av dei gamle egyptiske hieroglyfane og den sumeriske kileskrifta.<sup>51</sup> Fønikerane låg ofte i konflikt med jødane, kjent gjennom historia om David og Goliat frå om lag år 1000 f.Kr. Aleksander den store erobra området i 333-332 f.Kr. og innførte den

---

<sup>50</sup> Larsen 2008: 12

<sup>51</sup> Larsen 2008: 13

hellenistiske kulturen. Seinare, rundt år 30 f.Kr kom den romerske erobringa og etter delinga i 395 e.Kr. kom dette området under det Aust-romerske, seinare Bysantiske riket.

Kristendommen slo tidleg rot i Sør-Libanon.<sup>52</sup> Området ligg rett nord for Galilea der Jesus vaks opp og virka, og til dømes det bibelske bryllupet i Kana meiner mange foregikk i dagens Qana. Jomfru Maria skal etter tradisjonen ha vore med Jesus til landsbyen Maghdouche, som eg kjem attende til.

Seinare kom Islam, og dagens Libanon vart erobra i åra 635 og 636. Mange omvendte seg til Islam, og det vart også innflytting av byråkratar og beduinar. Muslimane overtok den beste landbruksjorda og mange kristne flytta opp i fjella. Islam delte seg etter kvart i fleire retningar og i dagens Libanon har både dei to hovudretningane sunni og sjia sine tilhengjarar. Drusarane er ein eige retning, som kjem frå sjiaislam og oppsto på 1000-talet. Dei meiner at fatimidekalifen al-Hakim (985/996-1021) var den siste iman. Dei er ein hemmeleg religion, der berre 10% av medlemmene blir rekna som innvidde.<sup>53</sup>

Korsfarartida prega Libanon, der kystbyane tidleg vart erobra, Tripoli i 1097, og Byblos, Beirut, Saida og Tyr rett etter. Kontrollen over området skifta, særleg under sultan Saladin då muslimane erobra fleire byar, som Beirut i 1174-1180. Korsfararane tapte etter kvart dei fleste områda sine, og til slutt Beirut, og Acre/Akko ved dagens Haifa i nord-Israel, i 1291.

Det muslimske kalifatet i Bagdad forvittra og i 1250 oppsto Mamelukk-sultanatet i Egypt.<sup>54</sup> Dei overtok snart kontrollen i området som då vart kalla Syria, som tilsvarar omtrent dagens Syria, Libanon, Israel/Palestina og Jordan.<sup>55</sup>

Neste erobrar var det osmanske riket som erobra området i 1516-1517, frå dei egyptiske mamelukkane.<sup>56</sup> Dei delte sitt område Syria opp i fire provinsar: Aleppo, Damaskus, Tripoli og Saida. Provinsane hadde stort sjølvstyre.<sup>57</sup> Det osmanske riket kan synest å vera føydalt, men likevel ikkje heilt på den europeiske måten. Sultanen i Konstantinopel gav jord som privilegier til lokale stormenn eller soldatar som hadde utmerka seg. Jorda var ikkje arveleg og kunne bli inndratt. Bøndene i området vart heller ikkje bunde til jorda dei leigde av stormannen, motsett av slik det oftast enda i Europa. Men det vart eit sterkt patron-klient forhold mellom stormannen og bøndene av di dei var avhengige av han for beskyttelse og kontakt med sultanens byråkrati. Dette liknar meir på det skotske

---

<sup>52</sup> Larsen 2008: 15

<sup>53</sup> Eugene Rogan, *The Arabs. A history*, London: Penguin Books, 2011: 40

<sup>54</sup> Rogan 2011: 15

<sup>55</sup> Butenschøn 2009: 83

<sup>56</sup> Rogan 2011: 8 +19

<sup>57</sup> Waage 2013: 213

klan-systemet der familieoverhovudet ikkje eigde bøndene, men likevel styrte alt livet dei levde i. Dette har delvis halde fram til vår tid. Eit kjent eksempel frå nyare tid på dette er den palestinske Hussaini-familien som har vore leiande i Jerusalem. Også Libanon er prega av dette klan/familie-systemet.

Frå seint på 1700-talet starta europeiske framstøyt mot det osmanske riket. Frankrike hadde etter Napoleons sitt felttog til Egypt i 1799 fatta interesse for dette området. Etter at Egypt trekte seg ut av Syria i 1840 oppfatta Frankrike seg som beskyttar av dei kristne i området, særleg av dei maronittiske kristne i Libanon. Maronittane var ei kristen sekt grunnlagt av presten Maron på 300-talet. Dei kom i konflikt med andre kristne grupper, og søkte difor i korsfarartida hjelp frå kristne frå vest. Dei anerkjente paven som øverste leiar og er difor del av det romersk-katolske felleskapet.<sup>58</sup> Etter ein drusisk massakre av maronittar i 1860 prøvde Frankrike å seta inn ei militær styrke på 6.000 mann til hjelp, men måtte la det osmanske riket overta kontrollen.<sup>59</sup> Men Frankrike tok initiativ til ei internasjonal konferanse i Beirut i 1860. Resultatet i 1861 var at det vart oppretta ein sjølvstyrt kristen provins i Libanon-fjella, styrt av ein katolsk osmansk guvernør. Samtidig vart det etablert eit rådgjevande organ samansett av fire maronittar, tre duserar, to gresk-ortodokse, ein gresk-katolsk, ein sunni og ein sjia. Dei kristne hadde dermed eit fleirtal på sju av tolv.<sup>60</sup>

Det osmanske riket oppretta økonomiske kontakter med Tyskland, mellom anna vart jernbanen frå Berlin til Bagdad bygd. Dette førte til at dei i 1.verdskrig havna på tysk/austerrisk side, og fekk altså Storbritannia, Frankrike og Russland som fiendar. Storbritannia støtta difor eit arabisk opprør der den kjente Lawrence of Arabia tok del. Midt under fyrste verdskrigen, i 1916, inngikk Frankrike og Storbritannia Sykes-Picot-avtala om korleis dei skulle dele araberverda mellom seg.<sup>61</sup>

I 1921, etter verdskrigen blei restane av det osmanske riket europeiske mandatområde under det nyetablerte Folkeforbundet.<sup>62</sup> Libanon og Syria kom under fransk styre medan Palestina, Transjordan og Irak kom under britisk styre. Desse landa, utanom Palestina, fekk delvis sjølvstende utover i 1930- og 1940-åra. Dei var prega av usatbile styresett, militærkupp og borgarkrigar, og delvis kunstige grenser. Mandata var sjølv sagt uttrykk for europeiske koloniinteresser, men formelt var oppgåva å arbeide fram mot sjølvstyre for områda. I Frankrike sitt mandat låg det at Libanon skulle skillast ut frå Syria og utviklas til ein sjølvstendig stat. Det var opp til Frankrike å fastseta grensene.<sup>63</sup>

---

<sup>58</sup> Larsen 2008: 17

<sup>59</sup> Rogan 2011: 265

<sup>60</sup> Waage 2013: 215

<sup>61</sup> Larsen 2008: 30

<sup>62</sup> Bull 1973: 102

<sup>63</sup> Butenschøn, 2009: 159

## Sionismen og staten Israel

Sionismen oppsto sist på 1800-talet som tanken om at også den jødiske nasjon burde få sin egen stat. Bakgrunnen/årsaken var ideen om nasjonalisme som vaks fram i Europa på 1800-talet. I tillegg fekk vi i siste halvdel av 1800-talet pogromar/jødeforfølgingar i Aust-Europa, særleg i Russland. Theodor Herzl ga i 1896 ut boka *Der Judenstaat* og meinte at denne staten burde ligge i området til det historiske Israel, det vil seie området jødane hadde vorte kasta ut frå i år 135 e.Kr. Grensene til denne staten var han ikkje so presis om. Etter å lufta tanken om både Kypros og Sinai, ende han opp med at staten burde ligge i Palestina. Palestina var då ein del av det osmanske riket, som i 1888 hadde reorganisert området i distrikta Nablus og Acre, som bae låg under provinsen Beirut, samt det autonome Jerusalem. Herzl meinte at den nye staten måtte sikrast tilgang til vasskjeldene i Libanon.<sup>64</sup>

Det arabiske delen av det osmanske riket vart i 1921 delt opp i britiske og franske mandatområde. Alt i 1918 foreslo briten, den seinare høgkommisær for Palestina, Lord Herbert Samuel at grensa mellom dei skulle gå ved Litani-elva, og over landsbyen Rashayya. Men Frankrike avviste dette då.<sup>65</sup> På fredskonferansa i Versailles i 1919 kom Det Sionistiske Verdsforbundet med krav om at grensa til Palestina i nord skulle følgje Litani-elva.<sup>66</sup> Men ei avtale mellom Frankrike og Storbritannia i 1923 fastsette grensa til å gå noko lenger sør.<sup>67</sup>

Libanon var eit gamalt namn, men grensene for ein ny stat var uklare. Skulle det berre vera det kristne kjerneområdet etter kysten frå Saida og nordover samt Libanon-fjella, der det var 80 prosent kristne, eller skulle Bekaa-dalen og områda frå Saida til Palestina, som hadde 35 prosent kristne også bli inkludert? Det siste vart resultatet, eit stor-Libanon med ei lita overvekt av kristne.<sup>68</sup> Her ligg vel også årsaken til mange av dei seinare problema i Libanon. Arabiske nasjonalistar meinte at landet naturleg hørte til Syria. Mange kristne trussamfunn ynskte også å vera del av Syria, mellom dei dei greskortodokse som hadde patriarken sin i Damaskus.<sup>69</sup>

Libanon vart i 1926 erklært som republikk under fransk overstyre. Forfatninga hadde delvis teke modell frå den franske republikken. Den hadde eit vald parlament. Parlamentet valde so ein president som hadde store fullmakter.<sup>70</sup> Under den andre.verdskrigen prøvde dette parlamentet å gjera landet sjølvstendig ved at dei 22.november 1943 gjorde vedtak om å oppheve folkeforbundsmandatet.

---

<sup>64</sup> Anders Sandvig: *Libanons tragedie*, Oslo: Universitetsforlaget, 1982: 20

<sup>65</sup> Sandvig 1982: 21

<sup>66</sup> ibid

<sup>67</sup> ibid

<sup>68</sup> Butenschøn 2009: 159

<sup>69</sup> Larsen 2008: 31

<sup>70</sup> Waage 2013: 217



Frankrike, som i Syria/Libanon sidan 1941 var styrt av det frie Frankrike under de Gaulle, godtok ikkje dette og fengsla leiarane.<sup>71</sup> Sjølv etter at Frankrike vart frigjort hausten 1944 endra ikkje landet politikk. Men etter sterkt britisk press trekte Frankrike seg ut av Libanon i desember 1946.<sup>72</sup> Libanon oppnådde dermed fullt sjølvstyre, og brukar 22.november (etter vedtaket i 1943) som nasjonaldag.

Syria har ikkje godteke at Libanon skulle vera ein eigen stat, og offisiell politikk derifrå har vore å hevde at Libanon er ein del av staten Syria. Syria har difor også meint at dei har rett til å blande seg inn i dei indre forholda i Libanon.<sup>73</sup>

Dei ulike gruppene i Libanon avtalte i 1943 ei (muntleg) nasjonalpakt som fordelte makta. Fordi ei folketelling i 1932 viste at det var 51 prosent kristne, 22 prosent sunnimuslimar og 21 prosent sjiamuslimar fekk dei kristne ei overvekt på 6/11 i nasjonalforsamlinga. Vidare skulle presidenten alltid vera kristen maronitt, statsministeren sunni og presidenten i nasjonalforsamlinga sjia.<sup>74</sup> Den muslimske andelen av befolkninga har sidan auka, og dette førte etter kvart til misnøye med at dei kristne skulle kontrollere det meste av styret i landet.

Som nemnt over var Libanon var i 1958 truga av borgerkrig, der truleg Syria forsynte opposisjonen med våpen. Årsaken til krisa var at president Chamoun førte ein svært pro-vestleg politikk. Dette var rett etter Suezkrisa i 1956, og president Nasser i Egypt var vorte populær blant mange muslimar på grunn av den nasjonale sjølvstendespolitikken han sto for.<sup>75</sup> I 1958 danna Egypt og Syria Den forente arabiske republikk. I tillegg kom eit blodig kupp i Irak 14. juli 1958 der det pro-britiske monarkiet vart styrta.<sup>76</sup> Alt dette såg president Chamoun og dei kristne i Libanon som ein trussel, og søkte hjelp frå USA som sendte 15.000 soldatar til Libanon. UN Observation Group in Lebanon (UNOGIL) var av FN oppretta 12.juni og sto i landet fram til 10. desember 1958, og klarte å roe situasjonen. Denne balansen eller konflikten mellom vestleg og arabisk ligg under mykje av konfliktene i Libanon.

Framveksten av sionistrørsla i Palestina og jødisk immigrasjon la press på det britiske mandatet i Palestina.<sup>77</sup> Britane hadde lova jødane eit heimland i Palestina, samtidig som det hadde mandat om å arbeide for arabisk sjølvstende.<sup>78</sup> Palestina med fleirtallig arabisk befolkning blei gitt til ein jødsisk minoritet, statsbygging gjennom kolonisering. I 1947 gav britane opp forsøket på å løyse

---

<sup>71</sup> Waage 2013: 219

<sup>72</sup> Butenschøn 2009: 164

<sup>73</sup> Waage 2013: 229

<sup>74</sup> Larsen 2008: 35

<sup>75</sup> Waage 2013: 221

<sup>76</sup> Waage 2013: 223

<sup>77</sup> Waage 2013: 36

<sup>78</sup> Waage 2013: 33

problemet Palestina, og gav mandatet til det nyskipa FN. FN vedtok å dele Palestina i ein jødisk og ein arabisk stat.<sup>79</sup> Opprettinga av staten Israel i store delar av området Palestina gav nye krigar, mellom Israel og dei arabiske landa som no sto samla. I etterkant av 1948 oppsto nye konflikter som ein direkte eller indirekte konsekvens av denne krigen, til dømes Suezkrisa i 1956, Seksdagerskrigen i 1967 og Yom Kippur-krigen i 1973.

Av dei om vel 700.000 palestinske flyktningane i regionen fekk Libanon om lag 100.000 til 140.000 palestinske flyktningar etter opprettinga av staten i 1948.<sup>80</sup> Talet er usikkert, Henriksen Waage bruker talet «nesten 130.000» og bygger på UNRWA sine tal.<sup>81</sup> Desse palestinerane trudde flukta skulle bli kortvarig og hadde flykta utan å ha eller få med seg særleg med verdisaker. Dei var teke dårleg imot i Libanon, og vart av dei fattige sjiamuslimane oppfatta som ein konkurrent på arbeidsmarkedet. Flesteparten av palestinarane var sunnimuslimar og kunne rokke på den religiøse balansen i Libanon. Dei fleste måtte bu i flyktningeleirar rundt Beirut, Tyr, Saida, Tripoli og i den sørlege delen av Libanon. Dei fekk ikkje statsborgerskap, og vart ikkje integrerte i det libanesiske samfunnet.<sup>82</sup> Dei måtte ta til takke med illegale og lågtlønna jobbar.<sup>83</sup> Den fyrste tida hadde dei også som mål og håp å flytte attende til Palestina. Men gradvis bygde dei opp sine eigne samfunn i flyktningeleirane.

Palestinarane organiserte seg i mange ulike grupper, der Fatah var den største. I 1964 hadde Den arabiske liga, eit samarbeidsråd for dei arabiske statane, oppretta organisasjonen Palestinian Liberation Organisation (PLO). PLO vart seinare ein paraplyorganisasjon for palestinske organisasjonar, der Fatah var den største og mest sentrale gruppa. PLO klarte også å frigjera seg frå å bli styrt av den arabiske liga. Dei ulike palestinske gruppene overtok etter kvart mykje av styringa i Sør-Libanon, ved å krevje vernepenger frå fattige sjar, og ved å seta opp vegsperringar der dei kravde bomavgift. Dei utfordra også leiarskapen til dei eldste i landsbyane. Den libanesiske regjeringa prøvde i 1969 å seta hardt mot hardt, medan druserleiararen Kamal Jumblatt støtta PLO. PLO fekk også forsyningar frå Syria<sup>84</sup>.

Libanon måtte i november 1969 signere Kairo-avtala, og godtok dermed i praksis at PLO vart ein stat i staten i Sør-Libanon.<sup>85</sup> Delar av området vart kalla Fatah-land. Ei ny palestinsk innvandring

---

<sup>79</sup> Waage 2013: 106

<sup>80</sup> Larsen 2008: 39

<sup>81</sup> Waage 2013: 225

<sup>82</sup> Larsen 2008: 48

<sup>83</sup> Waage 2013: 224

<sup>84</sup> Larsen 2008: 49

<sup>85</sup> Larsen 2008: 50

kom etter Svart September i Jordan i 1970. Årsaken til at dei vart jaga ut av Jordan var at dei derifrå dreiv geriljaåtak inn i den okkuperte Vestbreidda i Israel/Palestina. Også i Jordan hadde palestinerane byrja å bli ein stat i staten, Kong Hussein i Jordan var redd dei ville overta kontrollen i landet og starta ein væpna aksjon mot dei.<sup>86</sup> Talet på palestinarar i Libanon kan vera usikkert, men eit overslag seier at det etter september 1970 var vorte 300.000.<sup>87</sup> Dette hadde auka til 350.000 før den israelske invasjonen i 1982.<sup>88</sup>

At palestinarane i 1970 flykta til Libanon forpurra ytterlegare den politiske balansen i landet. PLO, og andre palestinske grupper, starta også nye geriljaåtak, no mot Nord-Israel. Dette provoserte Israel og dei gjennomførte hevnaksjonar, som bombing av landsbyane Marjayon og Hashbaya i februar 1972, og ein liten invasjon i mars 1972. I april 1973 gjennomførte Israel ein kommandoaksjon mot mål ved Beirut, Tyr og Saida.<sup>89</sup> Palestinerane vart etter kvart ein maktfaktor i Libanon, og var ein av årsakane til at det braut ut borgarkrig i landet i april 1975. Meir og mindre vara denne fram til 1990, sjølv om den kan delast opp i fleire faser, som 1975-1976, 1978-1982, 1983-1988, og 1989-1990<sup>90</sup>. I mai 1976 sendte Syria styrker inn i Libanon for å redde dei kristne som var hardt pressa av PLO og muslimske grupper som var organisert i «Den libanesiske nasjonalbevegelsen». Ei arabisk konferanse i Riyadh i Saudi-Arabia førte til ei fredsavtale mellom PLO og Syria, og etablering av ei arabisk fredsstyrke på 30.000 mann. I praksis var styrken nesten berre frå Syria og den innleia ein syrisk militær okkupasjon.<sup>91</sup> Desse syriske styrkene sto i landet heilt fram til 26.april 2005, då dei trekte seg ut som eit resultat av mordet på statsminister Rafik Hariri.<sup>92</sup>

Etter 1976 var Libanon i praksis delt mellom dei ulike gruppene med kvar sin militans; dei kristne i Aust-Beirut og Libanonfjella, muslimar i Vest-Beirut, druserane i den sørlege delen av Libanonfjella, PLO etter kysten frå Beirut til Litanielva. Dei kristne vart støtta av både Syria og Israel, men etter kvart ynskte dei maronittiske kristne å få Syria ut av landet. Syria byrja difor å alliere seg med sjiamuslimar, og trekte styrkene sine attende til den austlege delen av Bekaa-dalen.<sup>93</sup>

Israel klarte både i 1949 og etter juni-krigen i 1967 å flytte grensa mot Libanon nordover, slik at i alt 19 sør-libanesiske landsbyar kom på israelsk side.<sup>94</sup> Det intensive jordbruket staten Israel

---

<sup>86</sup> Larsen 2008: 51

<sup>87</sup> Waage2013: 227

<sup>88</sup> Sandvig 1982: 27

<sup>89</sup> Larsen 2008: 54

<sup>90</sup> Larsen 2008: 60

<sup>91</sup> Waage 2013: 230

<sup>92</sup> Waage 2013: 247

<sup>93</sup> Waage 2013: 231

<sup>94</sup> Sandvig 1982: 23

utvikla har ført til at elva Jordan turkar ut og at Daudehavet har sunke, berre frå 1966 til 1982 med fem-seks meter.<sup>95</sup> Israel hadde dermed ei sterk eigeninteresse i å få kontroll over område til og med Litani-elva. Som nemnt over hadde Israel alt i 1972 bomba landsbyane Marjayon og Hashbaya i februar 1972, og utført ein liten invasjon i mars 1972, som hevn for palestinske angrep frå Sør-Libanon inn i Nord-Israel. I april 1973 gjennomførte Israel ein kommandoaksjon mot mål ved Beirut, Tyr og Saida.<sup>96</sup> Under borgerkrigen frå 1975 støtta Israel maronittane, ved å gje 150 millionar US dollar til oppbygginga av militsgruppene deira.<sup>97</sup> Israel støtta også den syriske styrken til Libanon i mai 1976 då den var på maronittisk side. Men Israel kravde at styrken skulle halde seg nord for Saida. Resultatet vart at PLO fekk eit friområde sør for denne linja, og kunne gjennomføre sine geriljaåtak inn i Israel. Statsminister Menachem Begin og partiet Likud som no hadde makta i Israel venta på eit passende høve til slå attende.

Etter mange palestinske aksjonar reagerte Israel og den utløysande årsak var eit angrep av ei palestinsk geriljagruppe ved Tel Aviv 11.mars 1978 der 37 israelarar vart drepne.<sup>98</sup> Alt 14.mars gikk Israel til invasjon av sør-Libanon, for å fjerne trusselen frå PLO der. Invasjonen fekk namnet Operasjon Litani. Israel starta med å bombe områda i sør og 200.000 innbyggjarar, mest sjiamuslimar flykta nordover. Deretter rykka den israelske hæren fram til elva Litani. USA som Israels allierte syntest dette gikk for langt og fekk gjennom to resolusjonar i Sikkerhetsrådet i FN. Den fyrste resolusjonane kravde at Israel trekte seg tilbake og den andre vedtok å opprette ein fredstyrke, *United Nations Interim Force in Lebanon (UNIFIL)*.<sup>99</sup>

Dermed starta også FN-oppgdraget som denne oppgåva skal dreie seg om.

## **Libanon på landsbynivå**

Nils A.Butenschøn siterer i boka *Midt-Østen. Imperiefall, statsutvikling, kriger*, Michael Hudson som seier: «Hver landsby og region har sine ledende familier med et klientell som er avhengige av dem for arbeid, lån og annen økonomisk bistand, støtte i forhold til myndigheten og i forbindelse med lokale tvister». <sup>100</sup> Som vi skal sjå synest det norske forsvaret å ha som siktemål å spela på eksisterande maktstrukturar. Dei bør då vera klar over korleis det indre livet i landsbyane i omrdet er. Oppgåva mi vil sjå på om og i tilfelle korleis dei lykkast med dette.

---

<sup>95</sup> Sandvig 1982: 18

<sup>96</sup> Larsen 2008: 54

<sup>97</sup> Waage 2013: 232

<sup>98</sup> Waage 2013: 233

<sup>99</sup> Waage 2013: 233-234

<sup>100</sup> Butenschøn 2009: 57

Tine Vingelsgaard-Laursen, skreiv ei masteroppgåve om ein kristen sør-libanesisk landsby, Maghdouche med 7000 innbyggjarar, ved Saida. Ho meiner at det å høyre til i ei religiøs gruppe er den fremste markøren for identitet for libaneserar. Religion er ein kategori som libaneserane blir fødde inn i gjennom farsleddet.<sup>101</sup> Var den norske FN-styrken klar over dette, er eit spørsmål eg vil prøve å undersøke i oppgåva. Magdouche opplever no at muslimar frå nabolandsbyar vil kjøpe opp jord. Mange av dei kristne har slutta med jordbruk og jorda ligg difor brakk. Både biskopen og lokale politiske organisasjonar advarer mot slikt sal.<sup>102</sup> Vingelsgaard-Laursen seier at mange innbyggjarar fryktar at dersom oppkjøpet held fram vil eit stort tal muslimar slå seg ned i landsbyen og dei kristne vil risikere å bli undertrykt både religiøst og kulturelt.<sup>103</sup> Vingelsgaard-Laursen skriv også at dei fleste av hennar informantar i landsbyen var skeptiske til ei sekularisering av det politiske samfunnet i Libanon. Dei frykta at dei kristne ville miste all politisk makt dersom det ikkje lenger var lovfesta at presidenten skulle vera kristen. Og seier ho: tilliten på tvers av religiøse grupper er framleis ikkje oppretta etter den langvarige krigen.<sup>104</sup>

Rita Azar Svendsen, skreiv ei masteroppgåve i 2013 om livet i ein libanesisk landsby. Svendsen har vokse opp i Noreg med norsk far, og libanesisk mor frå Ebel-el-Saqi. Ho gjorde si feltstudie i Ebel-el-Saqi, ein by med 2600 innbyggjarar, som ligg i den austlege delen av sør-Libanon. NORBATT hadde sitt hovedkvarter i Ebel-el-Saqi, og hennar vurdering av UNIFIL sin funksjon i landsbyen bør vera av interesse. Hennar hovedkonklusjon er at livet i Ebel-el-Saqi er roleg og godt, og at landsbyen er ein Heimat både for dei som bur der, dei som er derifrå som forfattaren sjølv, og også for UN-veteranar.<sup>105</sup> Ebel-el-Saqi har både kristne og drusiske innbyggjarar. Dei kristne og druserane levde saman som eitt samfunn. Ho oppdaga at sjølv om drusarane og dei kristne i Beirut sto på kvar si side i borgarkrigen, gjorde dei ikkje det i Ebel-el-Saqi. Dei var berørt av krigen, men trusselen kom ikkje innanfrå, men utanfrå, frå palestinerar og israelarar som kjempa mot kvarandre. Ifølge Svendsen sine informantar var innbyggjarane bekymra for byen sin, kvarandre og samfunnet sitt og ville ikkje gjera noko som kunne øydelegga det.<sup>106</sup>

Hege Ottosen skreiv i 2003 ei masteroppgåve om maktdeling i Bosnia og Libanon. Ho har samanlikna Bosnia og Libanon som båe har ein konfesjonell konstitusjon, altså at politiske embete

---

<sup>101</sup> Tine Vingelsgaard-Larsen: « Ikke selg jorda, den er hellig», masteroppgåve ved Universitetet i Oslo, Sosialantropologisk institutt, 2012 s.95

<sup>102</sup> Vingelsgaard-Larsen 2012: 67

<sup>103</sup> Vingelsgaard-Larsen 2012: V-Sammendrag

<sup>104</sup> Vingelsgaard-Larsen 2012: V-Sammendrag

<sup>105</sup> Rita Azar Svendsen: "This is our land. The good life in a Lebanese village", masteroppgåve ved Universitetet i Tromsø, 2013.: 52

<sup>106</sup> Svendsen 2013: 15

blir fordelt på religiøse grupper. Ho har undersøkt om etnisk maktdeling har medvirka til auka toleranse og forståing på tvers av dei etniske grupperingane i desse to landa.

Ho bruker her omgrepet *etnisk* som

felles måte å identifisere og definere gruppen på gjennom kombinasjon av identitetsmerker som for eksempel felles forgjengere eller felles opphav, felles historie, kultur, språk, religion og hjemland. Disse fellestrekkene kan vere ekte, eller antatte, eller forsterket gjennom interaksjon med andre.<sup>107</sup>

For Libanon har ho brukt *Arab Barometer*, som har gjort ei statistisk undersøkelse der 1388 libanesere er intervjuet i perioda 24.november til 6.desember 2010, og så på nytt i april 2011.

Respondentane var i alderen 18-89 år, 59 prosent var muslimar og 41 prosent var kristne.<sup>108</sup>

Ho hadde tre hypoteser som ho, etter spørjeundersøkinga, for Libanon konkluderer med slik:

1-Innbyggjarane er positive til ein multietnisk stat. (I Bosnia er fleste negative).

2-Tilliten mellom dei ulike etniske gruppene er generelt svært låg.

3-Dei fleste i Libanon identifiserer seg fyrst og fremst som libaneser, framfor si etniske tilhørighet.<sup>109</sup>

Ein felles konklusjon ut frå desse oppgåvene ser ut til å vera at innbyggjarane er svært knytta til samfunnet i landsbyen sin, om den består av ei religiøs gruppe, som dei fleste landsbyane gjer, eller av fleire grupper slik som Ebel-el-Saqi er eit døme på.

I 2008 hadde Libanon ei befolkning på 4,6 mill.<sup>110</sup> Av desse var 39 prosent kristne, med maronittane som den største gruppa med 23 prosent, deretter kjem dei gresk-ortodokse med 8 prosent og so er det 10 andre grupper som alle har under 5 prosent. Muslimane utgjorde 60 prosent, fordelt med sjia 30 prosent, sunni 25 prosent, druserar 5 prosent, og alawittar og ismalittar som baa er under 1 prosent.<sup>111</sup> Dette landet var det altså norske soldatar vart sendt til, eit land som hadde hatt borgarkrig sidan 1975, og opplevd israelsk invasjon i 1978.

## Vestlege haldningar

Sjølv om dei norske soldatane reiste til eit ganske ukjent land og til ein ukjent kultur hadde dei likevel med seg ei bagasje i sekken. Vår vestlege verd opplevde frå tidleg på 1700-talet fyrst opplysningstid og deretter den industrielle revolusjon. Eit Europa som lenge hadde opplevd å leva i skuggen av den

---

<sup>107</sup> Hege Ottesen: "Maktdeling -kortsiktig eller langvarig konfliktløser", masteroppgåve ved NTNU, institutt for sosiologi og statsvitenskap, 2013: 9

<sup>108</sup> Ottesen 2013: 39-40

<sup>109</sup> Ottesen 2013: 61

<sup>110</sup> Larsen 2008: 239

<sup>111</sup> Larsen 2008: 198

islamske verda, og lenger burt den kinesiske, fann no at dei med sin nye teknologi kunne gå forbi dei eldre kulturane og etter kvart underlegge seg verda. Imperialismen starta tidleg med oppdaginga og erobringa av Amerika og var fullført med delinga av Afrika på Berlin-konferansa i 1884 og med oppdelinga av det osmanske riket i 1921. Saman med at Europa vart teknologisk overlegen kom også tankane om at europeane var kulturelt overlegne. Raseteoriar vart konstruert for å bevise kvifor den kvite rasa var overlegen også i intelligens.

Synet på resten av verda arta seg på tre måtar: Anten at dei skulle tene økonomien i Europa gjennom å vera billig arbeidskraft og råvareeksportør. Dette kallar vi imperialismen. Ein annan innfallsvinkel var at desse mindreverdige burde ryddast unna for å skape rom til den overlegne rasen. Her får vi omgrep som nasjonalismesosialisme, den ariske rase og «lebensraum». Men vi har også omgrep som indianerreservat og apartheid. Ein tredje innfallsvinkel kunne også nyttast: Den kvite rase burde prøve å løfte dei andre på eit lægare nivå opp til sitt nivå. Vi får tankar om «the white mans burden», kristen misjon, fornorsking av samane i Noreg, og også dagens U-hjelp eller bistand. Dei vestlege verdiane blir sett på som universelle og er kanskje best formulert i slagorda «liberte, egalite, fraternite» frå den franske revolusjon i 1789. Eit individ er fritt, og alle individ er like.

Men blir desse vestlege verdiane også sett på som universelle og som rette av folk i andre kulturar ?

Oddbjørn Leirvik skriv i boka *Islam og kristendom. Konflikt eller dialog* om det han kallar det liberale dilemma. Han seier at medan ein i Vesten har lagt mest på rettane til individet har klassisk muslimsk sharia gjeve prioritet til fellesskapsretten. I botnen av dhimmi-systemet ligg at kvart individ høyrer til eit religiøst fellesskap, og det er dette fellesskapet som har plikter eller rettar. I møte mellom kristne og muslimar kan det føre til ulike meiningar. Leirvik nemner at i Noreg siste åra har dette til dømes vist seg i synet på likestilling og på homofili.<sup>112</sup> Den norske lova om likestilling mellom kjønna har eit unntak om at lova ikkje gjeld indre tilhøve i trussamfunn.

Synet om at den vestlege kulturen er overlegen har vorte utfordra av fleire utanom Vesten, som til dømes Edward Said og Samir Amin. Said brukar omgrepet «orientalisme». Med dette meinte han eit vestleg og stereotyp syn på austleg kultur. Den austlege kultur blir sett på gjennom eit vestleg filter, og som noko anna. Den får ikkje forklare seg sjølv. Den kan anten bli sett på som noko mystisk og eksotisk, eller som mindre utvikla til dømes i styreform. Dei er ikkje demokratiske etter vestleg mønster og det blir sett på som ein mangel, og eit mål vi må hjelpe dei i å nå.<sup>113</sup> Samir Amin nyttar

---

<sup>112</sup> Oddbjørn Leirvik, *Islam og kristendom. Konflikt eller dialog*, Oslo: Pax Forlag, 2006: 250

<sup>113</sup> <http://www.renaissance.com.pk/febbore2y6.htm>

omgrepet euro-sentrisme. Han seier at dei som står bak det dominerande, eurosentriske synet på historia har slagordet: «Etterlign Europa, som det beste av alle verdener».<sup>114</sup> Eurosentrismen er eit spesifikt moderne fenomen som hadde si store blomstringstid på 1800-talet og er ein dimensjon ved den moderne kapitalistiske verdas kultur og ideologi.<sup>115</sup>

Desse haldningane kan vi tenke oss at dei norske soldatane har med seg, i varierende grad. I 1978 hadde kritikken av det eurosentriske synet om at alt i Vesten var best, også nådd Noreg.

Korleis ville forsvaret ta omsyn til dette i sin informasjon, og korleis ville soldatane reagere på dei faktiske tilhøva dit dei kom ?

### **Norske haldningar til konflikta, før UNIFIL vart oppretta**

Før ein ser på innhaldet og vinklinga av stoffet i kjeldene kan det vera nyttig å sjå på utgangspunktet, om norske haldningar til konflikta i Midt-Austen. Her kan ein vel raskt slå fast at den har vore prega av stor sympati for Israel, og liten kunnskap og interesse for resten av området. I 1998 skriv til dømes den norske utanriksministeren Knut Wollebæk i boka *Israel 50 år*:

Israels 50 års jubileum som selvstendig stat har gitt en kjærkommen anledning til å reflektere over Norges forhold til Israel. Det kan ikke herske tvil om at dette forholdet er preget av nære og solide bånd...Norge var en støtte spiller for Israel ved statens grunnleggelse i 1948. Vi stemte for FN's delingsplan for Palestina.<sup>116</sup>

Han nemner at dei nære forbindelser ikkje berre har vore eit stat til stat forhold, men også mellom institusjonar. Her nemner han særleg arbeiderrørsla og kristenfolket. Og han seier vidare om fredsprosessen Noreg var aktiv i: «For Norge er det helt grunnleggende at fredsprosessen er noe Israel sjølv ønsker. .. Et annet grunnleggende forhold er Israels sikkerhetsproblem... Enhver løsning må derfor ha dette for øyet».<sup>117</sup>

Karl Emil Hagelund viser i same bok til professor ved Menighetsfakultetet, Magne Sæbø. Sæbø slo i 1976 fast at det norske kristenfolket haddde ein heilt igjennom positiv haldning til Israel.<sup>118</sup> Og i same bok fortel Eyvind Skeie om korleis Israel for han i mange år ikkje var eit land, men ein tilstand. «Israel var mitt søndagsskolelandskap».<sup>119</sup>

Ein medvirkande årsak til at norsk arbeiderrørslle knytta sterke band til Israel, var ei flyulykke på Hurum i november 1949. Tjuesju jødiske born var på veg frå dårlege forhold i Tunisia til ein

---

<sup>114</sup> Samir Amin, *Eurosentrismen. Kritikk av en ideologi*. Oslo: Forlaget Oktober, 1992: 9-10

<sup>115</sup> Amin 1992: 12

<sup>116</sup> Knut Vollebæk, "Norges forhold til Israel" i Nils Jacob Tønnessen,(red);, *Israel 50 år*, Oslo: Luther Forlag, 2008: 9

<sup>117</sup> Vollebæk 2008: 10

<sup>118</sup> Karl Emil Hagelund, «Israel i norsk opinion» i Nils Jacob Tønnessen (red), *Israel 50 år*, Oslo: Luther Forlag, 2008: 90

<sup>119</sup> Eyvind Skeie, «Tilstanden israël» i Nils Jacob Tønnessen(red), *Israel 50 år*, Oslo:Luther Forlag, 2008: 131



barnekoloni i Holmestrand for å få ein ny start på livet, berre ein overlevde flystyrten.. Partisekretæren i Arbeiderpartiet, Haakon Lie tok initiativ til ein innsamlingsaksjon, «Kibbutz Norge» i Israel. For mange i arbeiderrørsla var den nye jødiske staten ei oppfyljing av den sosialistiske draumen, med si vekt på kollektiv/kibbutzar. Sympatien for Israel gikk so langt at leiande personer i Arbeiderpartiet som Haakon Lie og Jens Christian Hauge sto bak eit sal av tungtvatn til Israel sist på 1950-talet. Det norske arbeidarpartiet hadde eit nært samarbeid med det israelske arbeidarpartiet, som lenge hadde regjeringsmakta i Israel, med statsministre som Levi Eskhol (1963-69), Golda Meir (1969-74). Særleg i perioda 1948 til midt på 1970-talet var samarbeidet og forholdet nært.

Historikaren Hilde Henriksen Waage skreiv på oppdrag frå det norske utanriksdepartementet i år 2000 ein rapport om Oslo-kanalen, kalla «Norwegians ? Who needs norwegians ?», om tidlegare norsk Midt-Austen politikk. Ho seier her at Noreg vart ein av Israels beste venner, etter at Israel vart oppretta i 1948. Årsakane til dette er fleire. Fyrst det dårlege samvetet mange i Noreg hadde for at so mange som 700 av dei 2000 jødane som budde i Noreg vart sendt til konsentrasjonsleire under andre verdskrigen. Ho nemner at dei seinare statsminister Einar Gerhardsen og utanriksminister Halvard Lange sat i konsentrasjonsleire der dei hadde kontakt med jødiske fangar. Ein annan årsak er at den konservative evangelisk lutherske statskyrkja i Noreg hadde sterk påvirkning på kristendomsopplæringa i skula. I alle klasserom hang det eit kart over Jødeland seier ho, det vart aldri kalla Araberland. Både dei kristne og arbeidarpartifolk såg på staten Israel gjennom religiøse briller. Ho nemner også flystyrten i 1949 der 26 jødiske barn omkom som ein «trigger», ein utløysande årsak.<sup>120</sup> Waage seier vidare at fyrst etter seks-dagers krigen i 1967 «oppdaga» Noreg palestinerane. Ein yngre generasjon overtok i det norske arbeidarpartiet, og desse tok opp palestinarane sin situasjon. Utanriksminister Andreas Cappelen sa i ei tale til FN's hovedforsamling i 1971 at det ikkje kunne bli rettferd og ein politisk løysing i Midt-Austen utan at rettane til palestinerane vart teke med. Den norske UNIFIL-innsatsen i Libanon blir av mange sett på som årsak til at forholdet Israel – Noreg vart dårlegare. Waage seier i sin rapport nemnt ovanfor at det at 2000 unge nordmenn kvart år vendte heim med sine erfaringar hadde ein effekt på den norske opinionen. Dei fortalte om sine opplevelingar til slekt og venner. Desse unge møtte i si daglege teneste ikkje israelske politikarar, men tøffe israelske soldatar. I motsetning til desse kalde og iblant brutale israelarane, kom kontakta med libanesiske sivile og palestinske flyktningar, som dei norske soldatane såg på som ofre, og som

---

<sup>120</sup> Hilde Henriksen Waage: "Norwegians ?, Who needs Norwegians", Evaluation Report 9/2000, Oslo: Institutt for fredsforskning, 2000: 16

dei syntest synd på. Norske journalistar, både i aviser og fjernsyn, flytte seg no frå Tel Aviv og Jerusalem, til Beirut og Sør-Libanon og produserte mange reportasjer frå flyktningeleire, og om konflikta sett frå palestinsk side.<sup>121</sup>

Ein annan årsak til endring i norsk politikk og opinion var også at at det israelske arbeidarpartiet mista makta, og det meir konservative Likud med statsminstre som Menachem Begin (1977-83) og Yitzhak Shamir (1983-84 og 1986-92) overtok regjeringsmakta i Israel. Likud hadde ikkje det nære tilhøvet til europeiske sosialistparti som det israelske arbeiderpartiet hadde.

Forsvaret tenker militært. Utgangspunktet for eitt oppdrag har alltid som fyrste punkt korleis situasjonen er i området oppdraget skal utførast i. Her var situasjonen at det var ein norsk opinion, og dermed truleg dei fleste av soldatane, som hadde med seg ein Israel-vennleg haldning. Oppdraget skulle utførast i eit ukjent land, Libanon med, for dei fleste av soldatane, ein ukjent samfunnsstruktur, andre skikkar og truleg ein ganske ukjent religion islam. Forsvaret fekk eit fredsoppdrag som ein kan tenke seg to måtar å løyse på. -anten at dei såg konflikta som rett mot galt og støtta den rette sida, jfr. USA sin invasjon i Irak der dei skulle spreie demokratiet, -eller forsvaret kunne sjå på det som ei konflikt mellom to partar der forsvaret var avhengig av støtte og tillit frå baa sider. Heldigvis kan ein seie, hadde Noreg alt opplevd dette valet i tidlegare FN-oppdrag, som til dømes i Suez-konflikta, i UNEF I i 1956 til 1967, der alternativet om tillit hjå baa partar raskt vart vald.

Mi hypotese før analysa av kjeldene, både forsvarets brosjyrer og Blue Beret, er at dette synet om nøytralitet og tillit hjå baa partar vil vera sterkt framme i meir offisiell informasjon. Men so er det usikkert korleis informasjonen om faktiske hendingar er gjennomsyra av dette. Kva skjer når teori møter den verkeleg verda ?

---

<sup>121</sup> Waage 2000: 27

## Kapittel 3. Informasjon til norske soldatar

### *Forsvarets brosjyrer*

Forsvarets overkommando(FO) gav i 1973 vervebrosjyra om «De norske FN-beredskapsstyrker».<sup>122</sup> Bakgrunnen for Stortingets vedtak i 1968 om å stille ei beredskapsstyrke til FN's disposisjon blir her forklart. Forsvarsminister Fostervoll viser til at «Norge har tradisjoner å ivareta både når det gjelder humanitært og krigsforebyggende arbeid».<sup>123</sup> Beredskapsstyrka måtte byggast opp og ordninga vart at soldatar som hadde avtjent verneplikt eller meir («bør fortrinnsvis ha fullført førstegangstjenesten») vart oppfordra om å søke om å delta i styrken. Soldatane fekk i tilfelle kontrakt som gjaldt for to år, med høve til å fornye for nye to år. Det var tre veker opplæring kvart år. Lønn var kr. 100 pr.måned, minus skatt. Denne lønna var nok ein medvirkande årsak til at mange søkte. Vart det ikkje aktiv tjeneste var det rein netto. Om det vart det aktiv tjeneste var lønna kr.2.462 pr. måned, pluss utanlandstillegg, risikotillegg og FN-tillegg. Dei som møtte i mars 1978 hadde søkt etter denne vervebrosjyra og opplysningane i den. Altså sjølv sagt ingen opplysningar om Libanon, beredskapsstyrken kunne bli sett inn kvar som helst i verda FN hadde bruk for den. Det bør her nemnast at det var ingen automatikk at styrken måtte stille. Den norske regjeringa kunne når det oppsto aktuelle situasjonar rundt i verda få ein forespørsel frå FN's generalsekretær som dei kunne svare ja eller nei på. I mars 1978 svara regjeringa altså ja på forespørselen om å delta i FN-styrken i Sør-Libanon.

I 1978 gir Forsvarets overkommando ut ei omarbeidd vervebrosjyre med same tittel «De norske FN-beredskapsstyrker».<sup>124</sup> Etter ei generell innleiing som i førre brosjyra, og om tidlegare norsk militær FN-innsats går brosjyra over til Libanon. Omtala om Libanon er kort, og fortel om at Noreg sidan mars 1978 har delteke i FN's fredsbevarande operasjonar i Libanon. Den fortel at Noreg har infanteribataljon, verkstedkompani, sanitetskompani med feltsjukehus, og ein heilkopterving i styrken. Brosjyra forklarar FN's tre-delte oppdrag og kva for land UNIFIL-styrka på 6000 mann kjem frå. Årsaken til oppdraget og situasjonen i Libanon blir det ikkje sagt eitt ord om. Det kan hende forsvaret no meinte at aktuelle søkerar var orientert nok gjennom dei vanlege media. Israels invasjon, og den fyrste norske kontingenten som reiste fekk mange oppslag i media. Frå soldatane i Libanon kom det mykje kritikk av at medieopplaga var ukorrekte. Dei meinte avisene i Noreg overdramatiserte og skapte angst hjå familiane heime, og det kan synest merkeleg at forsvaret ikkje

---

<sup>122</sup> Sjå note 40

<sup>123</sup> FO brosjyre 1973: 3

<sup>124</sup> Sjå note 41

nytta høvet med denne brosjyra til å koma med korrekt informasjon.<sup>125</sup>

Men i februar 1979 kjem ei ny brosjyre «Vel møtt», underteikna av sjef NORBATT og sjef FDI 4/IR4.<sup>126</sup> Den er til soldatane som har søkt om og er innkalla til å delta i kontingent 3, frå mars 1979. No er opplæringa flytta til Gardermoen. I denne brosjyra blir for fyrste gong tenesta i Libanon omtala. Det blir fyrst sterkt presisert at det er «..et krav at alt personell i UNFIL må stille seg absolutt nøytrale i forhold til partene i den pågående konflikt». <sup>127</sup> Personell som finn det umuleg å akseptere eit slikt krav blir bedt om å «ta sin medvirken i UNIFIL til fornyet overveielse». <sup>128</sup> Det siste fordi denne brosjyra altså var retta mot dei som alt hadde søkt og fått FN-teneste. Soldatane må også følgje FNs bestemmelser om høflig og veldisiplinert opptreden. Det blir sagt at «forholdene i Libanon er på alle måter forskjellige frå det vi er vant til heime». <sup>129</sup> Men det er berre (ingen) fritid, klima/helse og alkoholbruk som blir omtala. Eitt kart som viser kristne libanesiske styrker i sør, og Fata-land nord for elva Litani, samt kvar dei ulike UNIFIL-bataljonane ligg, er med. Men det blir sagt at i opplæringsprogrammet på to-tre veker i Norge skal det inngå orienteringar om forholda i Libanon. Desse orienteringane kjem eg litt attende i intervjuet med to tidlegare FN-soldatar.

I 1980 gir Forsvarets Overkommando/FN-kontoret ut ei ny brosjyre, kalla «Orientering om Libanon». <sup>130</sup> Brosjyra er på 36 sider, og om lag halvparten er om landet Libanon. Aller fyrst ei helsing frå kontreadmiral Lutken, sjef for operasjonsstaben, og frå oberstløytnant Erling Lund, som er sjef for FN-kontoret. Dei seier soldaten skal ha De Forente Nasjoners beste for auge i all si framferd, ved å opptre upartisk, korrekt og nøytralt overfor partane i konflikta. Soldatane skal ikkje gje uttrykk for personlege følelsar og oppfatningar som kan støte personar frå andre nasjonar. Deretter kjem eit interessant avsnitt: «Vær oppmerksom på at religionen er en viktig del av dagliglivet blant muhammedanere og at den rettroende muhammedaner ikke drikker noen form for alkohol». <sup>131</sup> Det blir sagt at religion er viktig, men berre islam ( eller muhammedanere, som var termen som vart brukt) blir nemnt. Betyr det at forsvaret ikkje visste at det også var kristendom i Libanon ? Eller betyr det forsvaret rekna kristendommen som kjent for soldatane, men at islam var ein ny ukjent religion ? Svaret på dette finn vi delvis inne i brosjyra. Under avsnittet *Religion* blir det sagt at den libanesiske befolkning er delt i omtrent like mange kristne som muslimer. Majoriteten av dei kristne

---

<sup>125</sup> Gisvold 1979: 29

<sup>126</sup> Sjå note 42

<sup>127</sup> FDI4/IR4 1979: 8

<sup>128</sup> ibid

<sup>129</sup> FDI4/IR4 1979: 10

<sup>130</sup> Sjå note 43

<sup>131</sup> FO/FN 1980: 1

er maronitter som er nært tilknytt den katolske kyrkje, deretter kjem gresk-ortodokse, gresk-katolske og armenisk-katolske. Den framherskande muslimsekten er sunnittene, fulgt av shiiter og drusere. Her ser vi at no blir termen muslim nytta. Og her blir det også sagt at det er like mange kristne som muslimar i landet. Forklaringa på det som står i innleiinga i brosjyra må vera so enkel at den vart skriva personleg av kontreadmiralen og oberstløytnanten, eller nokon i deira stab. Medan resten av brosjyra må vere skriva av fagfolk på Libanon, kanskje helst historikarar ?

Brosjyra har avsnitt om geografi, klima, befolkning og språk, skolevesen, religion, historie, det politiske system i Libanon, forfatning, utanrikspolitikk, økonomi, jordbruk, industri, kommunikasjoner, finanser, utanrikshandel, turisme, og om forsvaret. Dette utgjør i alt 11 sider og virkar som ei grundig innføring. Deretter kjem omtale om bakgrunnen for dagens situasjon i Libanon, og grundig om borgarkrigen i Libanon 1975 til 76. Deretter kort om UNIFIL og FN-mandatet, her blir også UNTSO omtala. Til slutt kjem ei oversikt over den norske FN-innsats i UNIFIL, med omtale av FN-bataljonen, sanitetskompaniet, verkstedkompaniet, og helikoptervingen, og eitt kart over Sør-Libanon.

All denne omtala synest tydeleg å vere skriva av fagfolk, om bakgrunnen for dagens situasjon står det til dømes:

Libanesisk nasjonalfølelse finnes fortrinnsvis i den kristne befolkning, i liten grad i den muhammedanske del som var motstandere av egen stat og har identifisert seg med den arabiske nasjonalisme. Økonomiske og sosiale skjevheter har forsterket motsetningene. Mens de hovedsaklig kristne områdene er vel utviklet økonomisk, ligger overveiende muhammedanske områder i Sør-Libanon og nord for Tripoli økonomisk langt etter. Dette motsetningsforhold var bakgrunnen for stadige kriser og borgerkrig, i 1958 og 1975-76.<sup>132</sup>

Her blir uttrykket muhammedaner brukt, det kan tyde på at det er fleire forfatterar til denne brosjyra. Den nemner også byen Tripoli, men forklarar ikkje kvar den ligg. Men det er eitt kart på framsida av brosjyra som viser området frå Cyprus, Sinai og Jordan. Der kan ein finne byen Tripoli.

Brosjyra har også fem sider aller fremst, før omtalen av Libanon. Overskrifta er Innledning og tek for seg tilhøvet mellom Israel og arberstatane Egypt, Jordan, Libanon og Syria. Den seier at bakgrunnen til konfliktene kan førast attende til tida etter fyrste verdskrig, då Storbritannia som mandatmakt under Nasjonenes Forbund hadde forplikta seg til å føre den tidlegare tyrkiske provinsen Palestina fram til sjølvstende. Den fortel difor om Balfour-erklæringa, om auka jødisk innvandring, og om at «Overfall på britiske tjenestemenn fra både arabisk og jødisk side ble likeså dagligdags», og at Storbritannia i 1947 tok saka inn for FN for å bli friteke for den umulige oppgåva i Palestina.<sup>133</sup>

---

<sup>132</sup> FO/FN 1980: 17

<sup>133</sup> FO/FN 1980: 1

Opprettinga av UNTSO blir omtala, likeså Gaza-krigen i 1956 og opprettinga av UNEF I, samt opprettinga av UNEF II i 1974, etter 1973-krigen. Samla inntrykk av brosjyra er at den gir ei grundig innføring, både historisk og om konflikten både Israel/Palestina, og i Libanon. Noko slagside i framstillinga er vanskeleg å finne, det synest som om brosjyra er skriva av fleire fagfolk som har oversikt over sine felt. Men den nemner ikkje sionismen og dens tankar om eit stat for jødane, ein «Judenstaat». Brosjyra nemner i staden Balfouerklæringa i 1917, om ein nasjonal heim for det jødiske folk i Palestina. Den seier då at «Palestinerne, som det bodde langt flere av i det gamle Palestina enn det bodde jøder, var fra første stund sterkt imot Balfouerklæringen og hevdet med en viss rett at den stred mot tidligere britiske løfter om selvstendighet for landets opprinnelige befolkning.»<sup>134</sup> Det er interessant at den fortel om konflikta Israel/Palestina før den går over på omtala av Libanon, men den knytter ikkje denne konflikta til borgerkrigen i Libanon i 1975. Der seier den at den ytre årsaken var ei strid om fiskerettar utanfor kysten av Sør-Libanon. Striden sto mellom shiiter-muhammedanar og eit kristent selskap, kontrollert av Chamoun-klanen. Palestinerane blir fyrst nemnt i 1976, då om at tre palestinske brigader på 1500-2000 mann kvar som marsjerte over grensa frå Syria med offisiell syrisk medvirkning, for å koma muhammedanerne til unnsetning. Etter grundig omtale av borgerkrigen, blir det sagt at etter 1976 var det 15.000 palestinske geriljasoldatar mellom Litanielva og den kristne enklaven nord for den israelske grensen. Om Israels invasjon i 1978 blir det berre sagt at «Slik var forholdene i Libanon da israelske styrker 14.mars 1978 rykket over grensen for å bekjempe de palestinske geriljabasene i Sør-Libanon».<sup>135</sup> Skyteepisoda ved Tel Aviv tre dagar før blir her ikkje nemnt. Opprettinga av UNIFIL og mandatet blir greit forklart. So seier den at det fyrste målet i FN-mandatet blir nådd då Israel 13.juni 1978 trekker deg ut. «Men det var en stygg strek i regningen da israelerne overleverte sine militære stillinger til falangistenes såkalte de facto-styrker i stedet for til FN-soldatene».<sup>136</sup> Dette har skapt ein vanskeleg og farleg situasjon, med ildveksling mellom falangistene og PLO-styrkene.

Denne brosjyra gir eit vell av opplysningar, med mange detaljer som til dømes at talet på telefonar i Libanon har auka frå 45.000 i året 1959 til 105.000 i året 1965. Interessent nok seier den so at «statistiske oppgaver for de senere år har man ikke».<sup>137</sup> Om økonomi seier den at Libanon har oppnådd ein bemerkelsesverdig høg levestandard samanlikna med andre araberland. Men til trass for dette har ikkje landet utvikla seg særleg. Dette heng saman med at den offentlege sektor er sterkt

---

<sup>134</sup> FO/FN 1980: 1

<sup>135</sup> FO/FN 1980: 20

<sup>136</sup> FO/FN 1980: 21

<sup>137</sup> FO/FN 1980: 15

underdimensjonert, og «ifølge folkemeningen sterkt korrump». <sup>138</sup> Språket i brosjyra er akademisk, som til dømes når den under økonomi omtalar «kommersielle og monetære kontakter». Kor mykje den enkelte soldat fekk med seg, var då sikkert ulikt. Av forordet ser det ut til at den vart delt ut til alle soldatane («utarbeidet til bruk for personell i den norske FN-beredskapsstyrken»). <sup>139</sup> Brosjyra må absolutt kallast nøytral i konflikta, sjølv om den kjem inn på årsaker som det sjølvsagt ikkje er full semje om.

### *Litani*

Litani var tidsskriftet for heile UNIFIL. Det kom ut ei gong kvar månad og var på engelsk. Vanlegvis var det på 28 sider. Om lag ein tredjedel av stoffret hadde også ein versjon på fransk, altså slik at ein artikkel fyrst sto på engelsk, og so på neste side på fransk. Årsaken til dette var at både Senegal og Frankrike som fransktalande land var med i styrken. Litani synest å ha som mål å ha ein artikkel om kvar bataljon eller avdeling i kvart nummer. Dette var oftast ei omtale av medaljeparader eller om vitjing av høgståande UNIFIL-offiserar eller politikerar frå heimlanda. Litani frå februar 1981 har til dømes ei halv side om NORBATT der oppslaget er om Norwegian Army Chief in NORBATT. Den fortel at generalmajor Rolv Eios har vitja NORBATT, NORMAINTCOY og NAQOURA. General Eios blir sitert på at fordi konflikta no verkar å vera gløymt i internasjonale massemedia kan vi vente at dei ulike partane vil auke si aktivitet. Dette for å kunne dra merksemd («just to draw attention») til sine uløyste problem. <sup>140</sup> Men den kunne også ha artiklar om enkeltpersonar. Utgåva frå desember 1980 har til dømes ei halvsides omtale og intervju av menig Dodou Seesay, ein gambisk fødd muslim som hadde tenestegjort i H.M.Kongens Garde i Noreg før han gjorde teneste i den norske avdelinga Normaintcoy. <sup>141</sup>

Det kan synest som om hovedhensikta for Litani var å gje intern informasjon i UNIFIL-styrken, for å kunne oppnå ei felleskapskjensle. Altså at ein artikkel om GHANBATT hadde som mål å informere soldatane i dei andre UNIFIL-bataljonane. Bataljonane hadde ganske identiske oppgåver, med å oppfylle FN-mandatet i sitt område. I tillegg hadde UNIFIL støtteavdelingar. Dette var eit forsyningskompani (FRENCOLOG), eit transportkompani (NORAIR, seinare ITALAIR), eit verkstadkompani (NORMAINTCOY), eit feltsjukehus (NORMEDCOY, seinare SWEDMEDCOY), eit ingeniørkompani (FRENCHENGCOY) og eit hovedkvarter (CAMP COMMAND) i Naqoura.

---

<sup>138</sup> FO/FN 1980: 14

<sup>139</sup> FO/FN 1980: 14

<sup>140</sup> Litani nr 2.febr.1981: 15

<sup>141</sup> Litani nr.12.des.1980: 18

Desse blir det informert grundigare om sidan desse hadde spesialoppgåver som ikkje alle andre UNIFIL-soldatar var kjente med.

Omtale av det sivile libanesiske samfunnet er omtrent heilt fråverande. Eit unntak eg har funne er ein artikkel i Litani frå september 1980 med tittel « Winning the hearts and minds..» Artikkelen er av major Victor Ogbomoh som er sjef for The Humanitarian Section. Han fortel at den humanitære seksjon er eit resultat av at fleire særorganisasjonar i FN, samt frivillige organisasjonar kom saman for å hjelpe det libanesiske folket i å koma attende til eit normalt sosialt og økonomisk liv. Den humanitære seksjon arbeider med utdanning, med reparasjon av vassforsyningsanlegg, og med helse. Her nemner han at feltsjukehuset i Naqoura behandlar fleire sivile libaneserar enn FN-personell. Om matforsyning seier han at dei får tonnevis av mat gjennom UNICEF. Men distribusjonen er eit problem, det veit ikkje alltid om maten kjem til dei som treng det. Eit anna problem er at denne maten ikkje samsvarar med den lokale dietten. Hovedproblemet for humanitære arbeidet er likevel motstanden frå offisielle libanesiske organ mot å arbeide i sør. Som døme nemner han at nokon av dei stiller krav å bli bli flogne inn og ut av området to gonger per dag.<sup>142</sup> Major Ogmoboh er likevel opotimist og peikar på at mykje har vorte oppnådd, og at dei har gått frå naudhjelp til å støtte lokale aktørar.

Men som sagt er dette unntaket. Av seks nummer av Litani i perioda hausten 1980 til våren 1981 er dette den einaste artikkelen om det sivile libanesiske samfunnet. Og artikkelen omtalar libaneserane som mottakar og objekt. Ingen libaneser blir nemnt eller sitert på korleis dette humanitære arbeidet fungerer sett frå deira side.

Partane, altså Israel, De Facto Forces eller PLO blir aldri direkte omtala i artiklar. Men i kvart nummer av Litani var det ein «Unifil log of operational events». Her kunne UNIFIL-soldatane få ein kortversjon over hendingar siste månad. For 5.januar 1981 står det til dømes: «DFF fired two artillery rounds. To Hasbaiya. A Fiji patrol was ambushed by armed elements north of Qana. Tension was defused through negotiations».<sup>143</sup> Loggen er kort og militært i forma. Berre fakta om kva som skjedde blir presentert, og det er ingen vurdering av skuld eller rett/gale. Partane blir namngitt som DFF, armed elements, Palestinians, eller unidentified elements. Her kunne soldatane som ville det få god oversikt. Loggen var på engelsk, som kunne vera eit problem for ein del. Særleg eldre offiserar (og soldatar) hadde dårlege engelskkunnskaper. Ei opptelling frå nummeret frå oktober 1980 viser at i rapporterte skyteepisoder frå 15.september til 12.oktober blir DFF nemnt 37 gonger, IDF to episoder

---

<sup>142</sup> Litani nr. 8.sept. 1980: 3

<sup>143</sup> Litani nr. 2.febr.1981: 1



med artilleri, to frå helikopter og fem med skyting frå kanonbåt utanfor kysten av Tyr, Rashidiye eller Saida. Vidare blir det rapportert om tre episoder med skyting frå enklaven (som kan bety DFF eller IDF). I tillegg kjem er det fire episoder der motorisert IDF personell vil ha tilgang til UNIFIL-området, men blir avvist. Frå den andre parten blir PLO nemnt tre gonger, ein av desse var med Kastusha rakettar, Fatah elements ei gong, uidentifiserte element ei gong, palestinere to gonger, og palestinere/libanense national movement i ei skyteepisode. Eit tilfelle av at «armed elements» prøver å gå inn i/gjennom UNIFIL-område, og blir avvist bli også rapportert.

Dette blir i sum 53 tilfeller der IDF/DFF blir omtale og 9 tilfeller om motparten. Men ein kan ikkje av dette slutte at UNIFIL behandla partane ulikt, heller at alt som skjer blir rapportert uansett kven som står bak. Loggen bruker berre nøytral nemningar, vanlegvis «fired», som «DFF fired 4 heavy machine-gun rounds close to a norwegian military police vehicle.» Deti einaste uttrykka med norm i seg eg kan finne er “harasement of UN military observer by IDF continued.”<sup>144</sup> Og “obstruction of movement of UN military observer...».<sup>145</sup> Obstruction og harasement har baa negative lada betydning.

### ***Blue Beret***

Det er svært mange artiklar i Blue Beret som går inn i mi problemstilling om korleis forsvaret informerte dei norske soldatane, og kvifor. Også virkning av informasjonen kan vi finne i dei mange reportasjene frå dei ulike avdelingane.

Eg har vald å dele stoffet inn i fire hovedområde: - korleis bakgrunnen for konflikta blir forklara, – om korleis Israel og deira forhold til FN blir omtala, - korleis partane blir framstilte, og – om korleis det sivile libanesiske samfunnet blir omtala. Nokre artiklar kan det vera uklårt kor eg bør plassere. Eg har valt å plassere artiklar om historia bakover under bakgrunn, medan artiklar om Libanon i dag er plasserte under det sivile libanesiske samfunnet.

Om desse saksområda har eg då funne tilsaman 368 artiklar. For å kunne klassifisere dei har eg fyrst brukt ein 5-delt-skala, der 1+2 =positiv omtale, 3=nøytralt og 4+5= negativt. Om det sivile libanesiske samfunnet vil positiv då bety at artikkelen ser anerkjennande på det den skriv om. Negativ vil då betyr at artikkelen er fordømmende. Ein 5-delt skala valde eg for å kunne ha to alternativ for

---

<sup>144</sup> Litani nr.2.febr.1981: 1

<sup>145</sup> ibid

positiv ( litt = 2, og sterkt/mykje = 1). Men for opptellinga har eg gjort om skalaen til ein 3-delt skala; med Positiv – Nøytral – Negativ. Eg vil forklare dette betre ved omtala av dei ulike artiklane.

## **Bakgrunn for konflikta og om landet Libanon.**

Her har eg 47 artiklar som prøver å forklare kvifor denne konflikta som soldatane er midt oppe i har oppstått. Av desse har eg klassifisert 4 som positive og 43 som nøytrale.

For å ta dei positive fyrst, som og kan forklare kva eg legg i positiv:

Dei fire artiklane eg har plassert som positive er ein artikkel i Blue Beret for august 1981 som fortel om landsbyen Rachayia el-Foukhar. Dette er ein kristen landsby som har både romersk-katolsk, romersk-ortodoks og protestantisk kyrkje. Artikkelen har tittelen: «Flere hundre tusen krukker produseres årlig i Rachayia». <sup>146</sup> Den fortel at krukkene er populære fordi dei held vatnet kaldt. Sju familier i byen lever av krukkeproduksjonen. Krukkene har vore laga i mange hundre år og produksjonsmetode og utsjånad har ikkje endra seg særleg på alle desse åra. Artikkelen sluttar med: « du blir godt mottatt av hyggelige folk som med rette har all grunn til å være stolte av sine kunsthåndverkstradisjoner. Og Rachaiya-krukkene er etter vår vurdering meget fine og meget billige suvenirer frå Sør-Libanon». <sup>147</sup> Denne eller liknande artiklar om krukkeproduksjonen i Rachayia kjem att i mange nummer. Fordi artikkelen bruker betegnelse som «hyggelige folk» og «grunn til å være stolte av» har eg valt å plassere den som positiv. Den er ikkje berre beskrivande, men også vurderande/normativ. Det er i slike reportasjer frå det lokale livet vi kunne vente å finne etnosentriske utsagn, men altså ikkje her. Ein kunne kalle det kulturel relativistisk, ved å seie at slik er deira kultur, men dei positive vurderingane betyr at det er også positivt etter norske verdiar.

I Blue Beret i januar 1983 kjem det ein artikkel om «De kristne kirkesamfunn». Etter å ha nemnt dei tre hovedretningane i NORBATTTS område; maronittar, gresk-ortodokse, og protestantiske, og fortalt om deira oppbygging og historiske bakgrunn konkluderer artikkelen med:

Det som en tilreisende synes er fint å se, er det gode forhold som hersker mellom de forskjellige kirkesamfunn her. Man går til gudstjeneste i gresk-ortodoks kirke uansett kirkesamfunn, hører på norsk-luthersk prest som blir tolket av libanesisk kvinne som er protestant. Alle er fornøyd. Det er Bibelens tekster som leses, det er den felles tro som bekjennes slik at når det kommer til stykket, er det lite som skiller i forhold til det som forener. <sup>148</sup>

Her er det også beskrivelse med positiv vurdering om «det gode forhold» mellom dei ulike kyrkjesamfunna. Ein kan seie at det er ei norsk vurdering at det skal vera gode forhold og at Bibelens

---

<sup>146</sup> BB 7/8/avg81: 8

<sup>147</sup> BB 7/8/avg81: 8

<sup>148</sup> BB 2/10/jan83: 4

tekst er felles. Ikkje alle kyrkjesamfunn vil vera samde i det, det er vel ofte tolkinga av tekstane i Bibelen som er årsak til dei mange ulike kristne retningane og sektene vi har.

I kontingentane 21 og 24 kjem det to artiklar som båe må kallast positive om byen Tibnine. Tibnine ligg i det irske ansvarsområdet (IRISHBATT), men ligg også rett ved sidan av det Norske verkstedkompaniet (NORMAINTCOY/NMC), Artikkelen i Blue Beret for kontingent 21 er kalla «Tibnine, by i framgang».<sup>149</sup> Den fortel om Tibnines 1300 år gamle historie. Byen har i 1988 åtte-tusen innbyggjarar. Den lokale tolken i NMC Fawas Fawas fortel at åra etter 1978 har vore positive, mellom vart det i åra 1981 til 1984 bygd over 60 nye butikkar og hus. Han påpeiker at det er UNIFIL som er årsaken til framgangen Tibnine by og område har opplevd. Blue Beret i 1990 har artikkelen «Velkommen til Tibnine. Major Bjørn Østgårdsgjelten, NK i NMC, og tolk Fawas Fawas presenterer festningsbyen Tibnine».<sup>150</sup> Den fortel at byen har eit sjukehus, som i 1989 fekk ei gåve på 80 boksar med medisiner, frå Forsvarets Sanitet. Det er 300 gresk-katolske i byen, resten av innbyggjarane er shia-muslimar. Både Mayor og Moukhtar kjem frå Fawas-slekta som er framtrekkande i Tibnine. Artiklane fortel greitt om historia til Tibnine, og har ei positiv vurdering av at NMC er der. I tillegg kjem AMAL sin kommandant, og artikkelen seier at i 1990 er det AMAL-Movement som har den reelle makta i byen. Nabid Berri, leiaren for AMAL blir sett som byens store son. AMAL er forkorting på arabisk for Afwâj al-Muqâwama al-Lubnâniyya, på norsk: Det libanesiske motstandsbatalsjonen.<sup>151</sup> Forkortinga Amal betyr også håp på arabisk, dermed bevegelsen for håp, eller Harakat Amal. Amal vart danna som ein sjiamuslimsk militans i 1975 for å forsvare rettane til sjiane.<sup>152</sup> Artikkelen i Blue Beret forklarar ikkje kva Amal er, men det var truleg ei kjent gruppe for UNIFIL-soldatane. Artiklane fortel greitt om historia til Tibnine, og har ei positiv vurdering av at NMC er der.

Så kan vi sjå nøyare på dei 43 artiklane eg har plasserte som nøytrale. Alt fyrste nummer i april 1978 har ein artikkel om Libanons historie, kalla «Libanon -før og nå». Dette startar med fyrste verdskrig og fortel at Libanon då vart administrert som ein del av det Syria under det osmanske riket, og om at Frankrike oppretta «Stor-Libanon» i 1920. Den seier at den muhammedanske befolkninga i dei områda som vart innlemma i Stor-Libanon ikkje vart konsultert før denne innlemmelsen. Muhammedanarane var også motstanderar av innlemmelsen. Dette motsetningsforholdet ligg til grunn for stadige kriser i politikken og førte til open borgerkrig i 1958 og 1975-76. Artikkelen

---

<sup>149</sup> BB 3/21/1988: 8

<sup>150</sup> BB 4/24/90: 14

<sup>151</sup> Larsen 2008: 64

<sup>152</sup> Waage 2013: 241

nemner at det kom palestinske flyktningar til Libanon. Fyrst etter at staten Israel vart oppretta i 1948, og so nye flyktningar etter borgerkrigen i Jordan i 1970. Artikkelen seier deretter:

...deriblant et stort antall kommandosoldater. De palestinske radikale politiske ideer slo også godt an hos muhamedanerne i landet og det kom til en polarisering i libanesisk politikk med de radikale muhamedanere støttet av palestinerne på den ene siden, og konservative kristne på den andre. Den 13.april 1975 brøt borgerkrigen ut.<sup>153</sup>

Artikkelen fortel so om at PLO vart oppretta av den Arabiske liga i 1968, og nemner at det oppsto palestinske kommandogrupper, der Al Fatah, Folkefronten for Palestinas frigjøring, og Den Demokratiske Folkefront for Palestinas Frigjøring er dei viktigaste. Ein kan her bemerke at atikkelen brukar året 1968 som året PLO vart oppretta. Om det er ein skrivefeil, for 1964, eller om det er bevist val om å bruke året 1968, då Fatah og Yassir Arafat overtok kontrollen av PLO, er uvisst. Artikkelen seier vidare at då borgerkrigen slutta i 1976 rykka arabiske fredsbevarande, hovedsakleg syriske, styrker inn i landet, og at landet då i realiteten var delt i tre. I siste avsnitt kjem artikkelen med eit hint om kva som kan bli UNIFILS viktigaste oppgåve då den seier: «Borgerkrigen i Libanon foregikk med stor brutalitet og store ødeleggelser. Det vil derfor kreve store løft både på den humanitære side og på gjenoppbyggelsesfronten hvis Libanon skal kunne vende tilbake til normale tilstander».<sup>154</sup>

Skal ein kort analysere artikkelen, så kan ein fyrst seie at den er typisk militær: -korte, klare fakta utan om og men, og diskusjon om at kanskje var det slik. Innhaldet synest å vera objektivt, utan å ta stilling til rett og galt, om kristne, muhamedanerar (dei brukte det namnet i 1978) eller Israel. Betegnelseane konservative om kristne, og radikale om palestinere kan kanskje diskuteras. Tanken bak artikkelen må vera å gje soldatane både ei viss oversikt over historia til Libanon, og forklare kvifor situasjonen er som den er. Det store palestinske innslaget dei norske soldatane møtte i Sør-Libanon burde dei få ei forklaring på, har truleg forsvaret tenkt. Det kan virke som artikkelen koplar det store talet på palestinske flyktningar frå Jordan i 1970 saman med utbrotet av borgekrigen i 1975. Den bruker ingen negative betegnelsear om palestinere, men uttrykket «radikale politiske ideer» kan sjølvstøtt seiest å vera lada. Men som før sagt: artikkelen er beskrivande, og tek ikkje stilling til om «radikale..» er bra eller dårleg. Den legg ikkje noko fordømmende i det, men konstaterer nok at dette var ein årsak til borgerkrigen som braut ut i 1975. At nye palestinske flyktningar til Libanon, og at PLO flytte hovedkvarter frå Amman til Beirut i 1970 var med på å utløyse borgerkrigen i 1975 er mange forskarar samde om. Som historikar Hilde Henriksen Waage uttrykker det: «..satte systemet

---

<sup>153</sup> BB 1/1/apr78: 3

<sup>154</sup> BB 1/1/apr78: 4

og maktfordelingen i Libanon under et større presse enn landet kunne tåle».<sup>155</sup> Artikkelen fortel også at den humanitære sida er viktig. Sjølv om dette ikkje låg direkte i FN-mandatet, og den militære ordren til NORBATT, viste det seg tidleg at dette vart ei viktig oppgåve. Det vart som oftast presisert at det humanitære kom i tillegg og berre dersom det var ressursar, som til dømes transport, til overs når det militære oppdraget var utført. Ved å ta det humanitære med i artikkelen førebur forsvaret soldatane på denne oppgåva.

I Blue Beret for mai 1978 er det ein kort artikkel om befolkningen i Norbatt sitt ansvarsområde.<sup>156</sup> Den fortel om dei ulike landsbyane, kor mange som bur der, og kva religion dei har. Den nemner to kristne landsbyar, seks muslimske og to drusiske. I tillegg to, Marjayoun og Ebel-el-Saqi, med blanda religiøs befolkning. Om Ebel-el-Saqi seier artikkelen at ingen bur der for tida, tidligere var det 1000 innbyggere som var kristne og drusererar. Og ein opplysning til slutt i artikkelen om at druserane sin religion er forbunde med mykje mystikk og er berre for de heilt innvigde. Når forsvaret tek med alle desse opplysningane må det vera for at dei meinte det var viktig. Men for ein norsk soldat sa truleg denne artikkelen berre at det var mange ulike religiøse grupper i landsbyane. Artikkelen går ikkje inn og forklarar kva ein druser eller maronitt var, sjølv om det truleg var få av soldatane som visste det. Den skilte i landsbyen El Foukhar også på kristne og protestantiske kristne. Artikkelen meinte då truleg å seie at det også var ein del protestantiske kristne, men at dette var eit mindretal blant dei kristne elles som var ortodokse eller katolske. Det kan virke som om forsvaret her vil gje mange opplysningar, men ikkje tek omsyn til mottakarane. Så for soldatane kunne det virke forvirrande, men for å løyse sitt militære oppdrag var dette likevel truleg nok; for soldatane å vite at folk var religiøse og at det var mange grupper, og at dei fleste landsbyar hadde berre ei gruppe. Ved dagleg omgang med folka i landsbyane kunne soldatane truleg få meir fakta, no var det viktigast for forsvaret å legge vekt på at religion var viktig og at soldatane måtte vera klar over og respektere dette.

Blue Beret bruker ofte teknikken med å fortelje historia gjennom enkeltperosonar. I Blue Beret for juni 1979 er det eit intervju med NORBATTTS siviltilsette sydame fru Sumaya Rassy. Ho fortel om då krigen kom til Ebel-el-Saqi ved juletider 1976, ved at PLO etablerte seg i byen. Dette førte med seg skyting mot byen med artilleri frå Marjayon. 98 % av innbyggerane forlot difor byen. Sydame Sumaya med familie flytta til Beirut, men vendte attende til Ebel-el-Saqi i juni 78 etter at dei norske soldatane hadde rykka inn i området. Dei fann heimen sin plyndra og skoten i stykker, men

---

<sup>155</sup> Waage 2013: 227

<sup>156</sup> BB 3/1/mai78: 8

har fått rydda opp ein del. Ho fortel at skal ein sjå det positive i situasjonen, så er all tidlegare uoverenstemmelse og gnisningar mellom dei ulike religiøse gruppene i byen forsvunne. Folket i Ebel-el-Saqi held no saman, uansett bakgrunn, seier ho.<sup>157</sup> Denne artikkelen er også berre beskrivande, den seier at dette skjedde. Den fordeler ikkje skuld, men skildrar resultatet av å vera sivil i eldlinja i ein krig. Artikkelforfatteren må meine at det er viktig at soldatane som er i området i juni 1979 må vite noko om korleis situasjonen var i mars 78. Blue Beret brukar ofte teknikken med å intervjuje lokale sivile om kva som har skjedd, og legg då ofte inn opplysningar om familiane. Ein slik teknikk med vekt på enkeltmenneske kan ofte virke sterkare enn kalde fakta, og dei profesjonelle presseoffiserane som redigerte Blue Beret var truleg klar over kva dei gjorde. Desse sivile som er intervjuja og omtala er også ofte folk soldatane kjem i direkte kontakt med, slik som sydama som er omtala her. Alle soldatar fekk i tillegg til sine norske uniformar utdelt ein bomullsuniform kalla Indian Bush, og denne måtte dei fleste innom til sydama for å få tilpassa. Om PLO veit vi frå seinare at dei gikk frå å vera populære til å bli forhatt av dei fleste sivile i Sør-Libanon, men denne artikkelen seier ingenting om det.<sup>158</sup>

Kunnskap om området dei er i er viktig for soldatane, synest det som redaksjonen i Blue Beret meiner. Vi kan sjå på to døme. I september 1979 kjem det ein artikkel om Chebaa-byen i Hermonfjellet.<sup>159</sup> Landsbyen har mellom 12.000 innbyggjarar om vinteren og 17.000 om sumaren når mange som jobbar i Kuwait er heime på ferie. Før levde byen av smugling, no er det inntektene frå Kuwait og epledyrking som er næringsveg. Byen blir skildra som ein populær by for nordmennene, kompani B i NORBATT har ei fast avdeling i byen. I Blue Beret for februar 1980 er det ein kort artikkel om landsbyen Khiam, som før krigen hadde 15000 innbyggjarar, men no er ein død by.<sup>160</sup> Det blir fortalt at etter krigen i 1948 underteikna Israel våpenstillstandavtaler med nabolanda, også med Libanon. FN oppretta UN Truce Supervision Organisation (UNTSO) for å sikre at avtalene vart respekterte. Då, altså i september 1978, fortel artikkelen at det var 300 observatørar frå 17 forskjellige land som bemanna observasjonspostane. Ved landsbyen Khiam har UNTSO ein slik post, der dei kan sjå frå korsfararborga Beaufort i nordvest, Hermonfjellet i aust, og til Genesaretsjøen og slettelandet i Galilea i sør. NORBATT har også ein post i Khiam. I desse to artiklane får soldatane både kunnskap om næringsliv i landsbyane, og om kvifor UNTSO finst i området.

Mange av soldatane var ute på transportoppdrag, både til Israel og Beirut, og rundt i området

---

<sup>157</sup> BB 8/3/juni79: 8

<sup>158</sup> Larsen 2008: 126

<sup>159</sup> BB 9/3/sept79: 6

<sup>160</sup> BB 2/4/feb80: 12

til NORBATT. Truleg for at dei skal vera meir kjente i områda dei reiser i er det frå og med kontingent 6 ein to-siders artikkel; «Landsbyene i Norbatts AO», som etter kvart kjem att i fyrste avisa i kvar kontingent, om ikkje i alle.<sup>161</sup> Artikkelen skriv om innbyggerar, religion og severdigheter i landsbyane Hebbariye, Rachaiya el Foukhar, Ferdiss, Kafer Hamman, Ebel es Saqi og Chebaa i Hermonfjellet. Artikkelen har med bilete frå fire av landsbyane og fyller to sider/midtsider i Blue Beret. Artikkelen byrjar med at «Vi har fleire spennende småbyer» og seier at omtala er kortfatta, men forhåpentlig informativt. Som døme kan vi sjå på omtala av Hebbariye som blir kalla ein artig by. Næringsgrunnlaget er for spinkelt til å brødfø ein familie heile året, difor jobbar om lag 1000 av dei 2500 innbyggerane i Beirut om sumaren. Olivenproduksjon er viktig, dei har 15000 oliventre og to olivenpresser. Omkring ti familier lever av handverk, og fem familier av sine butikkar. Landsbyen har eit gamalt romersk tempel som severdighet. Den har hatt ein del granatnedslag, men er spart for dei store kamphandlingane. Innbyggerane er sunni-muslimar, med eige moske og prest.<sup>162</sup>

At forsvaret har so grundig omtale av desse landsbyane, som dei kallar spennande, må vera fordi dei synest det er nyttig. I tillegg til fakta om innbyggartal og religion fortel artikkelen om produksjon og sal. Dei norske FN-soldatane hadde god kjøpekraft i Libanon, og forsvaret kan ha denne omtala for å gje tips om kvar dei kan handle, til dømes på sundagsmarked. Forsvaret såg det også som viktig å støtte lokalt næringsliv, og meinte det var betre å handle lokalt enn å få varer sendt frå Noreg. Opplysningar om lokale varer og marknad var då nyttig å ha med. Eit døme på lokal handel er at NORBATT og NORMAINTCOY hadde avtaler med lokale frisørar, der soldatane kvitterte på ei liste hjå frisøren, og so fekk han oppgjær, oftast ein US-dollar for kvar klypp, når han leverte lista. Soldatane fekk altså gratis klypp og den lokale frisøren fekk inntekter.

Felles for alle desse omtalene er at dei fortel fakta. Om dei har noko vurderingar so er det helst på den positive sida. Smuglinga i Chebaa blir ikkje fordømd, men blir heller skildra som eit artig innslag. Omtalene kunne vore henta frå ei turistbrosjyre. At dei kallar leiaren i moske for prest er kanskje upresist, men forklarande nok.

Frå kontingent 8 kjem det også bakgrunnsstoff, i kontingent 8 kalla «Viktige hendinger i Libanons historie».<sup>163</sup> Omtala er kronologisk og startar i 1943 med at Libanon vart ein sjølvstendig stat. Den presenterer viktige hendingar vidare fram til 1978, og er ganske grundig, særleg om åra 1974 til 1978 då Israel rykker inn i Sør-Libanon. Framstillinga må kallast nøytral fordi den ikkje kan kallast pro-israelsk, og heller ikkje omtalar nokon politiske eller religiøse grupper positivt. Ein kan

---

<sup>161</sup> BB 9/6/sept80: 8

<sup>162</sup> BB 9/6/sept80: 8

<sup>163</sup> BB 2/8/feb82: 17

sjølvsagt alltid kritisere kva fakta som er med eller ikkje er med, men framstillinga synest ikkje å ha nokon bevisst slagside. Ein annan generell kritikk, som ikkje rammar berre Blue Beret, er at det oftast er negative hendingar og konflikter som blir nemnt, og ikkje dei positive daglege hendingane. Blue Beret for juni 1982 har ein artikkel «Libanon i støpeskjeen», som særleg legg vekt på den religiøse balansa.<sup>164</sup> Den går attende til det osmanske riket, og nemner folketellinga i 1933. Men den hevdar at det ikkje er berre religion som betyr noko. Den seier at ikkje er full semje innan dei ulike religiøse gruppene heller, og at Libanon har vore prega av at ei rekke store familier har dominert biletet. Artikkelen er skriven av Aftenposten sin korrespondent i Midt-Østen og Beirut, John Harbo, og han prøver også å analysere dagens (dvs. i juni 1982) situasjon. Han omtaler særleg Syria si fredsstyrke og Israels bruk av Major Haddad. At Blue Beret bruker ein Aftenposten-artikkel kan bety at dei sjølve ikkje tek direkte ansvar for vurderingane som Harbo har. Men også at forsvaret meiner at dette kan vera nyttig informasjon for soldatane når Harbo skriv om dei ulike gruppene sine hensikter, og kva som er hans spådommar om framtida. Han skriv til dømes at det er tre alternativ framover: -at det blir nasjonal semje mellom dei kristne og muslimane, mot palestinerane, eller -at større deler av Libanon kjem under internasjonal kontroll, eller som det tredje: -at Haddads innflytelse blir auka ved at han får kontroll over områder nord for Litani.

Fyrst i kontingent 19, altså i 1987 etter at styrken har vore i området i over 9 år, kjem det ein artikkel på ei side om «Palestinerne, hvem er de».<sup>165</sup> Den fortel om flukta i 1947, ei flukt dei fleste trudde skulle bli kortvarig. Massakra i landsbyen Deir Yassin og truslar om nye blir nemnt som ein av årsakane til flukta. Mange vart statsborgerar i Jordan eller Israel, men dei fleste er statslause. Avsnittet væpna kamp seier: «Israel fødd gjennom væpna kamp og diplomatisk kløkt, palestinerne forsøker å ta landet tilbake med våpen i hånd».<sup>166</sup> PLO blir her sagt å ha vorte danna i 1965, og med Yassir Arafat som leiar. Israel betraktar PLO som ein terrororganisasjon, men artikkelen seier vidare: «I stigende grad blir imidlertid den palestinske kampen sett på som en rettferdig motstandskamp. PLO har observatørstatus i FN som representant for det palestinske folket».<sup>167</sup> Dette er skreve november 1987. Omtala av flukta i 1947 har med massakra i Deir Yassin som årsak, og utsegnene eg har sitert er vel meir palestina-vennlege, enn Israel-vennlege. At forsvaret ventar i nesten 10 år etter at UNIFIL vart sett inn, med å koma med ein slik artikkel er vel uttrykk for at dei ynskte å vera nøytrale. Ei omtale kan nesten uansett bli oppfatta å støtte synet til

---

<sup>164</sup> BB 7/9/juni82: 10

<sup>165</sup> BB 1/19/1987: 5

<sup>166</sup> ibid

<sup>167</sup> ibid



ein part. Artikkelen seier til dømes at araber kan tilsvare europeer som brei betegnelse, medan ein kuwaiter er ein araber som bur i Kuwait, og ein palestinar er ein araber som bur i Palestina. Dette kan synest som eit kompromiss mellom Israel sitt syn om at det ikkje finst palestinerar, berre araberar, og PLO sitt syn om at Palestina er staten for palestinerar.

I kontingent 11 er det ein artikkel kalla «Libanon -fra de eldste tider til idag».<sup>168</sup> I kontingent 13 ein artikkel med tittel «Midt-Østen i perspektiv».<sup>169</sup> Andre bakgrunnsartiklar er om byen Tyr si gamle historie, fleire artiklar omhandlar religionar og i 1984 kjem ein artikkel om dynastiet Gemayel. Samla inntrykk av alle desse er framleis at dei er nesten leksikalske. Dei har ei fortelling med svært mange fakta, og ingen vurderingar av rett og galt. Det meste av informasjonen forsvaret gav gjennom Blue Beret hadde som utgangspunkt det militære oppdraget, og kva informasjon soldatane trengte for å løyse det. Men forsvaret har også ei velferdsoppgåva. Soldatane reiste på permreiser til Israel og Damaskus og måtte då oftast kjøre bil eller buss gjennom Sør-Libanon, eller Bekaa-dalen. Informasjon om områda dei reiste gjennom og folka som budde der kunne det då vera både nyttig og interessant å ha med seg. Sett som velferdstiltak kan mykje av omtalene samanliknast med turistbrosjyrer, der det spesielle og spanande blir drage fram, og ikkje konfliktene.

Sjølv om det synest som om forsvaret orienterte mykje og grundig kom det kritikk av norsk informasjon. I Blue Beret for september 1984 er det eit intervju med kaptein Bjørn Berg. Han er Militær Informasjons Offiser (MIO) i NORBATT. Jobben er å samle inn all informasjon om området og konflikta, oftast opne kjelder som avisa «The Jerusalem Post». Han seier at den generelle orientering om Midt-Austen og Libanon føreåt kunne vore betre. Han er lærar av yrke og peiker på at film og lysbilete kunne vore brukt. Til dette kan ein seie at det blir aldri nok informasjon. So er spørsmålet kor lett det er å ta imot informasjon. Som eg kommenterte om brosjyrene forsvaret delte ut før avreise var mykje av stoffet akademisk og teoretisk. Mange av soldatane var også mest opptekne av det militære oppdraget, og tenkte mindre på samfunnet dei skulle til.

FN-soldat i 1982/83 Pål Rogne-Renna meiner at «Vi ble på Gardermoen informert om at Israel var våre venner og at jallaen ikke var det. Du kan si vi var 90% pro Israel og 10% jalla da vi dro ned».<sup>170</sup> Ut frå innhaldet i brosjyrene kan dette virke pussig. Ei forklaring kan vera at Rogne-Renna som dei fleste nordmenn då var mest pro-Israel og tolka informasjonen dei fekk i samsvar med det. Rogne-Renna skifta også syn under opphaldet i Libanon, så hans opplysning kan ikkje vera påvirka av hans syn i dag.

---

<sup>168</sup> BB Samleblad/11/juni83: 3

<sup>169</sup> BB 1/13/juni84: 20

<sup>170</sup> Rogne-Renna, intervju 2015

## Israel som samfunn og deira syn på FN

Korleis Israel blir sett på samfunn og stat og ikkje som part i konflikta i Libanon kan vera av interesse å sjå på. Eg har her også plassert omtale av Israel sine hensikter bak politikken vi kan oppleve i det daglige i Libanon. Her er det berre 12 artiklar, av desse kan 5 klassifiserast som positive (=positiv til Israel, israelske samfunnet), 2 nøytrale og 5 negative (=negative/kritiske til Israel, både i Israel og i Libanon etter 1982 då Israel var okkupasjonsmakt i UNIFIL-området).

For å ta dei kritiske fyrst: Fyrste negative artikkel kjem i Blue Beret so tidleg som mai 1978. Redaktøren siterer tidsskriftet *Farmand* nr. 15-april 1978 om at «..et av Israels delmål ved invasjonen i Syd-Libanon har vært å skaffe til veie det endelige beviset på at landet ikkje kan stole på en FN-garanti om sikre grense», og «..fremtredende argument både overfor sitt lands innbyggere og overfor allierte om at landets sikkerhet bare kan baseres på egen styrke. Det betyr nei til en palestinsk stat på vestbredden og det betyr fortsatt okkupasjon av arabisk land».<sup>171</sup>

I Blue Beret for november 1982 gir redaktøren att ein lengre artikkel frå *Aftenposten* (etter FN-vedtaket 19.oktober om forlenging av UNIFIL-mandatet), der det bl. står: «Israel som betrakter FN som en arabisk sammensvergelse vil helst ikke ha UNIFIL-soldater i Libanon, men stilt overfor president Gemayel sterke anmodning kan det være vanskelig å sette seg imot et fortsatt FN-nærvær i utsatte distrikter».<sup>172</sup>

I same nummer blir boka *Libanons tragedie* av Anders Sandvig kort omtalt. Forfattere blir sitert på a: «Den egentlige årsaken til invasjonen er at Israel trenger mer vann, det kan bare skaffes fra de rike vannkildene i Sør-Libanon» og «Han påpeker at Theodor Herzl... allerede ved århundreskiftet innså at en jødisk stat i Palestina måtte sikres adgang til de rike vannkildene i Libanon..».<sup>173</sup>

Alle desse artiklane prøver å forklare Israel si interesse for områda i Sør-Libanon, og synet på UNIFIL-styrken. Dei er forsovidt nøytrale og forklarar Israels hensikter, likevel kan vi kalle dei kritiske då dei seier at Israel har ein skjult agenda med vassforsyning, og at Israel ser på FN som ein arabisk sammensvergelse.

Slike vurderingar er svært sjeldne, i intervju med NORCO og sjef NORBATT unngår desse slike vurderingar om Israels hensikter. Blue Beret bruker difor andre som kjelder for slike vurderingar, dei seier ikkje at dei er deira eigne. Som del av forsvaret må også Blue Beret vera strengt nøytrale. Men i Blue Beret for desember 1989 blir statssekretær Kurt Vollebæk som besøkte

---

<sup>171</sup> BB 3/1/maj78: 4

<sup>172</sup> BB 10/9/nov82: 7

<sup>173</sup> BB 10/9/nov82: 23

UNIFIL-området i november sitert på at «Jeg mener å ha belegg for å kunne hevde at det eksisterer en ny israelsk holdning til UNIFIL. Fra å være kritiske er det nå en større erkjennelse av UNIFILs rolle. Dette har jeg merket i samtaler med israelske myndigheter».<sup>174</sup>

Ein negativ artikkel til kan nemnast. Minnebok for kontingent 30, i 1992, har ein artikkel om 418 palestinere som er deportert frå Israel, til Libanon.<sup>175</sup>

Som positive har eg plassert artiklar om indre forhold i Israel, som til dømes om Eilat som badeby, om business i Jerusalem, om ei utstilling i Tel Aviv om staten Israel, og om presteturar. Presteturar var turar som vart arrangert av den norske feltpresten til bibelske stader i Israel. Alle desse artiklane fortel om dei positive sidene og har ingen kritiske merknader. Dette var reelt nok, Israel vart ein fristad der soldatane kunne reise på perm. Det kan også ligge ei hensikt bak, om å vise at UNIFIL ikkje var fiendtleg til staten Israel. Vi finn ingen oppfordringar til turistboikott eller handelsboikott av Israel, slik motstanderar av Israel oppfordrar til iblant.

Ola Erik Melbye var FN-soldat i 1985/86. I intervju i 2015 tek han fram den store skilnaden på jordbruket i Libanon og Israel. Han var imponert over det tekniske nivået på jordbruket i Nord-Israel. Dei dreiv vatnings-jordbruk, men til skilnad frå Noreg var her vassledningane utover markene gravde ned. Ein fekk då ikkje noko tap til lufta, slik ein får ved vatning ved spredarar. I nord-Israel såg han grønne landskap, medan Libanon var avsvidd.<sup>176</sup> Han kjørte transport og var ofte i nord-Israel. Han skil tydeleg på kva han såg av det israelske samfunnet, og korleis israelske soldatar oppførde seg i Libanon.

Marius Gisvold nemner i si bok *Møte med Libanon* om den fyrste kontingenen at det var stort alkoholbruk blant dei norske soldatane når dei var på permisjon Israel. Dette i motsetning til israelsk ungdom som oftast festa utan alkohol, skriv han.<sup>177</sup> At Israel som samfunn får positiv omtale, kan tyde på at Blue Beret var bevisst på å skille på korleis dei israelske soldatane i Libanon oppførte seg, og om det israelske samfunnet.

Vi blir ikkje fortalt om problem eller konflikter når UNIFIL-soldatane var i Israel. Dette kan vera ei bevisst fordreining av fakta. Etter kvart vart heile UNIFIL utsett for kritikk frå Israelsk styremakter, både for at dei var dårlege soldatar og for at dei tok parti for palestinere, mot Israel. Dette påvirka truleg delar av israelsk opinion, slik at UNIFIL-soldatane vart upoulære og kunne få

---

<sup>174</sup> BB 1/24des89: 10

<sup>175</sup> BB Minnebok/30/1992: 16

<sup>176</sup> Intervju med FN-soldat Ola Erik Melbye mars 2015

<sup>177</sup> Gisvold 1979: 44

kritiske kommentarer frå den vanlege israeler.<sup>178</sup> Mange norske soldatar reiste difor i sivil når dei var på permisjon i Israel, istadenfor å bruke uniform. Men dette blir det ikkje fortalt om i Blue Beret.

## Syn på partane i Libanon

Går vi so over til delemne tre, om omtale av partane i Libanon har eg her funne i alt 145 artiklar. Av desse har eg plassert 17 som pro-Israel (=positiv til Israel/negativ til motparten), 78 som nøytrale og 50 som anti-Israel (=kritisk til Israel, positiv til motparten). Ein artikkel som er negativ til PLO er då plassert i gruppa pro-Israel, medan ein som har negativ omtale av Israel/DFP er plassert i gruppa anti-Israel. Med motpart meiner eg då her alle dei ulike gruppene som i Libanon som til ulike tider vart sett på som Israels motpart, i den fyrste tida særleg PLO, seinare Amal og Hizbollah, og nokre gonger den libanesiske hær, Lebanese Army. Under Israel som part tek eg også med gruppa South Lebanese Arme (SLA). Denne gruppa var leia av den libanesiske kristne major Saad Haddad. Haddad tenestegjorte i den libanesiske hær, men braut ut og danna si eige gruppa, slik mange andre offiserar gjorde. FN meinte at SLA var styrt av Israel og ville ikkje anerkjenne dei som ein eigen part. Difor brukte FN nemninga De Facto Forces (DFP) om gruppa. I daglegtale vart dei blant FN-personell kalla Haddad-styrkene.

Då UNIFIL kom i 1978 var partane i området Israel som hadde okkupert delar av Sør-Libanon, og PLO som hadde utført angrep mot Israel frå basar i Sør-Libanon. Desse angrepa hadde PLO utført etter at dei var kasta ut av Jordan i september 1970 og særleg frå 1976. Den libanesiske regjeringa var også ein part. Dei hadde ingen eigne hærstyrker i sør på grunn av borgerkrigen, men mouktarane i landsbyane representerte i prinsippet sentralregjeringa. I praksis representerte dei, saman med mayor/borgarmestrene, landsbyane sine. Eitt punkt i FN-mandatet var at UNIFIL etter kvart skulle overlata kontrollen i sine område til den libanesiske regjeringa og deira hærstyrker.<sup>179</sup> Israel trekte seg ut av Libanon i 1979, men gav over ei stripe omlag 10 km djup nord for grensa, til SLA under leiing av Saad Haddad. Etersom sentralregjeringa i Beirut i praksis hadde mista kontroll dukka det opp væpna grupper frå dei ulike religiøse og politiske partane. For UNIFIL vart AMAL ein slik part, ei sjimuslimsk gruppe i sør-Libanon. Seinare overtok Hizbollah delvis denne rolla. Hizbollah, eller Guds parti, vaks raskt etter starten i 1982. Dei ville ha ein islamsk revolusjon og var

---

<sup>178</sup> Gisvold 1979: 96

<sup>179</sup> <http://unispal.un.org/UNISPAL.NSF/0/E25DAE8E3CE54FB5852560E50079C708>, i mi omsetjing, Originalversjon på engelsk lyder: «3. Decides, in the light of the request of the Government of Lebanon, to establish immediately under its authority a United Nations interim force for Southern Lebanon for the purpose of confirming the withdrawal of Israeli forces, restoring international peace and security and assisting the Government of Lebanon in ensuring the return of its effective authority in the area, the Force to be composed of personnel drawn from Member States;»

inspirerte av ayatollah Khomeinis revolusjon i Iran i 1979. Dei var både eit politisk parti og dreiv velferd som sjukehus og skular.<sup>180</sup>

Etter den israelske invasjonen i 1982 forsvann PLO som væpna makt frå Libanon, medan Israel okkuperte delar av UNIFIL sitt område.<sup>181</sup> Israel trekte seg ut i 1985, men held fram med å støtte SLA, og med å sende patruljer inn i området. I 2000 trekte Israel seg heilt ut, og SLA gikk i oppløysing.<sup>182</sup> Mange av soldatane søkte då opphald i Israel. Andre prøvde å få amnesti i Libanon.<sup>183</sup> Avisa The Times of Israel hadde den i mai 2014 ein artikkel med overskrifta «*Lebanese patriarch prays in Israel with exiled fighters*». Den fortel om SLA veteranar som bur i Capernaum i Galilea og som føler seg svikta av dei israelske styresmaktene. Dei har lågt betalte jobbar i restaurantar og reinhald. Libanesiske borgerar får ikkje reise til Israel då statane teknisk sett er i krig, men eit unnatak er gjort for den patriarken i den maronittiske kyrkja i Libanon. Om lag 10.000 maronittar bur i dag i Israel.<sup>184</sup>

Mi opptellinga som viste at det var 17 artiklar som var positive til Israel/negative til motparten, og 50 som var motsett: negative til Israel/positive til motparten. Dette kan synest å gje svaret; at omtalene hadde ei slagside mot Israel. Tilsaman blir dette 67 artiklar, som er litt mindre enn dei 78 artiklane eg har kalla nøytrale. Ser ein på utviklinga utover i UNIFIL-perioden frå 1978 kan ein også finne ei endring. I kontingenane 1 til 4 var det i alt 24 omtaler, der eg har plassert 19 som nøytrale, 1 som positive og 4 som negative. I kontingent 15, frå juli 1985 til november 1985, finn vi 1 positiv artikkel, 6 nøytrale og 7 negative, og i kontingent 17, frå juli 1986 til september 1986 finn vi 5 positive, ingen nøytrale og 5 negative. Ein kan raskt tolke dette som at Blue Beret-redaksjonen var forsiktige i starten og la vekt på å vera strengt nøytrale, medan dei opna opp etter kvart. Som vi vil sjå er det også skilnad på rein informasjon frå redaksjonen, som oftast prøver å vera nøytral, og på konkret omtale av enkelthendingar der ei vurdering av partane lettare kjem fram. Ei slik rein opptelling av artiklar kan likevel bli for enkel og kanskje også iblant misvisande. Det er store og små artiklar her, og mange artiklar er heller ikkje so lette å plassere i kategoriane positiv, nøytral eller negativ.

Vi bør difor gå nærare inn på ein del av artiklane og korleis dei omhandlar partane. I fyrste nummer av Blue Beret for april 1978 er det eit intervju med sjef for Norbatt, oberst Vegar Aabræk, om forhandlingar med de ulike partane i området, og han nevner Israel og falangistene. Om

---

<sup>180</sup> Waage 2013: 241

<sup>181</sup> Waage 2013: 238

<sup>182</sup> Waage 2013: 245

<sup>183</sup> Odd Karsten Tveit, *Libanon farvel. Israels første nederlag*. Oslo: Aschehoug 2010- 2011: 658

<sup>184</sup> «The times of Israel» 29.mai 2014

PLO seier han at Israel og falangistane synest NORBATT har gitt for mykje etter overfor PLO. Aabræk poengterer at vi er her nede som ein upartisk styrke for å opprette fredelege tilstandar.<sup>185</sup> NORCO oberst Helge Faret seier i intervju i Blue Beret for juni 1978 at å dei har delvis lykkast med halde fredelege tilstandar, «...men de to andre partene i området står utanfor UNIFIL og det er de som skaper vanskeligheter».<sup>186</sup>

### Kontakt med PLO. Frå det usikre til respekt

Sitatet frå oberst Faret kan tyde på kontakta med PLO ikkje var etablert enno. Nordmennene såg raskt at slik kontakt måtte opprettast skulle oppdraget lykkast. To norske offiserar gikk difor ubevæpna fram til palestinske stillingar ved landsbyen Kaukaba og fekk ei fyrste kontakt.<sup>187</sup>

I Blue Beret for mars 1979 blir det fortalt at Blue Beret er med NK i NORBATT, oberstløytnant Tormod Sleppen på ei vanleg arbeidsveke for han. Tysdag reiser dei til major Saad Haddad i Marjayoun. Dei forhandlar der om transport av diesel til sivile i Ebel-el-Saqi, og blir samde om at Haddad ikkje skal skyte. Dei fortel om etablering av ein ny OP, som Haddad liker og velsigner. På torsdag er det møte med leiaren for lokale myndigheter (leftistene) i Hasbaya, om praktiske ting som skule og elektrisitet. På heimvegen er det møte med PLO i Kaoukaba-krysset, der dei blir samde om å ringe og ikkje skyte hvis det oppstår problem. Artikkelen innleier med at denne sida av tenesta av NORBATT ikkje er blant dei mest kjente, men kanskje er det det aller viktigaste å oppretthalde dagleg kontakt med partane.<sup>188</sup>

Etter kvart kjem fleire artiklar om kontakten med PLO og andre palestinske grupper. Iblant blir dei kalla infiltratørar.

Blue Beret for februar 1980 skildrar eit møte med PLO. Presseoffiser i NORBATT vart stoppa i ein PLO-post og slapp ikkje gjennom. Han kom etter kvart i samtale med eit par av PLO-soldatane. Den eine, i 30-åra, fortalde at han var fødd i Jordan, men hadde måtte flykte og hadde no budd 15 år i Libanon. Den neste var ein unggut på 13 år. For båe var Palestina det forjetta landet. Dei understreka at dei ikkje var terroristar, men geriljasoldatar. Presseoffiser avsluttar med at sjølv om det var kaldt i januar og han i sin uniform fraus, so var PLO-soldatane tynt kledde og budde i noko som likna eit norsk materialskur. Han synest inderleg synd på dei, skriv han, særleg dei yngste gutane –

---

<sup>185</sup> BB 1/1/apr78: 7

<sup>186</sup> BB 4/1/juni78: 4

<sup>187</sup> Gisvold 1979: 37

<sup>188</sup> BB 3/2/mars79: 12

Kalashnikov-generasjonen.<sup>189</sup> Vi får etter kvart fleire døme på at norske soldatar etter kontakt med PLO både synest synd på dei og heller ikkje vurderer deira militære utrustning og opplæring særleg høgt.

Fyrste gong ei kamphandling blir omtala er i Blue Beret for januar 1979. Den fortel om eit bakhold ved Chebaa der ei sivil stasjonsvogn blir beskytt. Det vart funne 68 kulehol samt spor etter panservern (PV)-granatar i bilen, og sjåføren vart drept. NORBATT sendte ut eit lag som fekk kontakt med ei gruppe på 20 infiltratørar. Kven infiltratørane var blir ikkje sagt. Det blir funne tomhylser, av type 7,62 x 51, og rester av ein RPG 7-granat. Ofte kan ammunisjon fortelje kva slags våpen som vart brukt, og dermed også kva part det var som brukte våpna. Men her blir det ikkje kommentert eller spekulert om.<sup>190</sup>

Blue Beret for 1979 fortel om at ein postbil som var kapra for nokre veker sidan på vegen frå Naqoura til Tibnine er kome til rette. Artikkelen er humoristisk og fortel at bilen var omlakkert med mørkegrøn måling på både karosseri og vindu, og at den var pynta med meir eller mindre uforstålege tegn. Den seier ikkje noko om kven som sto bak kapringa, eller korleis bilen dukka opp att. Men den seier at einslege kjøretøy har lagt om om kjørevegen dei brukar. Soldatane i NMC i Tibnine visste nok kven som sto bak, men truleg ikkje soldatane i NORBATT. At artikkelen bevisst lar være å seie kven som sto bak, må nok ei gong vera for å ikkje støyte nokon av partane.<sup>191</sup>

Ein artikkel i Blue Beret for 1979 fortel om NORBATTs militærpoliti (MP) og deira oppgåver. I ein setning blir det sagt av avhør og registrering av infiltratører som blir anholdt i NORBATTs ansvarsområde (A/O) er ei av deira viktigaste oppgåver. Kven desse infiltratørane er blir ikkje sagt, kanskje fordi «alle» veit at det på denne tida er PLO ? Forsvaret er altså heile tida varsame med å namngje grupper, dei bruker konsekvent nemninga «infiltratører».<sup>192</sup>

Men i Blue Beret for juni 1980, altså eitt år seinare, er det ein ny artikkel om MP-tjenesta i NORBATT. No er det litt meir utfyllande enn året før. Artikkelen siterer MPs-sjef løytnant Sven R. Revdahl på at dei har hatt om lag 20 infiltrasjonssaker sidan dei kom dit, og mange av sakene omfattar fleire personer. Avhøra er ikkje alltid enkelt seier Revdahl, uansett kor godt engelsk infiltratørane pratar so seier dei sjølv sagt at dei berre kan arabisk. Og at det er tungt å drive avhør gjennom arabisk-talande tolk. Som oftast vil dei anholdte heller ikkje svara på det dei blir spurte om. Artikkelen seier altså at infiltratørane pratar arabisk, men ikkje meir om kva slags gruppe dei høyrer

---

<sup>189</sup> BB 2/4/feb80: 10

<sup>190</sup> BB 1/2/jan79: 6

<sup>191</sup> BB 4/3/apr79: 12

<sup>192</sup> BB 8/3/juni79: 4

til.<sup>193</sup> I Blue Beret for mai 1981 skriv om «Stadig like problematisk. Gjøkeredet i NORBATT a/o».<sup>194</sup> Den omtalar det såkalla «Reiret», ei PLO-stilling inne i NORBATTs område. PLO hadde etter gjeldande avtale rett til å ha 12 soldatar der , og det var sett opp tider for utskifting av mannskap og henting av proviant.<sup>195</sup> Artikkelen seier at PLO provoserer og tester avtalene. PLO-styrken består også av to grupper, Democrati Democratis og Fatha, som artikkelen kallar dei. Desse to gruppene kranglar iblant innbyrdes og då kan skyteepisoder og slossing forekomme. Denne artikkelen har eg då klassifisert som Pro-Israel fordi den har ei negativ omtale av motparten.

Den palestinske sida blir oftast ikkje fordømd, men det er fleire artiklar om at dei norske synest synd på desse lurvete soldatane. I artikkelen i februar 1980 blir to geriljasoldatar sitert på at dei ikkje er terroristar, men geriljasoldatar.<sup>196</sup> Det kjem også fram at den palestinske sida ikkje er samstemt, det er ulike grupperingar med ulike hensikter. Gisvold seier at dei lærte etter kvart at det det var ulike haldningar til UNIFIL-styrkene frå dei palestinske gruppene. «Alle holdningar frå luttar vennlighet til bittert fiendskap var representert».<sup>197</sup>

Gisvold har også ein refleksjon omkring kven den palestinske geriljasoldaten er:

Den enkelte frigjöringssoldat har ofte ingen eller mangelfull skolegang. Oppveksten i flyktningeleirene gir ikke så mange stimuli, og de starter tidlig som soldater... Miljøet er et knallhardt mannsamfunn, fattig på varme og kjærlighet... Det er et miljø som skaper menneskelig kulde og avstumpethet, nærvøisitet og oppfarehet i samværet».<sup>198</sup>

Det blir lettare å være nøytral når ein forstår «disse flerfoldige skyggesider i palestinernes soldattilværelse».<sup>199</sup> Og Gisvold oppsummerer slik: «Å stille like store krav til mennesker med så ulike forutsetninger, er hverken nøytralt eller tilbørlig».<sup>200</sup>

### Kontakt med IDF, frå godfot til negativ

Israels hær, Israeli Defence Forces (IDF) sto i området då UNIFIL rykka inn. Blue Beret for desember 1978 har eit kort intervju med sjef NORBATT oberst Hunstad. Han seier der at «vi er kommet på god talefot med impliserte parter. Om IDF har støttet oss i alle sammenhenger er jeg meir usikker på».<sup>201</sup> Kontakta med partane ser no ut til å vera i orden, vi har også for fyrste gong ein litt

---

<sup>193</sup> BB 6/5/juni80: 8

<sup>194</sup> BB 5/5/mai81: 6

<sup>195</sup> Kairo-avtala, Larsen 2008: 50

<sup>196</sup> BB 2/4/febr80: 10

<sup>197</sup> Gisvold 1979: 53

<sup>198</sup> Gisvold 1979: 61

<sup>199</sup> ibid

<sup>200</sup> ibid

<sup>201</sup> BB 2/9/des78: 1



kritisk omtale av IDF, sjølv om det blir formulert som eit spørsmål. Sjef stabskompaniet major Reidar Kjelstrup seier i same nummer det same; at dei har lykkast i å opparbeide eit godt forhold til partane. Han seier også at det er viktig å forhandle framfor forsøk på maktdemonstrasjon. Dette er i forståing med norske myndigheter heime, seier han. Dette siste truleg for å markere overfor soldatane som les dette, at det er offisiell norsk politikk. I Blue Beret for juli 1978 fortel forsvarsminister Rolf Hansen om at situasjonen er vorte verre etter at israelerne trakk seg attende og overlot området til kristne falangiststyrker.

Etter kvart ser vi ei dreining i omtalen. Fleire kontakter og samanstøytar med dei ulike partane kan vi no plassere som negativt for den parten som bli omtala, fordi artikkelen har noko kritisk eller fordømande å anføre. Artiklane er altså ikkje berre refererande lenger, men har også med vurderingar, altså som oftast negative. Døme på dette kan vera ein artikkel i Minneboka for kontingent 22 i 1988. Den fortel om deportasjonar frå NORBATTs område. Fyrst om den 5.januar 1988 då 26 sivile vart deportert frå Ebel-el-Saqi, og deretter 25.januar same år då 37 sivile vart deportert frå Chebaa. Dei deporterte vart av IDF transporterte ut av det israelsk-okkuperte området med klar ordre om ikkje å koma attende. Dei fekk ikkje ta med seg korkje klede, eigedelar eller pengar. Styresmaktene i Beirut tok seg etter kvart av dei, og skaffa det mest naudsynte dei trengte for å overleva. Flesteparten av desse i alt 65 deporterte var kvinner og barn, seier artikkelen, og blant dei fleire mentalt tilbakestående. Dette sette sinna i kok innad i bataljonen.<sup>202</sup> NORBATT rapporterte det som brot på Genevekonvensjonen og dette førte til eit spent forhold mellom NORBATT og IDF, DFF og GSS. GSS(General Security Service) var ein israelsk organisasjon, oppretta av hæren. Artikkelen seier at praksisen med å deportere sivile stoppa, og «det er ikke tvil om at NORBATTs rapportering og medieomtalen i store deler av verden hadde sitt å si».<sup>203</sup>

Minneboka for kontingent 22 fortel om episoda 7.mars 1988 då IDF trengte seg inn i Ebel-el-Saqi med ei stridsvogn og 2 PPK samt 80 mann og let etter seg åtte skadde UNIFIL-kjøretøy. Berre rolig og sindig opptreden frå Norbatt-soldatane forhindra at situasjonen utvikla seg til noko langt alvorlegare. Mange slike episoder skjedde i den perioda då Israel okkuperte også UNIFIL-sona, frå 1982 og i praksis til 1990. Her poengterer Blue Beret at rolig og sindig opptreden er det rette, og at å vera augnevitne samt rapportere vidare er den rette vegen å gå. Men det var ein vanskeleg situasjon for NORBATT-soldatane å berre stå og sjå på når sivile vart henta og frakta vekk.<sup>204</sup>

---

<sup>202</sup> BB Minnebok kont 22 1988: 25, 45

<sup>203</sup> BB Minnebok kont.22 1988: 26

<sup>204</sup> BB Minnebok kont 22 1988: 27

### Forholdet til South Lebanes Army/De Facto Forces, frå vondt til verre

South Lebanese Army (SLA) eller De Facto Forces (DFF) som UNIFIL kallar dei, får frå fyrste stund ein heller negativ omtaler. Sjølv om dei er leia av major Saad Haddad, utdanna i USA, er dei ein heller udisiplinert gjeng, som ofte gjer grovarbeidet for Israel. Dei blir også kalla falangistane.

I Blue Beret for august 1978 blir det fortalt om episoda 31.juli då 600 soldatar frå den libanesiske hær kom til NORBATT sitt område. NORBATT skulle etter FN-mandatet skape ro i området og so overlate det til den libanesiske regjering. Men nordmennene opplevde no at dei libanesiske soldatane vart kraftig beskytt frå falangiststillingar. Artikkelen, eller heller notisen, den er ganske liten, er signert P.J., truleg ein vanleg soldat ?, og han kommenterer at « er vi i det hele tatt i stand til å forstå det som skjer her nede ?»<sup>205</sup> Vårt forsøk på logisk tankegang om situasjonen fikk ein alvorleg brist, seier han vidare. Men han seier vidare at ein må anta at FN si oppgåve er viktig og at norsk tilstedeværelse er absolutt nødvendig. Artikkelen/notisen har eg plassert som nøytral, då den berre skildrar kva som har hendt. Men det viser kor vanskeleg det var for dei norske soldatane å orientere seg om partane, og om kven som var på parti med kven. Han/P.J. hadde nok automatisk gått ut frå at falangistane i sør og den libanesiske regjeringa var på same side.

Kor langt Blue Beret gikk for å ikkje ta stilling ser vi i omtala av hendinga i FN-hovedkvarteret Naqoura 18. og 19. april 1979.<sup>206</sup> FN-hovedkvarteret ligg nede ved Middelhavet. Lenger opp i åsen finn vi landsbyen Naqoura. Heile dette området låg i den sona DFF kontrollerte, den såkalla enklaven. Den 18.april kl. 1045 vart det avfyrt skot frå landsbyen mot eit NORAIR heilikopter som landa, og fem væpna soldatar vart observert rett utanfor FN-leiren. Etter varselskot og skotveksling vart ein av desse teke til fange, tre flykta og ein var død,. Det var uvisst om han var skote av FN eller drept av skyting frå landsbyen. Den drepte og fangen vart utveksla med ein amerikansk oberstløytnant som hadde kjørt opp til landsbyen for å forhandle. På natta til 19.april, vart so FN-hovedkvarteret lagt under ild frå landsbyen, samla vart det avfyrt 200 bomebekastargranatar, 4000 maskingevær-skot og eit stort tal handvåpen-skot. Åtte UNIFIL-soldatar vart såra. Mest alvorleg var kanskje at det vart skote mot felthospitalet, som NORMEDCOY dreiv. Både personellet og pasientane her vart raskt evakuerte til tilfluktsromma.

Når Blue Beret skal skrive om denne episoden seier dei fyrst: «De som var stasjonert i Naqoura vet jo hva som skjedde,... vi andre vet ikke meir enn vi har lest i norske aviser. Og disse kan man som kjent ikke alltid stole på – det har vi sett før.»<sup>207</sup> For å gje eit korrekt bilde av det som skjedde brukar Blue

---

<sup>205</sup> BB 5/1/aug78: 3

<sup>206</sup> BB 5/3/mai79: 8

<sup>207</sup> BB 5/3/mai79: 8

Beret difor UNIFILs politiske talsmann, Timur Gøksel frå Tyrkia. Gøksel gir so eit oversikt over det som skjedde, i militær stil, med klokkeslett, og antall skot i dei ulike skotvekslingane. Einaste vurderinga er om skytinga mot ambulanser og kontorbygningar i tilknytning til felthospitalet, «..slikt gjør man ikkje en gang når det er full krig. Det ble heldigvis ikke skutt direkte mot feltsykehuset».<sup>208</sup> Men utover dette altså ingen fordømming av den angripande part. Han seier heller ikkje kven dette var, berre at skytinga kom frå Naqoura Village. Han skriv tidleg i orienteringa at dei siviltilsatte arbeidarane ikkje møtte på jobb 15.april. Og til slutt skriv han: «Etter all skytingen 18. og 10.april har UNIFIL ønsket å vente litt med å ta inn de nærmere 80 sivile leirarbeidere i Naqoura Village – dette av forståelige grunner».<sup>209</sup> I dette ligg vel at han meiner desse sivile var varsla om angrepet, og det er uklart kvar deira lojalitet går, til UNIFIL som arbeidsgjevar eller til DFF som styrte i landsbyen. Men dette var eit problem UNIFIL var fullt klar over i heile området. Sivile tilsette, som UNIFIL gjerne ville ha for å skape lokale arbeidsplassar, vart ofte utsett for press og truslar i landsbyane sine om å gje opplysningar om UNIFIL-styrkene. Men dette skriv ikkje Gøksel, han seier berre «forståelige grunner». I tillegg til orienteringa om kva som faktisk skjedde, forklarar Gøksel om årsaken til angrepet. Han seier at det må sjåast i samanheng med at ein bataljon frå LEB ARMY skulle plasserast i UNIFIL-området. Dette førte til artilleribombardement i to dagar frå DFF, blant anna mot Ebel-el-Saqi der den norske soldaten Jarle Warberg vart drept av eit granatnedslag.

I motsetning til denne svært nøkterne framstillinga i april 1979, velger Blue Beret ein annan måte å skildre ei ny hending i våren 1980. Denne står i Blue Beret for mai 1980 og har overskrifta «Mirakel at det gikk bra.» Den seier at «Midt i de dramatiske begivenhetene da feltsykehuset i Naqoura i Syd-Libanon ble bombet og beskytt sto det noen uredde karer som viste stor kaldblodighet og personlig mot, og som kanskje reddet mange av sine kamerater fra en tragisk skjebne».<sup>210</sup> Den fortel om seks namngitte norske soldatar som klarte å få kjørt unna fem tankvogner lasta med bensin. Dette skjedde medan leiren vart skote på med bombekastargranatar, og ein fosforgranat trefte midt i bensinlageret. Tankbilane som sto nokre meter unna måtte difor flyttast raskt. Dette lykkast, men dei eine, løytnant Sæthershagen fortel til Blue Beret at han etterpå oppdaga at bilen han kjørte vekk hadde fått to skot gjennom radiatoren, eitt i dieselryret og eitt treff i bensintanken. Dette siste hadde som ved eit mirakel ikkje gått gjennom metallet. Artikkelen sluttar med at «Hele gjengen i Medcoy

---

<sup>208</sup> BB ibid

<sup>209</sup> BB ibid

<sup>210</sup> BB 5/5/mai80: 7

var som en eneste stor familie og vi lo lettet over det hell vi hadde hatt i uhellet».<sup>211</sup> Og legg til at den italienske sjefen for ITALAIR var fortvila, alle fire helikoptra hans var øydelagte. Heile artikkelen er realistisk, men reint refererande om kva som skjedde og kvifor dei handla som dei gjorde. Den har ingen forklaring på kvifor beskytninga skjedde, og seier faktisk heller ikkje noko om kven sto bak. Det kan vera fordi alle visste at det kom frå områda DFF kontrollerte. Den har ei vurdering til slutt, lagt i munnen på fenrik Rostrup: «Selvsagt var alle rasende over at «de» kunne finne på å skyte på feltsykehuset. En simpel handling.» Kven «de» er blir ikkje sagt her heller. Men som ein motsats har same nummer av Blue Beret på neste side ein artikkel «Barbarisk lørdag i Naqoura» Den innleier med at 12.april 1980 «...begikk major Haddads milits en av de største skjenselsgjerninger en fredsbevarende styrke noen gang er blitt utsatt for».<sup>212</sup> «Den umiddelbart alvorligste konsekvens av skjenselsgjerningen var tap av Medevac-kapasiteten, fordi helikoptrene ble ødelagt». Den forklarer hendinga med at den muligens hadde samanheng med at IRISHBATT hadde teke kontroll over landsbyen At Tiri tidlegare på dagen. Major Haddad hadde deretter varsla sjef UNIFIL general Erskine om at han ikkje lenger kunne garantere tryggleiken til UNIFIL-soldatane eller hindre hevnaksjonar mot dei.

At Blue Beret brukar so sterke ord som skjenselshandling er nytt. Artikkelen er også usignert, som må bety at det er redaktørane som har skrive den. Den brukar heller ikkje teknikken med å legge utsegner i munnen på andre, unnateke eit sitat frå sjef NORMEDCOY, oberstløytnant Kjell Borge, som seier han er overraska over angrepet. «Jeg hadde ikke trodd de ville skyte mot et sykehus».<sup>213</sup> Dei seks norske soldatane som fekk kjørt vekk tankbilane; løytnant Helge Sætershagen frå Oslo, løytnant Finn Smedhaugen frå Oslo, fenrik Einar Bolin frå Ski, fenrik Johan Rostrup frå Kristiansand, soldat Ivar Brenden frå Oslo, og soldat Inge Bakken frå Ophaug, fekk alle Forsvarets medalje for edel dåd. Denne medaljen vart innstifta i 1982 og det var fyrste gong sidan andre verdskrig at Forsvaret delte ut medaljer for tapperheit. Ialt 61 soldatar har fått denne medaljen etter tenesta i Libanon.<sup>214</sup>

I Blue Beret for juli 1980 er det to reportasjer om samantøyt med DFF, kalla «Svart torsdag i Blatt» og «DFF gikk til selvtakt i gråsonen». Her blir det fortalt at DFF ved hjelp av 17 kjøretøy, deriblant 2 stridsvogner og 6 PPK (pansra personellkjøretøy) har prøvd å etablere ei panserstilling i eit omtvista område/gråsonen. NORBATT sender raskt si utrykningsstyrke, men den har berre 4 PPK og er underlegen. Bataljonssjef Ole Rønning prøver å forhandle, men opplever å bli truga på livet.

---

<sup>211</sup> BB 5/5/mai80: 7

<sup>212</sup> BB 5/5/mai80: 8

<sup>213</sup> BB 5/5/mai80: 8

<sup>214</sup> Larsen 2008: 231-232

«Hvor alvorlig situasjonen var, viser det faktum at major Haddad personlig måtte gå mellom for å hindre at hans menn skulle slå ned bataljonssjefen og hans to medarbeidere», seier artikkelen.<sup>215</sup> Resultatet er at NORBATT ikkje klarer å hindre at DFF opprettar panserstillinga. Stillinga har ikkje noko militær verdi, men erfaring er at ein no kan vente mottrekk frå dei andre partane som ligg nord for NORBATT. Det blir ikkje sagt, men desse andre partane må vera PLO. Artikkelen er kritisk til DFFs framferd. Men den viser også noko som er den faktiske situasjon; at DFF er ganske udisiplinerte. Ofte tek NORBATT kontakt direkte med major Haddad, i uklare situasjoner og han får ofte roa ned folka sine.

### Nøytrale omtaler som ikkje fordømmer

Alle desse artiklane har eg plassert som nøytrale. Dei fortel ganske kort om kva som har skjedd. Dei forklarar lite om kvifor, vurderer ikkje rett og gale, og fortel ikkje kven som sto bak aksjonar, sjølv om dei truleg hadde sine begrunna mistankar. Som sagt i innleiinga har eg brukt kategorien nøytral når Blue Beret refererer kva som skjedd, men ikkje fordeler skuld mellom partane.

Med unntak av artikkelen om beskytninga av feltsjukehuset i Naqoura må alle desse omtalane kallast å vere strengt nøytrale, med faktisk omtale om kva som skjedd. Men for å nemne eitt unntak til : Blue Beret for september 1979 har artikkelen »Picnic med Leb.Army«, som i humoristisk stil skildrar landtur norske offiserar har med offisererar frå Lebanese Army og om inntak av grønsaker og drikken Arak.<sup>216</sup>

I kontingent 4 har vi tre omtalar som kallast ikkje nøytrale: Blue Beret for desember 1979 fortel om at sjef UNIFIL- general E.A.E.Erskine er på besøk. Han deltek der personleg i avhør av to infiltratører. Ein av desse, som kunne engelsk, fekk ein strekk på staden av generalen. «..den stakkars libaneseren satt til slutt innerst i et hjørne og sa bare Sorry-Sorry».<sup>217</sup> Om artikkelen skriv dette som ros til Erskine, eller om dei synest synd på libaneseren er uvisst.

Elles i kontingent 4 er det tre artiklar som er absolutt nøytrale. Detter er eit avskjedsintervju i Blue Beret for november 1979 med NORCO brigader Martin Vadset, som berre seier at situasjonen avheng om dei berørte partar kan forhandle seg fram til ein fredeleg løysing.<sup>218</sup> Og eit intervju i desember 1979 med sjef NORBATT Ole Rønning, der han seier at han håper NORBATT framleis kan makte å

---

<sup>215</sup> BB 7/5/juli80: 15

<sup>216</sup> BB 9/3/sept79: 2

<sup>217</sup> BB 12/4/des79: 3

<sup>218</sup> BB 11/4/nov79: 3

vera truverdige overfor dei ulike partane. Mistar vi truverde, inviterer vi til uro, seier han.<sup>219</sup> Til sist ein artikkel i Blue Beret for mars 1980 der oberst Rønning seier det same i eit intervju ved kontingentskifte: «nøkkelordet er fortsatt troverdighet». NORBATT har markert seg aktivt i sitt område og vist ei fast haldning overfor dei ulike partane. «Gjennom forskjellige former for patruljer har vi markert at vi bestemmer innenfor vårt ansvarområde».<sup>220</sup>

At dei øverste sjefane legg so tydeleg vekt på at dei ulike partane skal behandlast likt, og at det rette er ein fast og bestemt handlemåte er eit tydeleg signal til soldatane som les dette. NORBATT fekk også ofte ros frå UNIFIL-leiinga for si patruljeverksemd til alle døgnets tider, noko som var meir uvanleg i dei andre FN-bataljonane. Går vi til kontingent 17, har Blue Beret for juni 1986 ein artikkel «Vi skal jobbe saman». Den er eit intervju med oberst Tor Løseth, ny sjef for NORBATT. Han seier at kontakten med IDF er viktig for å unngå mistydingar og episoder. IDF er folkerettslig ei okkupasjonsmakt og har soldatar i same område som NORBATT. «Jeg har ingen betenkeligheter til vår forbindelse med IDF. Den gir ikke slagside i forholdet om nøytralitet» blir han sitert på.<sup>221</sup>

I Blue Beret nummer 4 i 1990 kjem ein artikkel kalla, «Uviss framtid for Libanon, ingen løysning etter 15 års borgerkrig».<sup>222</sup> Artikkelen er forfatta av kaptein Tore Kvalheim som er militær informasjonsoffiser i NORBATT. Situasjonen siste året har forverra seg seier han, og nemner alle dei ulike aktørane. Han framstiller det som ei fotballturnering, med Leb Army mot Leb Forces på ei side, og Amal mot Hezb Allah på den andre. I tillegg er Israel og DFF med. Palestinerane har vore mindre aktive, som han seier har si årsak i regjeringsskisma i Israel. Viss det blir ei konservativ samlingsregjering i Israel vil nok den palestinske aktiviteteten auke, seier Kvalheim.

Ein konklusjon på alle desse artiklane om partane i konflikta må vera at Blue Beret held fast på linja om å vera strengt nøytral og ikkje ta stilling. Berre å rapportere fakta, og ikkje ha med vurderingar var mest vanleg praksis. Vi finn altså nokre unntak, som ved angrepet på feltsjukehuset i Naqoura og om at journalistane/redaktørane iblant syntest synd på PLO-soldatane.

Her kan også nemnast vurderingar av norske militære, særleg når dei sluttar. Til dømes er det ei heilside i Blue Beret for september 1980 der oberst Ole Rønning blir intervjuet. Han har vore bataljonsjef i NORBATT 4 og 5: «Langt fram til fred i Libanon» er overskrifta. På spørsmålet: Vi får ikkje alltid rosande omtale sør for Blue Line? seier obersten «Vi står mellom parter i en konflikt...For oss blir poenget troverdighet. Vi må vise vilje og evne til å løse vårt oppdrag. Greier vi

---

<sup>219</sup> BB 12/4/des79: 13

<sup>220</sup> BB 3/4/mars80: 12

<sup>221</sup> BB 1/17/juni86: 3

<sup>222</sup> BB 4/24/90: 8

det vil ondsinnet propagande bli verdiløs» og vidare: «Det er ikke vår oppgave å skape fred, men å legge forholdene til rette».<sup>223</sup> Han trur UNIFIL vil bli verande lenge i Sør-Libanon, partane er mange og den libanesiske regjeringa er svak i sør. UNIFIL er ein stabilisator i området Han seier at NORBATT berre skal reagere på episoder, og aldre gå til aksjon fyrst. «Dette er nettopp forskjellen mellom en FN-operasjon og en tradisjonell militær operasjon».<sup>224</sup>

Han seier tydeleg seier at NORBATT og UNIFIL ikkje er ei tradisjonell kampstyrke, men skal legge forholda til rette for at partane ei gong i framtida kan eller må gå i forhandlingar og inngå fred. Dette er eit klart budskap til dei norske soldatane om at kva målet er og kva midlar som kan brukast. Aldri slå til fyrst, og tenk alltid over kva våre motreaksjonar kan føre til vidare. Konflikter skal dempast og ikkje få eskalere.

### Kritikk av at Noreg var partisk

Det er likevel ulike syn på kor upartisk den norske FN-styrken var. I Blue Beret nr.4 i 1987 blir den norske offiseren generalmajor Arne Haugen sitert på at han i det Israel-vennlige bladet «Midt-Østen i fokus» nr.1/1987 i ein lang artikkel «Norske-offiserer anti-Israel ?» seier at

«Bare få offiserer har studert konflikt-historien godt nok før de dro ut, og er ikkje negativt innstilt til Israel. Det store flertall av offiserer derimot er opptatt av overflatefenomener som er synlige frå dag til dag og har liten forståelse for de langsiktige perspektivene i arberstatene og deres betydning for Israels sikkerhet.»<sup>225</sup>

Haugen sitt syn kan tolkast ut frå organet han skriv i. I synet på Israel er det bastante frontar i Noreg. Om arbeiderrørsla har endra eller mjuka opp synet sitt på staten Israel har mange i den kristne rørsla same synet som i 1948. Haugen må få rett i at det lett blir dei daglege hendingane ein ser, og ikkje langsiktige linjer og spelet mellom stormakter og partar i området.

I boka *Farvel Libanon. Israels første nederlag* av Odd Karsten Tveit fortel han ei episode i der NORBATT istaden for å levere attende to libaneserar som hadde flykta frå det israelske/SLA Khiam-fengselet smugla dei ut gjennom israelske linjer.<sup>226</sup> Tveit seier at «dette er det eneste kjente og bekreftede tilfellet hvor UNIFIL-styrker hjalp libanesiske rømlinger. Det vil sikkert dukke opp nye ufortalte historier etter hvert som tiden går».<sup>227</sup>

Den siste påstanden til Tveit er tvilsom. Forsvaret var so tydeleg på å vera nøytrale, og var klar over at slike handlingar kunne gjera stor skade for oppdraget. Ambassadør Hans-Wilhelm Longva seier det

---

<sup>223</sup> BB 9/6/sept80: 10

<sup>224</sup> BB 9/6/sept80: 10

<sup>225</sup> BB 4/18/1987: 24

<sup>226</sup> Tveit 2011: 461

<sup>227</sup> Tveit 2010: 462

same om dei norske FN-soldatane: «Mitt inntrykk var at de fulgte den strenge nøytralitetspolitikken de var pålagt».<sup>228</sup>

## Omtale av det sivile libanesiske samfunnet

At Blue Beret og leiinga i den norske FN-styrken la stor vekt på å vera nøytrale og formidla dette tydeleg til soldatane var som vi burde forvente. Omtale og forholdet til det sivile samfunnet derimot kan vi vera meir usikre på korleis haldninga vil vera til. Militære avdelingar har ofte eit frynsete rulleblad på dette feltet, med bruk av militære midler mot sivile. På dette området er det også vi kan finne utslag av etnosentrisme, eller eurosentrisme som Samir Amin kalla det. Synet om at den vestlege kulturen er overlegen har vorte utfordra av fleire utanom Vesten, som til dømes Edward Said og Samir Amin. Said brukar omgrepet «orientalisme». Med dette meinte han eit vestleg og stereotyp syn på austleg kultur. Samir Amin nyttar omgrepet «euro-sentrisme».<sup>229</sup> Han seier at dei som står bak det dominerande, eurosentriske synet på historia har slagordet: «Etterlign Europa, som det beste av alle verdener».

Ei opptelling av artiklar om det sivile samfunnet i Libanon viser at vi finn vi i alt 164 artiklar. Av desse kan vi plassere 120 som positive, 34 som nøytrale og 10 som negative i si omtale. Også her kan vi då alt ha fasiten, men bør likevel sjå på kva som ligg bak tala.

Fyrst kva situasjonen var i mars 1978: Etter den israelske invasjonen av Sør-libanon 15.mars vedtok tryggingrådet i FN 19.mars 1978 å opprette UNIFIL, med eit tredelt mandat: Å sikre at Israel trekte seg ut, deretter å skape fred og sikkerhet i området, og til slutt å hjelpe til med at den libanesiske regjeringa kunne etablere autoritet og kontroll i området. Dei fyrste UNIFIL-troppene var på plass 23.mars og sette opp hovedkvarter i kystbyen Naqoura. Den norske bataljonen, NORBATT, besto av vel 600 mann og fekk ansvarsområde heilt i aust, på grensa mot Syria. Det norske verkstadkompaniet NORMAINTCOY på omlag 160 mann vart plassert ved byen Tibnine inne i det irske ansvarsområdet (IRISHBATT). Også eit feltsjukehus NORMEDCOY og ein heilkopterving, NORAIR med 30 mann, samt transportkommancoen MOVCON i Beirut var del av den norske kontingenten. Dei norske avdelingane, og særleg Norbatt var usikre på korleis dei ville bli teke imot når dei rykka inn i dette for dei ukjente området. UNIFIL sitt ansvarsområde skulle etablerast i det som Israel hadde okkupert i ein rask sjudagers invasjon frå 14.mars 1978, fram til elva Litani. Ansvarsområdet var eit belte på 10-20 kilometers djubde på nordsida av grensa mellom Israel og

---

<sup>228</sup> Nore 2007: 115

<sup>229</sup> Amin 1992: 9-10



Libanon. UNIFIL fekk ikkje overta heile dette området, Israel og seinare DFF held fast på eit område i midten, slik at den norske bataljonen i aust ikkje hadde direkte kontakt med resten av UNIFIL-området.

Denne fyrste tida blir omtalene i Blue Beret reine referat av kva som skjedde. I analysa vil eg fyrst sjå på korleis denne fyrste tida blir skildra, kva emne redaksjonen i Blue Beret plukkar ut og korleis dei vinklar omtala av det sivile samfunnet soldatane møter. Som nemnt før er dei norske presseoffiserane profesjonelle journalistar og har dermed ein tanke bak det dei skriv. Her er ein del døme frå den fyrste tida, som viser at det var stort spenn i emna som vart omtala.

Det aller fyrste nummeret av Blue Beret frå april 1978 fortel om dei 11 norske soldatane som tok seg forsiktig inn i byen Chebaa, oppe i fjella ved den syriske grensa. Chebaa hadde 12.000 innbyggjarar og hadde unngått alle krigshandlingar, med unnatak av ein hage som vart øydelagd av ein veg israelerane hadde bygd gjennom landsbyen. Innbyggjarane sto på hustaka og vifta då dei norske soldatane kom. Soldatane vart raskt innkvartert privat. Artikkelen har overskrifta «ble maskotter i Chebaa».<sup>230</sup> Neste nummer i mai 1978 har ein artikkel kalla «Tell Dibbine-en druserby som stoler på FN» der fem norske befal og soldater vitjar ein landsby med 480 druserar.<sup>231</sup> Ein delegasjon på 11 lokale menn møtte dei norske, og etter servering av sterk, sukra kaffe la dei lokale fram sine problem, der særleg mat- og vassmangel var sentrale. Den lokale brønnen var sprengt i stykker. I same nummer er det også ein artikkel, «Ebel-el-Saqi, hvor meneskene gråt», der dei lokale blir skildra som

..disse menneskene har møtt oss med en åpenhet, vennlighet og tillit som føles usigelig godt, men samtidig tyngende ved at det håp om fred vår tilstedeværelse har gitt, ikke skal gå i oppfyllelse. Måtte det enda gå slik at dette håp blir til virkelighet – en permanent fred hvor barna i Ebel-el-Saqi får bruke vår nåværende spisesal til skole som den engang var og den forholdsvis uskadde kirken til det samlingssted den sikkert har vært.<sup>232</sup>

Artikkelen fortel om situasjonen etter at NORBATT har vore fem veker i området, der dei lokale vender heim til landsbyane sine, og finn dei skotne sønder og saman.

I kontingent 2 har Blue Beret for oktober 1978 kort omtale av ein innsamling for å betale operasjon av hoftene til 12 år gamle Sonja Ghasap frå landsbyen Fraidiss.<sup>233</sup> Dette er eit tema som kjem att, då helsevesenet i Sør-Libanon både var dårleg utbygd og ein måtte sjølv betale prisen for operasjonar. I Blue Beret for november 1978 er det artikkel om sanitetsmann Inge Mohrsen i kompani B i landsbyen Kfar Chouba. Han er doktor også for den sivile befolkningen. Det vil seie at

---

<sup>230</sup> BB 1/1/apr78: 1

<sup>231</sup> BB 2/1/mai78: 2

<sup>232</sup> BB 2/1/mai78: 8

<sup>233</sup> BB 7/2/okt78: 7

han kan behandle småskader. Meir alvorlige tilfelle sender han vidare til sjukestua i Ebel El-saqi, når det er plass i bilen. Han seier at «befolkningen setter tydeleg pris på det lille vi kan gjøre for dem», og at det etter kvar behandling er obligatorisk te-driking. Den dårlege hygieniske standarden er årsak til at småsår får utvikle seg, meiner han.<sup>234</sup> Sjef for stabskompaniet major Reidar Kjelstrup har i Blue Beret for desember 1978 ei vurdering av tenesta so langt der han seier: «Dernest synest jeg forholdet til sivilbefolkningen er langt bedre enn ventet. Hittil har vi stått oss godt med de sivile og til tross for de kummerlige forholdene de lever under forekommer det ikke uærlighet».<sup>235</sup> Samme nummer har ei omtale av fjellbyen Chebaa der muslimar og kristne har levd fredeleg side om side i 500 år, ifølge den lokale skulelæraren Said.<sup>236</sup>

Blue Beret for januar 1979 har både kort omtale av landsbyen Chouba som er råka av 7 granatnedslag, og at dei lokale inviterer NORBATT inn som beskyttelse.<sup>237</sup> Det blir også fortalt at den 13-årige Ghada Haabous las juleevangeliet på arabisk under den felles julegudstenesta for norske og lokale kristne i landsbyen Rachaiya el Foukhtar.<sup>238</sup> Same nummer har ein artikkel om juletefest for lokale born i Ebel el-Saqi med utdeling av gåver som var samla inn av ei skuleklasse i Trondheim.<sup>239</sup> Ein lengre artikkel handlar om hjelp til sivile; om å hjelpe naud i Kafer Chouba, eit samarbeid med Save the Children om utdeling av eitt ullteppe til kvart av dei 380 borna i landsbyen. Seinare skal det same skje i dei andre landsbyane i NORBATT. Og det blir sagt: i kvar by er det sivile komitear som står for arbeidet på grasrota.<sup>240</sup> Kontakt med den lokale avdelingen av den katolske hjelpeorganisasjonen Caritas blir omtalt i Blue Beret for februar 1979.<sup>241</sup> Sami Ghorra i Caritas set pris på samarbeidet med Norbatt, og seier det beste er direkte økonomisk hjelp, fordi ein då kan kjøpe inn akkurat det som trengs og at lokale innkjøp kan hjelpe til å få det økonomiske livet igang att. Same nummer har omtale av Ahmed, 11åring med polio som har vore fire månader til behandling i NORMEDCOY i Naqoura. Han har usikker framtid med sitt handicap, men kan kanskje få framtidig jobb i NORMEDCOY seier artikkelen.<sup>242</sup> Ei innsamling i Sola kommune blir også omtalt. Den var organisert av Erling Solvik som var heime på leave/permisjon, og gav som resultat 22

---

<sup>234</sup> BB 7/2/nov78: 3

<sup>235</sup> BB 9/2/des78: 5

<sup>236</sup> BB 9/2/des78: 12

<sup>237</sup> BB 1/2/jan79: 3

<sup>238</sup> BB 1/2/jan79: 3

<sup>239</sup> BB 1/2/jan79: 3

<sup>240</sup> BB 1/2/jan79: 10

<sup>241</sup> BB 2/2/feb79: 5

<sup>242</sup> BB 2/2/feb79: 6

kolli med klede til sivile i Ebel el-Saqi. Braathens SAFE gav gratis frakt.<sup>243</sup> Skula i Ebel-el-Saqi startar att, etter oppussing av kjellarlokala under den protestantiske kyrkja. Dei lokale har utført arbeidet og NORBATT har skaffa økonomiske midler.<sup>244</sup>

I dette nummeret frå februar 1979 kjem for fyrste gong henstilling/pålegg om «Slutt med jalla-uttrykket, det heter ikke jallabrød, men libanesisk brød».<sup>245</sup> Utrykket jalla skriv seg frå Gaza-Suez/Unef tida seier notisforfatteren, og er nedlatande. Sett frå soldatane si side var nok dette eit nøytralt uttrykk. Det var eit kort ord og alle forsto kva du meinte. Ordet kan kanskje kallast slanguttrykk. Alternativ som libanesisk er langt og tyngre å uttale. Blue Beret for mars 1979 har ein trist artikkel om Hoddah frå Chebaa som har draum om å bli tannlege. Krigen har hindra ho i å ta examen artium, faren er død, og ho vil no aldri kunne skaffe pengar nok til å studere odontologi.<sup>246</sup> Blue Beret for april 1979 fortel om barneselskap. Då kontingent 2 reiste heim til Noreg brukte dei kantineoverskotet til ein samankomst med lysbilete frå Noreg, og til borna var det gåver, som leiker og skrivebøker samt bøker med arabiske eventyr.<sup>247</sup>

I same nummer blir for fyrste gong eit mouchtarmøte omtala. Ein moukhtar er ein utpeikt representant frå sentralmakta, og var den UNIFIL oftast hadde kontakt med. Mouchtarane innan NORBATT sitt ansvarsområde (AO) møtte leiinga i NORBATT og la fram ynskje om hjelp til å reinske opp eit vassbasseng samt å få ordna elektrisitetsforsyninga til Ebel el-Saqi.<sup>248</sup> Påskefeiring i Rachayia blir også omtala, der dei norske var invitert. Som det står: «Kirken var pyntet av småjenter frå stedet, som hadde besørget blant annet markblomster i en tom Sevenup-boks sentralt plassert på alteret».<sup>249</sup>

Blue Beret for mai 1979 har fyrst ei omtale av minnemarkering i Ebel el-Saqi 21.april for soldat Jarle Warberg som vart drept tre dagar før under artilleribeskytning. At ein stor flokk sivile møtte fram gjorde sterkt inntrykk. Læraren i Saqi held ei kort tale der ho fortalte at staden Jarle vart drepen heretter skulle kallas «Jarles gate».<sup>250</sup> Det vart ny markering 13.juni, då UNIFILS Force Commander generalmajor Emmanuel Erskine og stortingsrepresentant Liv Stubberud la ned krans. Lærar i byen gjennom 40 år, Fuad Rassy la også ned krans og gav i tala si uttrykk for vennskapet med

---

<sup>243</sup> BB 2/2/feb79: 9

<sup>244</sup> BB 2/2/feb79: 11

<sup>245</sup> BB 2/2/feb79: 6

<sup>246</sup> BB 3/2/mar79: 5

<sup>247</sup> BB 4/3/apr79: 3

<sup>248</sup> BB 4/3/apr79: 7

<sup>249</sup> BB 4/3/apr79: 13

<sup>250</sup> BB 5/3/mai79: 1

de norske FN-soldatane. Han avslutta med « den vakre arabiske hilsenen med hånden på hjertet». <sup>251</sup>

Ein artikkel i same nummer frå mai 1979 fortel at NORMEDCOY har behandla 4886 FN-soldatar og 3820 sivile. 156 sivile er operert og 874 har fått tannbehandling. Den sivile helsetenesta har brote saman, dermed ser UNIFIL det som si oppgåve å behandle sivile i den utstrekning dei kan klare det. <sup>252</sup>

Eitt to-dagers permbesøk til Damaskus blir nemnt, som ei positiv oppleving, særleg besøket i handlegata Souken. <sup>253</sup> Same nummer fortel at tre barn døydde og tre vart redda i landsbyen Kfar Chouba, etter å ha ete eplekart som var sprøyta med sprøytemiddelet Bladan. Bladan vart forbudt i Noreg på 1980-talet, her var det brukt oppløysing fem gonger så sterk som det som hadde vore tillate i Noreg. <sup>254</sup> Artikkelen slær dette fast som fakta, utan å legge noko fordømming i det. Ein annan artikkel fortel om Norges-kveld i Hebbariya, med lysbilete frå Noreg. Etter fire foretellingar for borna møtte 2000 sivile opp på kveldsforestillinga, Landsbyen har 3000 innbyggjarar. <sup>255</sup>

Blue Beret frå juni 1979 fortel at kyrkja i Ebel-el-Saqi er opna att, etter eit samarbeid mellom sivilbefolkningen og dei norske FN-soldatane i byen. Kyrkja var delvis øydelagt etter kamphandlingane ved invasjonen i 1978. <sup>256</sup> Same nummer har omtale om NORBATT sitt militærpoliti som har som si viktigaste oppgåvene avhør og registrering av infiltratørar i NORBATTS A/O. Sjef Lt. Refvik seier der at «vi har svært få saker hvor de sivile libaneserne er innblandet. Befolkningen virker svært hederlige og ærlige». <sup>257</sup> Han fortel at dei har saker der FN-Ola har raspet med seg materiell som høyrer til sivile. I alle slike saker de sivile fått sitt materiell tilbake. MP-stasjonen får også besøk av sivile i saker om husleige og penger. NORBATT brukte/leigde i starten sivile hus. I same nummer frå juni 1979 er det også ein grundig artikkel om oliventrea i Ebel-el-Saqi. Byen hadde 1500 innbyggjarar før krigen, og dei levde særleg av 25000 oliventrær. Etter kamphandlingane i 1978 samt ein skogbrann i 1979 står no berre 7000 att. Skogbrannane kan ha starta på grunn av fosforgranatnedslag. Eit tre er verdt 500 libanesiske pund. Eit bilete viser ein lokal gjetar med eit oliventre som skal vera planta i romertida, før Kristi fødsel. <sup>258</sup> Skal vi tolke dette som respekt for ein gamal kultur ? Den sivilt tilsette sydame i NORBATT, fru Sumaya Rassay seier i same nummer at ho ser på dei norske soldatane som sine søner, dei høyrer til familien. Ho legg opp

---

<sup>251</sup> BB 8/3/juni79: 1

<sup>252</sup> BB 5/3/mai79: 3

<sup>253</sup> BB 5/3/mai79: 7

<sup>254</sup> BB 5/3/mai79: 12

<sup>255</sup> BB 5/3/mai79: 15

<sup>256</sup> BB 7/3/juni79: 1

<sup>257</sup> BB 8/3/juni79: 4

<sup>258</sup> BB 8/3/juni79: 6

bukser og syr på merker og namneskilt på uniformane.<sup>259</sup>

Ekteskap mellom den libanesiske Siham Abdo frå Ebel-el-Saqi og løytnant Erik Hoff frå Trondheim blir omtalt i Blue Beret for oktober 1979.<sup>260</sup> Seinare blir fleire ekteskap mellom libanesiske jenter og norske soldatar fortalt om. Også her er Blue Beret nøye med å ha med namn på den libanesiske brura og omtala viser respekt for brudeparet. Skula i Ebel-el-Saqi blir nok ei gong omtala i Blue Beret for februar 1980. Lærarane Nabib Nahra og Farida Haddad fortel at det gikk 350 barn på folkeskula i Ebel-el-Saqi før krigen, men no er det berre 15. Det kan vere vanskeleg å drive skule no, mellom anna må dei stenge når det pågår skyting i området. Dei norske soldatane i byen gir ein garanti for nokonlunde fredelege forhold seier dei.<sup>261</sup>

I Blue Beret for april 1980 fortel fenrik Visdal frå Vågå om fyrsteintrykket av landsbyen Chebaa, «..usedvanlige vennlige mennesker. Vi ble invitert til bursdag hos husvertens sønn og der satt mannfolkene ved bordet mens kvinnfolkene satt på golvet og så på. Kulturkollisjonen er stor, av og til..».<sup>262</sup> Meir enn å konstatere at kvinnfolkene sat på golvet gjer han ikkje, og han kallar menneska i landsbyen usedvanlige vennlige. Vi finn altså ingen fordømming.

Pål Rogne-Renna, FN-soldat i 1982-83 seier i dag om det sivile samfunnet: «Vi opplevde lokalbefolkningen som veldig gjestfrie og hyggelige. De var glade for at vi var der og glade for jobben vi gjorde for dem. Som hos alle andre folk er også disse menneskene forskjellige, men det generelle inntrykket var at de var flotte folk».<sup>263</sup>

Eit inntrykk av artiklane frå denne fyrste tida, er at dei norske soldatane er overraska over korleis dei blir teke imot av dei lokale. Ein kan undrast kvifor dei lokale var so positive. Visste dei kva slags soldatar som kom ? Hadde dei kunnskap om FN, og hadde FN status i Libanon ? Det hadde vore ei observatørgruppe frå FN inne i Libanon 1958, men hadde til dømes innbyggjarane i Chebaa kjennskap til den ? Dette seier artiklane ingenting om, og redaktørane hadde vel heller ingen kunnskap om kva slags informasjon som fantest eller var gitt no. Men Libanon har eit høgt utdanningsnivå, og truleg fanst det i alle landsbyar folk som fulgte med på nyheiter i massemedia, og som kunne orientere dei andre.

Eit døme på at folkemeininga kan endra seg er frå Marjoun, landsbyen som vart hovedkvarteret til major Saad Haadad og SLA. Der fekk også nordmennene ein jublande velkomst

---

<sup>259</sup> BB 8/3/juni79: 8

<sup>260</sup> BB 10/4/okt79: 5

<sup>261</sup> BB (2)/4/febr80: 15

<sup>262</sup> BB 4/4/apr80: 9

<sup>263</sup> Soldat Rogne-Renna, intervju 2015

då dei kom i mars 1978. «Rundt oss jublet barn og voksne, de viste V-tegnet med fingrene og hilste nordmennene med nytt håp». <sup>264</sup> Dette snudde til motvilje og til steinkasting. «Etter alt å dømme var disse menneskene av sine ledere, eller av Israel blitt innbilt at FN-styrken var kommet som en forsterkning i kampen mot palestinerne». <sup>265</sup> Ei norsk ambulanse vart møtt med steinkasting og fekk knust eit sidevindu. Gisvold skuldar dette på informasjon eller propaganda frå Israel/IDF: «..men kom til den konklusjon at det israelske etterretningsvesenet, Mossad, nok hadde sine folk på plass. Organisasjonen har ikkje vunnet sitt ry utan grunn». <sup>266</sup>

Artiklane denne fyrste tida er for det aller meste om korleis dei norske soldatane opplever dette nye landet. Dei lokale blir oftast sett på som objekt, anten som mottakar eller at dei reagerer på det nordmennene gjer. Synet dei norske får på dei lokale kjem fram mange gonger. Synet er eintydig positivt, med vurderingar som: vennlige, ærlige, hederlege, opne, gjestfrie. Omtala av ei gudstenest og ei minnemarkering er forsovidt nøytrale i utgangspunktet. At det til gudstenesta var pynta med mark-blomster i ein brusboks kan tolkast på to måtar, som nedsettande eller som anerkjennande om korleis dei pyntar og lagar høgtid sjølv i sin fattigdom. Minnemarkeringa har ei positiv vurdering, om «den vakre arabiske hilsenen».

Den fyrste innfødde som ytrar seg med eige meining er sydama hjå NORBATT. Ho ser på dei norske soldatane som sine søner, seier ho. At ho seier dette må også klassifiserast som ei positiv haldning frå dei sivile libaneserane.

Det blir etter kvart mange artiklar om det sivile libanesiske samfunnet. Det kan då vera tenleg for vårt formål og gruppere artiklane etter kva emne dei tek opp. Dei aller fleste artiklane her er frå kontingent 5 i april 1980 til og med kontingent 27 i november 1991.

### **Medisinsk hjelp til dei lokale**

Dette var eit emne som tidleg dukka opp. I alt var det her 15 artiklar. Dei handlar om at både saniteten og tannlegen i NORBATT behandlar sivile, om ein rullestol som blir skaffa til ein til 12-åring, om hjelp til ein kostbar kreftoperasjon, om hjelp ved lokal fødsel og om fødsel i ei UNIFIL-ambulanse, om at 1500 born fekk tannhelse-utstyr, og om ei ulykke der to brør vart til frakta til UNIFIL sitt sjukehus i Naqoura. Vidare er det om hjelpearbeid blant sivile, og det er ein eigen artikkel om druserar i sjukestua i Ebel-el-Saqi. Artiklane konstaterer berre at det er dårleg hygienisk standard i området. Vidare at det vesle helsevesenet som finst i Sør-Libanon er dårleg og lite utbygd.

---

<sup>264</sup> Gisvold 1979: 23

<sup>265</sup> Gisvold 1979: 34

<sup>266</sup> Gisvold 1979: 39

At ein sjølv må betale for operasjonar blir også nemnt. Det finst ikkje fordømming, eller leiting etter årsak eller skuld for dette i omtalene. Det som derimot finst er ei positiv vurdering av operasjonane og den medisinske hjelpa som UNIFIL kan gje. Pasientane blir aldri skildra som nokon stakkarar, men tvert imot som aktive folk som no kan ta fatt på livet att. Vi kan sjå på nokre døme:

Blue Beret for augsut 1981 har ein artikkel om 14 år gamle Basim. Han bur i landsbyen Kfar Hamam og er lam. Dei norske soldatane i landsbyen har klart å skaffe ein brukt rullestol til han frå Rakkestad. Dermed kan han no koma seg rundt, mellom anna til skula. «Dette har han ikke kunnet gjort tidligere, noe som er spesielt leit i hans tilfelle siden han åpenbart er en meget våken gut».<sup>267</sup>

I Blue Beret for desember 1981 blir det fortalt om ei innsamling av pengar til ein operasjon. Sonen til «Madame», ei libanesisk dame som arbeidde på kjøkkenet i NMC i Tibnine, hadde fått svulst på hjernen. Fyrst vart det vurdert operasjon ved SWEDMEDCOY i Naqoura, men dei fann det for komplisert. Gjennom innsamling i NMC vart det skaffa pengar slik at sonen vart operert ved det amerikanske sjukehuset i Beirut. Sjansene for vellykka operasjon var fifty-fifty hadde legane sagt. Men operasjonen var vellykka «og når dette leses er Madames sønn forhåpentligvis tilbake i full vigør i Tibnine».<sup>268</sup> At «Madame» her ikkje vert omtala med fullt namn er uvanleg. Elles er Blue Beret nøye med å bruke namn på libaneserar. Men kallenamnet «Madame» trur eg vi skal vurdere som positivt. Både på kjøkkenet og i leiren elles i NMC var ho berre kjent som «Madame», og det namnet låg det respekt i.

Artikkelen «Sykestuen i Saqi. Humanitært tilbod» i BB 4/19/oktober 1987 har intervju med assisterande bataljonslege Jon Sverre Aursund. Han seier at det er mest sårskader og infeksjonar dei behandlar. Men dei får også ein del med psykiske problem, noko som aukar med den militære aktiviteten i området. Dei kan og ta ei utrykning til privat heimar, om det sengeliggande gamle eller born. Til slutt seier han at

..menneskelig sett har det til denne tid vært lærerikt. Det er spesielt å møte pasienter i deres eget hjem, og ikkje minst druserne. Her har vi storfamilien, samholdet og fellesskapet, noe som vi etter min mening er i ferd med å miste, i andre samfunnsgrupper.<sup>269</sup>

Observasjonar som dette må bety at ein ser libaneserane som enkeltmenneske. I omgrepet orientalisme som Said nyttar ligg også eit syn på dei andre som ei gruppe, ikkje enkeltindivid. Vi finn altså ikkje spor av dette, heller motsett. At dei sivile var nøgde med å kunne bli behandla for

---

<sup>267</sup> BB 7/8/aug81:23

<sup>268</sup> BB 1/8/des81: 9

<sup>269</sup> BB 4/19/okt87: 16

sjukdommar og skader blir også nemnt. «Sivilbefolkningen er svært takknemlig når de får hjelp» seier sanitetsmann Herman Wasa i 3.tropp i kompani B i NORBATT til Blue Beret i april 1981.<sup>270</sup>

### **Omtale om praktisk hjelp til lokalsamfunna**

Det er her i alt 18 artiklar. Mange av dei er om graving av veg eller vass- eller kloakkleidningar. Både NORBATT og NORMAINTCOY hadde teknisk utstyr for å kunne bidra med slik hjelp. Dette skjedde oftast etter lokalt libanesisk initiativ. Som nemnt tok moukhtarane i NORBATT sitt område opp dette alt på sitt fyrste fellesmøte i februar 1979. Det som fantes av slike anlegg var ofte øydelagt under den israelske invasjonen. Å få særleg vassforsyning i orden att var ei prioritert oppgåve for landsbyane og dei ba ofte dei norske avdelingane om hjelp. Som døme nemner artiklane vassledning frå Chebaa, og om nye vasskjelder til landsbyane Bourgos og Kaoukaba. Ny kloakkleidning i landsbyen Kfar Haman vil koste 29.000 dollar, og blir kalla «hjelp til selvhjelp».<sup>271</sup>

Major Helge Utaker, humanitærøffiser i NORBATT seier at «-Det er ikkje til å legge skjul på at de forskjellige vann- og kloakkanlegg ikkje er blitt så godt skjøttet som de burde her i Libanon».<sup>272</sup> Blue Beret for august 1982 fortel om ei befaring i landsbyen Hebbariye. UNICEF er også med i dette arbeidet og deira representant Larsson seier at det ikkje skal by på problem med å få pengestøtte til arbeidet med å betre vatn og kloakkforholda i landsbyen. UNICEF kjøpte inn delar og utstyr og NORBATT utførte arbeidet. Artikkelen sluttar med at «De sivile uttrykker meget stor glede over det hjelpearbeidet NORBATT har utført i området».<sup>273</sup>

Eit litt spesielt hjelpearbeid blir nemnt i BB 3/17/august 1986, om «Eksamen på libanesisk». NORBATT arrangerte eksamen for fleire hundre ungdommar i Ebel-el-Saqi. Eit helikopter henta eksamensoppgåvene i Beirut og ei lastebilkolonne henta ungdommane frå heile Sør-Libanon. «Kristne, muslimer og drusere. Side om side satt de som skulle være fiender og humpet på lastebilen mot Ebel-el-Saqi».<sup>274</sup> Også offisielle libanesiske inspektørar vart henta av UNIFIL. Elevane kunne gå opp i mellom anna faga fransk, geografi, historie, filosofi og matematikk.

Uten dette tiltaket frå UNIFIL hadde en tiårs generasjon med ungdommer fra Sør-Libanon vært utan muligheter til å skaffe seg en videre utdanning, sier oberst Backer. Eksamenene lar seg ikke gjennomføre på annen måte enn

---

<sup>270</sup> BB 4/7/apr81: 5

<sup>271</sup> BB 3/19: 8

<sup>272</sup> BB 8/9/aug 82: 14

<sup>273</sup> BB 8/9/aug82: 14

<sup>274</sup> BB 3/17/aug86: 20



i regi av UNIFIL. Eksamen kan best sammenlignes med vår examen artium og består gir muligheter videre til å studere på universiteter.<sup>275</sup>

At eksamen blir avvikla i Ebel-el-Saqi blir også omtala i desember 1986. Det var streng kontroll med metalldetektor og hundepatrulje for å forhindre juks. Det blir sagt at ein god eksamen spelar ei viktig rolle for folket i Libanon. «En god eksamen er veien til en god utdanning og en god jobb i mye større grad enn hjemme. Derfor blir alle midler tatt i bruk».<sup>276</sup> Artikkane viser at eksamen var viktig og kanskje den einaste vegen for å koma seg ut av fattigdom. Difor var det også mykje forsøk på juks. Og at eksamensoppgåvene måtte hentast med helikopter i Beirut same dag, kan tyde på at det var fare for at innhaldet kunne bli spreidd viss dei var sendt sørover tidlegare. Det fanst også dei som ville prøve å sabotere eksamen, difor måtte væpna vakter passe på sikkerheten. Slik avvikling av eksamen blir nemnt i tre ulike nummer av Blue Beret og det kan bety at dette var ei fast oppgåve NORBATT hadde i fleire år.

Humanitærkomiteen i Norbatt blir omtala fleire gonger, mellom anna i kontingent i 1991. Den organiserer både utdeling av rein naudhjelp som mat og kontantar, og hjelper til ved kjøp av traktor, aggregat, skuleutstyr og mindre byggeprosjekt. Midlane kjem frå Kirkens Nødhjelp og utanriksdepartementet.<sup>277</sup>

Yrkesskula i Tibnine blir nemnt i Blue Beret for juni 1982. Det norske verksedkompaniet (NMC) har som hovedoppgåve å reparere kjøretøy og anna teknisk utstyr for heile UNIFIL. «Men i den utstrekning vi har tid og ressurser er vi også det sivile samfunn behjelpeleg med å løse deres problemer».<sup>278</sup> Det kan vera hjelp i eit knipetak, som å pumpe vatn når den elektriske straumen er burte. Men dei satsar også på meir varig hjelp, som «hjelp til selvhjelp». Sjef NMC, oberst Johan Vedal fortel at fleire unge menn frå Tibnine er ansatt på lærlingekontrakt. NMC er også engasjert i arbeidet med å bygge ut ei yrkesskule i Tibnine, eit prosjekt som UNESCO står bak, men som har stått i stampe sidan invasjonen i 1982. Blue Beret for april 1988 har omtale av kvinnesenteret i Tibnine.

Med god hjelp av humanitærkomiteen i NorMaintCoy er det nå bygget et kvinnesenter i Tibnin. Prosjektet er for det meste finansiert gjennom UD, men en del er også kommet fra velstående libanesere i utlandet. Senteret inneholder maskiner og apparater for husflidsproduksjon, og er blitt et meget populært møtested for kvinner i distriktet. - Både muslimer og de få kristne som bor her benytter senteret, og det betyr mye i et land som Libanon. Her i Tibnin er det ingen vesentlige konflikter mellom religionene, og vi håper at dette senteret kan bidra til å bygge opp under dette, sier velferdsoffiser fenrik Olaf Torvik. - I starten var det nok en del skepsis

---

<sup>275</sup> BB 3/17/aug86: 20

<sup>276</sup> BB 1/18/des86: 16

<sup>277</sup> BB 3/19: 8

<sup>278</sup> BB 7/9/juni82: 30

blant mennene til dette prosjektet, men det har bedret seg ettervert. Nå er senteret glidd inn i bybildet som en helt naturlig del.<sup>279</sup>

Artiklane fortel at humanitærkomiteen også satsar på hjelp til sjølvhjelp. UNIFIL skal ei gong i framtida forlate området og då må prosjekta stå på eigne bein. At skepsisen mennene hadde til kvinnesenteret har vorte mindre, får vi ta artikkelen sitt ord for. Men det var ikkje noko nytt at kvinner arbeidde med husflid. Også i Tibnine var det ei sydame som NMC brukte for å sy om sine Indian Bush-uniformar, og ho vart også brukt av NMC i andre oppdrag.

### **Kontakt med lokale hjelpeorganisasjonar**

Her blir Redd Barna/Save the Children nemnt i Blue Beret for desember 1982. Ei ny skule er bygd og ny skulebuss er kjøpt inn i landsbyen Hebbaryia. Skula er både barne- og ungdomsskule og skal ha 500 elevar. Den skal dekke også landsbyane i området omkring Habbariya. Det konkrete arbeidet er utført av lokale. Save the Children /STC) har dekkja alle kostandar og NORBATT har ordna all transport av materialar.<sup>280</sup> Elles blir FN's eigen organisasjon, UNICEF nemnt ved fleira prosjekt. Omtalene er også her positive til arbeidet som blir gjort, uansett av kven.

### **Kontakt med dei lokale religionane**

Her er det i alt ti artiklar. Vi får høyre om at fleire kyrkjer blir opna på nytt etter reparasjon eller restaurering. Det gjeld både den kristne kyrkja i Zahle og den gresk-ortodokse kyrkja i Rachaiya. Om Rachaiya blir det nemnt at arbeidet er utført av ein lokal handverkar. I den gresk-ortodokse kyrkja i Ebel-el-Saqi er alteret restaurert. Ein artikkel frå Blue Beret for august 1986 fortel at eit alterbord er sendt frå Fredtun folkehøgskole i Stavern til kyrkja i Rachaiya. Historia bak her er to søsken frå Rachaiya kom til Noreg i 1982 for å gå eit år på Fredtun. Soldatar og befal i NORBATT hadde samla inn pengar til opphaldet deira. Bataljonsprest Helge Utaker hadde organisert innsamlinga og opphaldet i Noreg. Seinare bestemte den internasjonale klassen på Fredtun at dei skulle bygge eit alterbord, laga av norsk furu, og sende til Rachaiya. Ved ein seremoni i juni 1986 der den norske bataljonssjefen oberst Tor Løset var tilstades vart alterbordet overlevert. «Obersten talte til den fullsatta kirken på arabisk». Den libanesiske tolken sa i si takketale at «gaven er et tegn på den norske medmenneskelighet og respekten for sivilbefolkningen i Libanon».<sup>281</sup>

I Blue Beret for april 1983 fortel feltprestane Svein Raddum og Helge Utaker at nordmennene

---

<sup>279</sup> BB 4/20/apr88: 8

<sup>280</sup> BB 1/10/des82: 4

<sup>281</sup> BB 3/17/aug87: 12

har sine gudstenester i den gresk/ortodokse kyrkja i Ebel-el-Saqi. Her møter også dei lokale opp og preika blir difor oversett via engelsk til arabisk. «Vi har opplevd libanesisk gjestfrihet på det beste», seier dei.<sup>282</sup> Juletreff med 1000 lokale barn i Ebel-el-Saqi blir også nemnt. Som vi ser er det kristendommen i sine variantar som blir nemnt.

Dei andre religionane blir nemnt i ei gravferd i Ebel-el-Saqi som blir også omtala i Blue Beret for februar 1981: Samuel Rassy har fått hjartesykt og sjølv om den norske bataljonslegen blir tilkalla er livet ikkje til å redde. Sumaya Rassy, sydama som er sivilt tilsett i NORBATT og var omtala i Blue Beret for juni 1979, har vorte enke. Gravferda går føre seg berre eit halvt døgn seinare. Kista er enkel, seremonien ved jordpåkastelsen blir leia av presten i NORBATT, to norske offiserer gjer teneste som kyrkjesangerar. Saqi er ein unik by med si religionsblanding, og «..de er der alle. De gresk-ortodokse, romersk-katolske, noen få protestanter og druserne i sine vidposete bukser. Kanskje er der endog en og annen muslim».<sup>283</sup> Kista blir plassert inn i gravkammeret, med solide steinar framfor luka. Forsamlinga sprer seg og «gravferden avsluttes like saktmodig og upresentiøs som den tok til.» Gravferda var enkel, fattigleg, ja endog brutal, seier artikkelen. »Er det slik en skal ta avskjed med sine døde ?». Men denne undringa snur seg snart til forståing.

Eller er det kanskje slik at livets slutt på disse kanter er mer i tråd med den nære virkelighet, at de årtusenårgamle tradisjoner virker med en annen tyngde enn hjemme, gravferden virker ekte, opprinnelig, og framfor alt, naturlig. En kontrast til slik en opplever på våre kanter. Hos oss er jo døden blitt et tabubegrep vi distanserer oss fra.<sup>284</sup>

Ei formaning er det også plass til. Blue Beret i 1990 har ein artikkel med tittel «Ramadan – muslimenes hellige månad startet». Den fortel om Ramadan og om reglane i fastetida. Norske soldatar bør vite at denne tida er svært viktig for praktiserande muslimar. Tørste og hunger kan gjera menneska meir irritable står det. Råda er difor: ein bør unngå pruting, og å friste fastande menesker med unødig mat, drikke eller røyk. Dei som arbeider saman med muslimar bør ta omsyn i denne tida. «Så er det dette med bluferdighet, noe vi alltid bør ha i mente overfor muslimer og drusere».<sup>285</sup> Shorts og bar overkropp er ikkje anstendig påkledning i desse himmelstrøk. Slibrig tale og banning bør ein unngå, «lokalbefolkningen forstår langt mer enn vi aner av den slags».<sup>286</sup> Om dette er ei generell orientering, enn om den kjem fordi det har vore uheldige episoder er uvisst. Artikkelen viser ikkje til noko som kan ha skjedd. At shorts er uanstendig kan virke pussig for norske soldatar, det var

---

<sup>282</sup> BB 4/10/apr83: 8

<sup>283</sup> BB 2/6/febr81: 21

<sup>284</sup> BB 2/6/febr81: 22

<sup>285</sup> BB 3/24/90: 21

<sup>286</sup> ibid

antrekket dei oftast brukte i alle høve i den varme årstida. Kanskje det er kombinasjonen med bar overkropp som er uheldig ? Bar overkropp brukte nok soldatane berre inne i sin eigen leir. Ute blant libaneserane var det skikk å ta på ei feltskjorte. Artikkelen kan likevel synest å vere skrivi av ein som kan teorien, men som ikkje har vore ute i felten. Geir Gundersen står som forfattar, utan å opplyse kven han er.

### **Kontakt med lokale styresmakter**

Både NORBATT og NMC etablerte som rutine å ha møte med dei lokale styresmaktene, som var moukhtar (utpeika av dei sentrale styresmaktene) og mayor, lokal vald borgermester eller ordførar. Blue Beret for august 1983 har bilete og omtale av moukhtar Yousif Saadi i Ebel-el.Saqi. Han er underlagt Generalguvenøren i Saida og har vore moukhtar i 21 år. Han har ansvar for å sende oppgåver over fødsjar, inngåtte ekteskap og dødsfall til dei sentrale myndighetene. Han skal kunngjera sentrale direktiv og skal assistere gendarmeriet (politiet).<sup>287</sup>

Her er det sju artiklar om slike møte med moukhtarane og mayorane. Dei er alle prega av felles interesse for å løyse praktiske problem. Moukhtarane kjem med sine ynskjer, og NORBATT og NMC prøver å bidra. Etter kvart som dei sivile flytter attende til byane sine, kjem det også ynskjer om å få att husa som NORBATT har disponert. Dette blir etter kvar ordna.

«Hilsen fra de sivile ledere» står i Blue Beret for april 1984. Her har moukhtar Youssef Saadi, mayor Philip Nara, og druser-sheikh Mohuhamad Ghoubar, alle i Ebel-el-Saqi, skreve for hand på arabisk ei helsing datert 13.april 1984(som oversett lyder) : «Til våre venner; sjef, offiserer og soldater i NORBATT XII, UNIFIL». Dei takkar for at dei etter dei siste seks år med aukande UNIFIL-aktivitet har fått ein nærast stabil tilstand med fred og sikkerhet. «Befolkningen har fått motet og livsgleden igjen og vender tilbake til sine landsbyer» Dei nemner også den humanitære hjelpa som har nådd mange fattige, utdanningsmessige, sosiale og økonomiske prosjekt, og tannlege-service. «De seks årene som har gått har vært preget av gjensidig samarbeide og respekt, - et udødelig vennskap er blitt opprettet mellom våre folk, og vi vil for alltid bevare dette vennskapet i vår framtid..». Dei sluttar brevet med « Til slutt ønsker vi god helse og et langt liv for Norges konge». <sup>288</sup> Helsinga er også gjengitt i sin arabiske original, i «mayor Philip Nahras nydelige håndskrift».

Her får vi dei lokale som subjekt, det er deira stemme vi høyrer. Ein kan sjølv sagt tolke denne helsinga som berre formalitet og fraser. Men den går også konkret inn på den humanitære hjelpa, og

---

<sup>287</sup> BB 4/11/aug83: 26

<sup>288</sup> BB Minnebok kontingent 12: 3

ein kan også tru at det ligg ein realitet bak for takken dei sender. Dei brukar også orda «gjensidig» samarbeide og respekt, dette går ikkje berre ein veg.

I Blue Beret for desember 1983 er det reportasje om at Force Commander (FC) for UNIFIL, den irske general William Callghan besøkte fjellbyen Chebaa. Moukhtar Alzuyi ga ein lunsj til til FC og norsk bataljonsjef Hjelmervik Næss. Moukhtar takka for «den støtte sivilbefolkningen har fått, ikke bare ved NORBATTs militære nærvær, men også det som ytes på det humanitære plan».<sup>289</sup> Også her blir den humanitære støtta drage fram. Sjølv om det var militær aktivitetar og episoder iblant foregikk det humanitære dagleg, og vart dermed det viktigaste felles oppgåva mellom UNIFIL og dei lokale.

### **Ekteskap**

Ekteskap blir nemnt i fire artiklar (oktober 1985, mai 1986, juni 1986, og i 1988). I oktober 1985 er det ein notis om at Veronika Kalaydijan og NK i NORBATT IV Åsmund Bakke har gifta seg 8. september på det norske konsulatet i Tel Aviv.<sup>290</sup> Ho er libanesisk-armensk flykning og ho og hennar familie var omtala i ein artikkel i Blue Beret for august 1985. Familien hadde opprinneleg flykta frå Armenia i 1914, då tyrkerane intervenerte, og hadde flykta til Libanon der franskmennene beskytta dei kristne. Frå Beirut måtte dei flykta i 1976, til Jordan, so til Bekaa-dalen, vidare til Beirut att, og so til Saida der dei budde på stranda. Under invasjonen i 1982 kjørte dei på kryss og tvers i Sør-Libanon og endte opp i Ebel-el-Saqi der heile følget på 44 personar vart innlosjert på skula. Dei har no måtte flytte ut frå skula, men moukhtaren har skaffa dei eit midlertidig husvære.<sup>291</sup>

Frå 1988 er det omtale av shiamuslimske Hasana Ibrahim som etter 6 års jobb som tolk i Norbatt giftar seg med Nilsen (ikkje meir sagt om han). Ho kan engelsk, fransk, arabisk og norsk og svarar på spørsmål om mat at: «det er faktisk opp til den enkelte hvordan man vil praktisere den muslimske tro med hensyn til matvaner. Selv kan hun både nyte alkohol og spise svinekjøtt.» Ho og mannen flytter til Stavanger og som BB seier: «i det internasjonale oljemiljøet der vil Hasanans arabiskkunnskaper neppe være noe minus».<sup>292</sup> Omtalene av desse ekteskapa i Blue Beret er respektfull. Om Veronika Kalaydijan heiter det «Vi gratulerer, og ønsker Veronika velkommen til sitt nye fedreland».<sup>293</sup>

---

<sup>289</sup> BB 12/des83: 23

<sup>290</sup> BB 4/15/okt85: 2

<sup>291</sup> BB 2/15/aug85: 8

<sup>292</sup> BB 3/20/88: 8

<sup>293</sup> BB 4/15/okt85: 2

I alt skal det vera om lag femti ekteskap mellom libanesiske kvinner og norske UNIFIL-soldatar.<sup>294</sup>

### **Kvinnesyntet i Libanon**

Her blir to norske kvinneleg befal i NMC, fenrik Ragnhild Kjørren og fenrik Inger Wang intervjuet, og dei er sterkt kritiske til kvinnesyntet. Kjørren seier i Blue Beret for desember 1980 at «Det er vel knapt nødvendig å repetere for leserne at kvinnesetting i Sør-Libanon er vesentleg annleis enn det vi er vant til hjemme».<sup>295</sup> Å kle seg i shorts og ta ein joggetur, eller å ta eit bad i Middelhavet er umuleg seier ho. Rådet hennar til andre kvinner i FN-teneste er at dei må ta hensyn til dei lokale tilhøva. Som fenrik Wang seier i Blue Beret for april 1981:

Jeg reagerer sterkt på de forskjellene en har mellom manns- og kvinnerollen her, heldigvis har jeg inntrykk av at mine mannlige kollegaer reagerer likeså sterkt. Det skulle jo tyde på at vi hjemme er kommet ganske langt når det gjelder bevisstgjøringen også blant mennene. Ellers er det jo andre ting en legger merke til i positiv sammenheng, det er samholdet i familien og det avstressende miljøet en stort sett finner her.<sup>296</sup>

Her er det ingen rom for kulturrelativisme eller tvil om kva som er det rette. Uttrykket «kommet ganske langt» viser eit syn på kulturar der alle klatrar oppover den same vegen, men er kome ulikt høgt. Det muslimske synet om at kjønna har ulike oppgåver, og at oppgåvene har same verdi blir aldri nemnt. Men Wang er ikkje berre fordømmende. Ho ser det positive i samholdet i familiane. Det sterke samholdet og omsorgen i familiane blir nemnt i mange samanhengar, og då alltid som eit positivt trekk.

Her må også nemnast kvinnesenteret i Tibnine, som var omtala i Blue Beret i 1988. Senteret inneheld maskiner og apparater for husflidsproduksjon. Både muslimar og dei få kristne i byen benytter senteret, som er finansiert gjennom UD og velstående libanesere i utlandet og er sett i stand ved hjelp av humanitærkomiteen i NMC.

Kari Karame er forskar ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI). Ho er også gift med ein libaneser. Då Noreg sendte fire missiltorpedobåtar (MTB-ar) til Libanon i 2006 var ho med på å førebu dei norske soldatane på kva dei ville møte. Under emnet kulturkontakt, seier ho at ho fekk mange spørsmål om korleis kvinnelege offiserar ville bli respekterte. Karame seier at erfaring frå NORBATT var at det var uniform og grad som betydde noko, ikkje kjønn<sup>297</sup>. Om Karame her meiner blant sivile libaneserar eller soldatar og offiserar frå andre land går ikkje fram. Truleg er det siste ho meiner. Blant militære betyr rang alt. Også mannlige norske visekorporalar merka det. Den eine

---

<sup>294</sup> Larsen 2008: 150

<sup>295</sup> BB 12/6/des80: 5

<sup>296</sup> BB 4/7/apr81: 16

<sup>297</sup> Under dusken (avis for Studentsamskipanden i Trondheim), 24.oktober – 6.november 2006, s.20

vinkelen gjorde at du vart møtt på ein heilt annan måte enn ein som berre var menig. Også fordi det norske systemet med vinklar og stjerner er ulikt andre land sitt.

### **Omtale av det lokale livet**

Her er det ein del emne som kjem att.

I Blue Beret for juni 1981 blir smugling omtala. «En århundregammel tradisjon som tidligere i vesentlig grad omfattet hasjis går tilsynelatende uanfektet.... Men smuglingen får være i fred. Den er akseptert som en del av livsgrunnlaget for enkelte av familiene i Chebaa».<sup>298</sup>

Grense- og smuglerbyen Chebaa, har mange omtaler og alltid positive. Her kan ein nemne i stikkordsform: -Trivsel i Chebaa(desember 1980), -Chebaa/godt å være(juni 1981), -Chebaa: smugling/velkommen (i 1978 og i september 1984), - Chebaakongen, sympatier/antipatier(november 1985), -veteran trives i Chebaa (november 85), -Chebaa vil ha UNIFIL der (1988), -Trives i Chebaa/gjestfrihet (1989), -Chebaa, en uavhengig by(1989), - Chebaa-lokale fornøgd(Minnebok 1990). Chebaa var frå fyrste stund ein spesiell by i NORBATT. Velkomsten i 1978 var hjarteleg og dei lokale leiarane presiserte alltid at dei ville ha UNIFIL i byen. Difor kom det sterke reaksjonar frå NORBATT då SLA/DFP i 1989 deporterte 65 kvinner, born og eldre frå byen. Sjef for NORBATT, oberst Jan Erik Karlsen samanlikna Israel si manglande vilje til å ta ansvar for SLA med argumentasjonen til den tyske okkupasjonsmakta i Noreg under andre verdskrig. Dette var ikkje populært korkje i Israel eller blant Israels venner i det norske stortinget.<sup>299</sup>

Enkeltpersonar får også omtale. Også for dei kan vi sjå på korleis dei blir framstilt, som nokon som må lære av og ta etter europearane, eller som dyktige i kraft av det dei er.

Vi kan sjå på nokre døme: Alt i Blue Beret for september 1980 er det artikkel om «Gamlelæraren i Ebel-el-Saqi». Fouad al Rassi på 71 år har vore lærar i 40 år. I Saqi var det mest kristne og drusere, fredelige og arbeidssomme folk seier han. Han har ein son som er professor i USA, ein son som bur i England, og ei dotter som er gift og bur i Kuwait. Han er glad for optimismen som råd i Saqi og assistansa NORBATT gir til sivilbefolkningen.<sup>300</sup>

«Stor interesse for arabisk-kurs» er tittelen i januar 1981. 25 soldatar er i gang med kurs i arabisk under Farida Haddads «kyndige ledelse».<sup>301</sup> Ho underviser til dagleg born i alderen fire til ti år i Ebel-el-Saqi i faga historie, geografi, rekning og arabisk. Interessa blant soldatane var so stor at

---

<sup>298</sup> BB 6/g/juni81: 6

<sup>299</sup> Nore 2007: 126

<sup>300</sup> BB 9/6/sep80: 14

<sup>301</sup> BB 1/8/des81-jan82: 8

dei måtte delast i to puljer med to timar kvar i veka. Kursa i arabisk blir nemnt fleire gonger, alltid med namn på lærar og med positive uttrykk som «kyndig» og dyktig».

«100 år og giftelysten» heiter ein artikkel i september 1984. Salim Musa Salidi hugsar heilt frå den ottomanske tida. Det var ei hard tid, seier han. Under franskmennene skjedde det framsteg, det var bygd vegar og det kom bilar, skuler og papirpengar. Han har aldri vore hjå doktor, men let seg overtale til eit besøk på sjukestua i Ebel-el-Saqi. Puls og blodtrykk er framragande, og han blir på spørsmål lovt 10 til 20 nye år. «Og sykestua fikk en ny rekordnotering i journalen: Alder: 100 år».<sup>302</sup> Artikkelen viser respekt for ein gamal mann med kunnskaper om historia.

I Blue Beret i 1988 er det ein artikkel om lagerarbeider og lærer Malek Fawaz i Tibnine/NMC. Han er universitetsutdanna og behersker engelsk, tysk, fransk og en del finsk samt «taler flytende norsk på alle dialekter». Han arbeider på lageret i NMC frå kl.0700 til kl. 1700, og har kurs i arabisk og fransk for soldatane i NMC, på kveldstid frå kl.1900 til kl.2100 på måndag og torsdag. Han blir kalla «tryllekunstner når det gjelder språklige forhold».<sup>303</sup>

Felles for artiklane er at dei innfødde alltid blir nemnt med namn. Oftast er det positive historier, men harde tider blir også nemnt. At mange av desse lokale også har utdanning og kunnskaper blir alltid nemnt..

Blue Beret for august 1981 har ein artikkel «Druserne, naboer med særpreg». Oppe på eit høgdedrag sør for landsbyen Hasbaiya ligg eit lite samfunn Khalouet el Bayada. Dette er av dei mest heilage plasasane til druserane. Her lever ærverdige menn i eit klostersonsamfunn. Artikkelen fortel om historia til druserane, frå kalif al-Hakim i det 11. århundre braut ut frå islam og danna sekta. «Det ble et uforglemmelig besøk hos druserne. Man lærte noe nytt om mennesker som ser på livet litt annerledes enn vi gjør. Et slikt gløtt bak andres slør er tankevekkende. Ikke minst fordi de er våre naboer».<sup>304</sup> Det er bataljonsprest Fredrik Ulseth som er forfattar. Han er truleg over gjennomsnittet interessert i andre religionar. Artikkelen er konkret og kortfatta og er tydeleg innretta på målgruppa; UNIFIL-soldatane.

I mange av omtalene av dei lokale ligg det altså ofte ei vurdering, som eg meiner nesten alltid er positiv. Om dette er bevisst frå redaksjonen i Blue Beret eller om det er dei faktisk forholda kan sjølvsaft vera uvisst. Men likevel synest eg mengda av artiklar og den konkrete vurderinga av kva som var positivt må peike på at dette var reelt. Som til dømes intervjuet med fenrik Inger Wang som framhevar samhaldet i familiane. I Blue Beret for november 1984 er det intervju kalla «-Fascinerende

---

<sup>302</sup> BB 3/13/sep84: 10

<sup>303</sup> BB 3/21/88: 6

<sup>304</sup> BB 8/8/aug81: 8



og verdifullt» med to norske soldatar, i stabskompaniet i Ebel-el-Saqi, major Abrahamsen og menig Dissington om inntrykk so langt. Major Abrahamsen seier mellom anna at

Det er nok mye i at vi har med oss en del myter ned, oppfatningen om at araberer er late, skitne, at de banker kjerringa. Men det er myter som fort sprekkar. Se hva som er forholdet rundt oss, har dere sett så mange kritthvite skjorter og skaut, her står folk opp og begynner å jobbe klokka halv fire om morgenen.<sup>305</sup>

Abrahamsen framhevar to tradisjonelle norske verdiar, stå tidleg opp og gå på arbeid, og å halde arbeidsklede i orden. Som Aslak Nore påpeiker kom mange av nordmennene frå bygdemiljø der slike verdiar framleis står sterkt.<sup>306</sup>

### **Kritisk syn på soldatane sine haldningar**

Kritiske syn høyrer vi svært lite om, men eit par døme finst. Artikkelen «-Hvorfor er vi her» i 1987 tek opp norske haldningar, både i høve til dei andre avdelingane i UNIFIL og i høve til libanesarane. Vi bør ikkje tru at vi gjer alt betre enn alle andre, er budskapet. «Om du synes det ser rart ut med drusearnes posebukser, tror du de synes det ser betre ut med gutter med fire gullkjeder, tre ringer og en kanin i gull som ørepynt ?»<sup>307</sup> Soldatane bør også tenke på kven sine vegne vi er i Libanon for, for seg sjølv, for Noreg, eller for dei som høyrer heime her, libaneserane.

Religionsforskar og feltprest i NMC Dagfinn Rian kommenterer i Blue Beret for oktober 1987 at stort sett viser dei norske FN-soldatane respekt for lokale skikkar og kultur. Men det mindretallet som er likegyldige til desse, skapar desto større problemer. For dei som er stasjonert i sjia-muslimske landsbyar er ikkje likegyldig om ein har sine måltid inne eller ute under Ramadan. «Det er vår selvfølgelige plikt å vise hensyn overfor dem vi skal beskytte». Også korleis ein kler seg på «fritida» bør ein tenke over, libaneserane «har andre begrep om anstendighet» seier Rian.<sup>308</sup> Ein treng ikkje vera ekspert på religion og kultur, vanleg sunn fornuft og at ein ser situasjonen an rekk langt. Rian påpeiker også kor nyttig det er for han som religionsforskar å koma vekk frå den teoriserte verda på eit universitet og sjå dagleglivet på nært hald for fagområdet sitt.

Om desse artiklane poengterer at dette gjeld eit lite mindretal av soldatane, er det tydeleg at det også har vore uheldige episoder. Kanskje ikkje so rart, med so mange norske ungdommar samla i ein heilt ukjent kultur. At dei tek med seg sin norske væremåte og gløymer kvar dei er kan fort skje. Vanlege norske turistar i utlandet kan også fort gløyme normene for korleis ein kler seg i ei kyrkje

---

<sup>305</sup> BB 5/13/nov84: 10

<sup>306</sup> Nore 2007: 130

<sup>307</sup> BB 3/18/87: 6

<sup>308</sup> BB 4/19/okt87: 4

eller moske i det landet. Men Blue Beret vil oppdra soldatane, og forklare at slik oppførsel er uheldig for heile den norske FN-kontingenten.

**Turar til arabiske naboland** blir nemnt i 3 artiklar, -handletur til Damaskus (august 1981), -utanom allfarvei i Syria –Malulla(november 1981), -sightseeing i Syria og Jordan/positiv overraskelse (1990). Alle desse har preg av turistbrosjyre og har berre positive vurderingar, både av folk og varer.

## Kapittel 4 - Norske soldatar og norsk sjølvbilde

### Bakgrunn og rolleoppfatning

Marthe Espolin Sletmo fann i si oppgåve «Norske veteraner frå FN- og NATO-operasjonar» at UNIFIL-soldatane oppfatta seg som borgar i uniform. Ei viktig del av oppgåva deira var å bidra til å betre tilhøva for dei sivile i Libanon, både ved å beskytte dei mot dei krigande partane, og ved å yte direkte hjelp. Mange i UNIFIL følte at dei gjorde ein viktig jobb, sjølv om dei ikkje kunne fullføre sitt militære mandat.<sup>309</sup> Dei syntest det var meningsfylt at dei dreiv mykje hjelpearbeid blant dei sivile. Dei avviste også at dei særleg var der for lønna, det ligna for mykje på leigesoldatrolla som dei ikkje ville ha. Sletmo seier at dette var annleis for dei norske soldatane som var i Afghanistan i NATOSs International Security Assistance Force (ISAF) frå 2002. Dei oppfatta seg mykje meir som krigarar som skulle løyse eit militært oppdrag.<sup>310</sup> For mi oppgåva kan det vera aktuelt å sjå på kva informasjonen frå forsvaret la vekt på: det reine militære oppdraget, eller det humanitære hjelpearbeidet.

Torunn Laugen Haaland undersøkte i si oppgåve korleis dei norske offiserane oppfatta si rolle. Ho fann der at offiserane som var ute på FN-oppdrag på 1990-talet såg på seg sjølve som praktiske problemløysarar og ikkje som modige krigerar eller heimlandsforsvarar. Dei dreiv feltsjukehus, utførte ambulanse- og transportoppdrag, reparerte kjøretøy, eller dreiv andre praktiske oppdrag. Her skjedde det ei endring då Noreg deltok i Bosnia i 1997 og i Kosovo i 1999. Offiserane derifrå har ein klar militær identitet og ynskjer å vera i stand til å bidra i og handtere krigsoperasjonar, seier Haaland. Offiserane vart ekstra motiverte av farefulle og skarpe oppdrag.

Rapporten «Norske selvbilder og norsk utenrikspolitikk» frå NUPI i april 2007 peiker på at sjølvbilete til Noreg er å oppfatte seg som eit lite land utan stormaktsambisjonar. Vi ser også på oss som ein fredsnasjon og som ein sterk tilhengjar av og bidragsytar til FN-systemet.<sup>311</sup> Dette pregar også korleis vi grunnjev å vera med i FN-operasjonar, som UNIFIL i Libanon.

Morten Kihle såg i si masteroppgåve om «Kultur og identitet blant kampsoldatane i Task Uniten» på korleis soldatane i den norske kampstyrken i 2009 i Afghanistan oppfatta si rolle og sin identitet. Kihle var feltprest i panserbataljonen i tida 2007 til 2010 og var mykje av denne tida i Afghanistan. Han finn der at soldatane alle har ei stor interesse for soldatyrket. Det er meningsfullt å

---

<sup>309</sup> Sletmo 2010: 103

<sup>310</sup> Sletmo 2010: 108

<sup>311</sup> NUPI: «Norske selvbilder og norsk utenrikspolitikk», rapport april 2007: 10

vera soldat. Dei trivst med å gjera førebuingar, utføre operasjonar og kanskje aller mest: utføre stridsdrillar. Stridsdrill er å øve på handlingar når du kjem under ild frå fiendlege styrker. Soldatane ser på seg som unge menn i uniform, som er godt utrusta og trent for å bruke våpen mot ein fiende.<sup>312</sup>

Norske UNIFIL-soldatar har ofte bakgrunn frå bygdemiljø og praktisk arbeid og utdanning. Avisa Nationen har i 2006 ein artikkel om dei norske FN-soldatane med tittel «De vil oppleve verden».<sup>313</sup> Dei intervjuar der Trond Audun Stene frå Beistad i Trøndelag. Han er veteran frå UNIFIL-teneste i Libanon. Han fortel at gutar frå Bygde-Norge var sterkt representert i Libanon. Dei skulle kanskje ta over slektsgarden, men ville oppleve noko anna fyrst. FN-teneste såg dei på som ein unik måte å oppnå dette på. Lars Reiermark i FN-veteranenes Landsforbund seier at 95 prosent av norske FN-soldatar i Libanon opplevde det som positivt å reise til Libanon. At dei fleste soldatane kom frå Bygde-Noreg kan vera vanskeleg å fastslå. Men ein indikator kan Heimevernet si oversikt over HV-soldatar som har vore med på internasjonale operasjonar vera. I mai 2014 utgjorde dette totalt 3481 soldatar. Frå Trøndelag var det 486 som dermed utgjorde 14 prosent av det samla talet.<sup>314</sup> Folketalet i dei to Trøndelagsfylka (445785 pr.1.5.2015) utgjør berre 8,6 prosent av samla folketal (5156461) i Noreg.<sup>315</sup> Andelen for Trøndelag er nesten dobbelt so stor som for resten av landet. Aslak Nore har i boka si *Gud er norsk. Soldatene fra fredsnaasjonen* ei interessant vurdering om bakgrunnen til dei norske soldatane. Mange av nordmennene var folk med lite utdanning og dei var lite verdsvante. Israellarane dei møtte hadde ofte eit langt høgare utdanningsnivå. Paradoksalt nok, seier Nore, følte difor mange nordmenn seg nærare kulturelt til den gjestfrie bondementaliteten dei møtte i dei libanesiske landsbyane, heller enn til vernepliktige israellarar sjølv om desse hadde utsjånad som europearar.<sup>316</sup> Nore nemner også eit intervju med brørne Omar og Louis Assi i Tibnine som fortel at dei ofte kjørte norske soldatar til og frå nabolandsbyane, og at dei iblant overnatta i militærforlegningen. «Jeg var mer blant nordmennene enn hjemme en periode, forteller de i kor».<sup>317</sup> Denne nære kontakta hadde sjølv sagt sine virkningar. Det nære tilhøvet til den jamne libaneser er nemnt. Sosialantropolog Marianne Heiberg skriv i ein rapport i 1990 at det militære nærværet bidrog til å halde oppe udemokratiske politiske strukturar.<sup>318</sup> Norske militære offiserar la vekt på at all formell kontakt skulle foregå i kontakt med dei lokale moukhtarane og mayorane. Lokale val hadde

---

<sup>312</sup> Morten Kihle, «Kultur og identitet blant kampsoldatene i Task Uniten», masteroppgåve ved Universitetet i Tromsø, Institutt for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning, 2012: 22-23

<sup>313</sup> Avisa Nationen 23.sept 2006:

<sup>314</sup> <http://hv.forsvaret.no/om/historie/Sider/intops.aspx>

<sup>315</sup> [www.ssb.no/folkemengde/](http://www.ssb.no/folkemengde/)

<sup>316</sup> Nore 2007: 130

<sup>317</sup> Nore 2007: 127

<sup>318</sup> ibid

ikkje vorte avvikla på mange år. Ein artikkel i Blue Beret for november 1985 fortel at i landsbyen Kfar Haman var det siste valet halde i 1964. Seinare hadde landsbyrådet som blir leia av moukhtaren supplert seg sjølv. Dette kan føre til at «enkelte klaner dominerer og legger en klam hånd over utvikling og initiativ».<sup>319</sup> Men artikkelen seier også til slutt om moukhtarane og mayorane at «Lokalt nyter de ofte stor respekt, og er viktige kort å spille på frå Norbatts side».<sup>320</sup>

Økonomisk hadde også UNIFIL-styrken stor påvirkning. UNIFIL HQ laga i 1994 eit anslag på at heile styrken la att om lag 37 millionar US dollar kvart år. Dette var fem gonger meir enn sentralregjeringa brukte på området.<sup>321</sup> I NORBATT sitt område og i Tibnine vart det økonomisk nedgang etter at den norske styrken trekte seg i 1998. Den spanske styrken som overtok etter NORBATT hadde mykje mindre kjøpekraft.<sup>322</sup>

Moukhtaren i Chebaa kjem med ei vurdering i 1987. Han seier at ikkje alle er like glade for den kulturpåvirkninga som har fulgt med nordmennene i NORBATT. Den muslimske tru og tradisjon er vorte mjukare gjennom ni år, og ungdommen er vorte meir vestleg påverka. Dette kan vera både positivt og negativt, «men selv de mest konservative troende innrømmer at alt ville vært verre utan UNIFIL i Sør-Libanon» blir han sitert på.<sup>323</sup> Moukhtar Yousef Sa-adeh i Ebel-el-Saqi fortel i same nummer at det var sjokk for mange av innbuarane då dei kom attende til Ebel-el-Saqi og såg at det var fullt av nordmenn i kortbukse der. Enkelte familier var betenkte over «disse nordmenn som gikk i noe vi syntest lignet på underbukser. Vi var ikke vant med det, men nå er vi det».<sup>324</sup> Dei innfødde føler seg mykje tryggare etter at nordmennene kom. Livet er vorte fredelegare og roligare med NORBATT. Dei lokale leiarane i landsbyane i NORBATT sitt område har med jamne mellomrom møter for å diskutere problem. Dette var utenkeleg før, at leiarar med ulik religiøs bakgrunn skulle møtes til fredeleg samtale.

NORBATT var klar over at dei ville påvirke samfunnet og hadde tenkt over kva retning dei ville dette skule gå i. Den norske kontingentsjefen (NORCO) seier i Blue Beret for august 1986 at «det er som nordmenn vi tenestegjør her, og jeg håper inderlig det er som nordmenn vi drar hjem, med vår livsstil og alle våre moralske prinsipper i behold».<sup>325</sup> Han meiner at vi her kan bidra, i eit miljø mykje prega av vold. Den norske soldaten er sosialt engasjert, nøktern og tålmodig, og «har

---

<sup>319</sup> BB 5/15/nov85: 10

<sup>320</sup> ibid

<sup>321</sup> Nore 2007: 128

<sup>322</sup> ibid

<sup>323</sup> BB 1/19/87: 15

<sup>324</sup> BB 1/19/87: 15

<sup>325</sup> BB 3/17/aug86: 1

oppnådd et svært godt forhold til sivilbefolkningen. En sivilbefolkning som er trett av krig og vil ha fred».<sup>326</sup>

Thomas Hylland Eriksen er redaktør for boka *Kulturdimensjonen i bistandsarbeidet. Hvor mange hvite elefanter*. Misjonær Øyvind Dahl har her eit innlegg han kallar «Misjonærer og u-hjelpere i møte med kulturene». Som artikkelen seier ser han på misjon og u-hjelp. Men soldatar på oppdrag i eit fjernt land har også med seg sin kulturelle ballast og kan bli stilt overfor dei same dilemma som misjonærer og bistandsfolk. Dahl sine meiningar kan difor også brukast på UNIFIL-soldatar. Dahl har fyrst ein historisk gjennomgang, mellom anna om då u-hjelp gikk over til bistand. Han kallar misjonæren for kulturimperialist og bistandsarbeideren for kulturel relativist. Eller kanskje den siste heller vil bli kalla kulturel realist ? Dahl meiner at omgrepet nøytral ikkje finst. Uansett kva du gjer vil du påvirke på ein eller anna måte. Å ikkje engasjere seg i dagens globale verd er også eit val, som kan gje påverknad og kanskje utslette kulturar.<sup>327</sup> Han har mange døme på kor lett det er å overføre vår kulturelle ballast. Vi i vesten vil skille religion og samfunnsliv, eller lage eit skille mellom ei symbolsk sfære og ei sosial sfære. Ein evalueringsrapport om eit misjonsprosjekt i Latin-Amerika brukte det siste skillet, der den symbolske sfære omfatta religion og idear. Den sosiale sfære som bistandsarbeideren skulle konsentrere seg om omfatta teknikk, økonomi og sosial organisering. Mange samfunn har ikkje desse skilla, seier Dahl. «Mens europeeren sektoriserer tilværelsen i isolerte skott, vil afrikaneren se helhet».<sup>328</sup> Eit anna døme er at vi frå vesten ofte har undervurdert kvinnene si rolle i jordbruksproduksjon og –distribusjon. Vi har ofte vendt oss til mennene med våre idear og teknologi, og iblant då øydelagt det lokale systemet som kvinnene dreiv. Samstundes legg mange samfunn meir vekt på gruppa og samfunnet enn på individet, medan vi i vesten ofte vektlegg motsett. Etter all kritikk over feil som er gjort, kjem han difor med ei slik oppmoding:

Det betyr at vi må komme inn i et kommunikasjonsfellesskap der vi møter hverandre som moralske og myndige mennesker. Det medfører respekt for det den andre står for –identitet, kultur og religion... Å respektere et menneske betyr å gå inn i en kommunikasjonssituasjon der vi lytter til og vurderer hverandres krav, forpliktelser, håp og forventninger. I en slik situasjon blir ikke mennesket et objekt, ikke engang et forskningsobjekt.

Mennesket blir selv subjekt, den viktigste agenten i sin utvikling.<sup>329</sup>

Om vi overfører desse tankane til Dahl på soldatane i Libanon: Korleis ser dei på den lokale kulturen dei møter ? Vil dei endre den ? Ser dei på libaneserane som objekt eller som subjekt ? Den enkelte soldat var kanskje ikkje klar over, eller førebudt på slike dilemma, men var forsvaret det ?

---

<sup>326</sup> ibid

<sup>327</sup> Øyvind Dahl, «Misjonærer og u-hjelpere i møte med kulturene», i : Thomas Hylland Eriksen(red),*Kulturdimensjonen i bistandsarbeidet. Hvor mange hvite elefanter*, Oslo: Ad Notam forlag, 1989:46

<sup>328</sup> Dahl 1989: 45

<sup>329</sup> Dahl 1989: 48

## Kapittel 5. Oppsummering/konklusjon og; Kva veit vi i ettertid

### Bakgrunn for konflikta

Informasjonen i brosjyrene til forsvaret og i Blue Beret synest å prøve å vera nøytrale. I brosjyrene ser det ut som dei har dei henta inn fagfolk på området, då språket ofte er svært akademisk. Dei er reint deskriptive og er ikkje normative. Det er ingen fordeling av skuld, og rett og galt. Det religiøse synet om «Eretz Israel», at Herren gav Israels folk landet «fra Egypterelven helt til Storelven, Euftrat» blir aldri nemnt.<sup>330</sup> I det heile blir religiøse motiv, eller rasemessige; at jødane må få sin eigen reine stat aldri tatt opp. Heller ikkje sionismen, som del av nasjonalismen i Europa. Artikkelen om «Palestinerne, hvem er de» i minneboka til kontingent 17 (i 1987) kan ein seie tek stilling for palestinerane. Massakra i Deir Yassim blir nemnt som årsak til flukta i 1947, israelske kjelder vil her legge skulda på propaganda frå dei arabiske nabolanda. At FN ikkje reknar PLO som terrororganisasjon blir også nemnt. Men i 1987 var dette vorte offisielt norsk syn, og artikkelen er i tråd med det.

### Partane i Libanon

Det var eit mål for den norske UNIFIL-styrken å ha tillit hjå partane. Elles ville FN-oppdraget dei fekk bli vanskeleg å løyse. Difor blir all informasjon til dei norske soldatane, både i brosjyrene og i Blue Beret i utgangspunktet deskriptiv. Dei rapportar kva som har skjedd, og seier ofte ikkje kven det gjeld. Dei bruker heller ord som infiltratørar, sjølv om dei fleste veit at det er ei eller annan palestinsk gruppe. Dei følger også UNIFIL si offisielle linje om å omtale SLA som DFF. Men ikkje konsekvent, nemninga SLA blir også brukt ein del, og iblant bruker dei den interne norske nemninga «Haddad-styrkene».

Men det blir ein del episoder der omtala er normativ. Angrepet på sjukehuset i Naqoura 12.april 1980 blir fordømt i sterke ordelag, med orda «en av de største skjenselgjerninger en fredsbevarende styrke noen gang er blitt utsatt for».<sup>331</sup>Deportasjonane av sivile frå NORBATTs sitt område blir også fordømt. Her rapporterer NORBATT vidare om at hendingane var brot på Genevekonvensjonen. Episodene der IDF trengte seg inn gjennom NORBATT sin sjekkpostar (CP) kjem i same kategori, om IDF ikkje blir direkte fordømt blir rolig og sindig opptreden frå NORBATT forklart som årsak til at ikkje gikk verre.

---

<sup>330</sup> Bibelen, 1.Mosebok 15-17

<sup>331</sup> BB 5/5/mai80: 8

Norske soldatar sine haldningar til partane endra seg: Forsvarets virksamhet for internasjonal virksamhet (FOKIV) undersøkte FN-soldatanes si haldning til konflikta: Ved ankomst Libanon i 1978 var 65 % «mest for Israel», gjennom tenesta i kontingent 1 sank talet til 20%. Ved heimreise for siste kontingent var andelen «mest for Israel» ned i 5 %. Sympatien «mest for» palestinerne/libanesere auka frå 25 % til 45 %, altså ikkje like mykje.<sup>332</sup> Om soldatane vart meir negative til Israel vart dei dermed ikkje automatisk meir positive til palestinerane/libaneserane. Forsvaret slær her palestinarar og libaneserar saman i ei kategori. Ein kan tenke seg at svara hadde vorte ulike om ein hadde delt dei. Under kategorien libaneserar må også major Haddads DPP truleg inngå. Også her kan ein tenke seg at svara hadde vorte ulike om ein hadde hatt to kategoriar for libaneserar. Men at kategorien «mest for palestinarar/libanesere» auka, og nesten dobla seg, står fast. Sympatien for Israel sank tydeleg, frå 65 % i 1978 til 5% i 1998.

### **Det sivile libanesiske samfunnet**

Målet, om det ikkje var tydeleg uttala, for den norske styrken vart raskt å ha eit godt forhold til dei sivile. Dette var naudsynt, når særleg NORBATT skulle operere og bu inne i landsbyane. Dei norske avdelingane vart teke godt imot, og satsa dermed sjølve på å få formell kontakt med dei lokale styresmaktene, altså moukhtarane og mayorane. Dette ser ut til å ha hatt positiv effekt. Det finst ingen omtale i Blue Beret om konflikter med dei lokale inne i NORBATT sitt område. Men major Grieg-Smith meinte at innføringa av ID-kort for innbyggjarane i UNIFIL sitt område hadde møtt lokal motstand.<sup>333</sup> Steinkastinga på ei ambulans skjedde i landsbyen Marjjoyn, altså i Haddad-land, utanfor NORBATT sitt AO. NORBATT hadde også ein offiser med ansvar for kontakt med dei sivile. Han ordna opp i erstatningsaker, om dei norske soldatane hadde skada eller øydelagt lokal eigedom. Dette kunne skje iblant, særleg med kjøretøy på smale vegar og gater. At dei lokale dermed såg at NORBATT betalte og viste vilje til å ordne opp for seg må ha vore ein viktig årsak til det gode forholdet som vart etablert. Vi har ein del kjelder som i ettertid kan fortelje oss om forholdet til dei sivile, og kan vi sjå på dei.

---

<sup>332</sup> Nore 2007: 129

<sup>333</sup> Intervju 15.mai 2015



## Ekteskap

Korleis det gikk med dei omlag femti ekteskapa mellom libanesiske kvinner og norske UNIFIL-soldatar har vi svært lite kunnskap om. For dei aller fleste vart det å flytte til Noreg. Korleis klarte desse kvinnene seg i ein heilt ukjent kultur? Aslak Nore har i boka *Gud er norsk. Soldatene frå fredsnasjonen* omtale av eitt slikt ekteskap. Eitt ekteskap som vart to. Ragnar Næss var sjåfør i NMC i kontingent 4 frå august 1979. Hos syerska i Tibnine trefte han dottera i huset, Najah Hashem. Familien var som dei fleste i Tibnine sjiamuslims og høyrde til det vesle mindretalet blant libanesiske sjia-muslimar som nedstamma direkte frå Profeten.<sup>334</sup> Ho studerte til lærar i Beirut, men var ofte heime i landsbyen. Næss kom på ei ny Libanon-periode i kontingent 6 og forholdet til Najah vart nærare. Men so reiste Næss raskt heim til Noreg, og etterlet seg eit brev til Najah om at forholdet måtte ta slutt, han er ikkje bra nok for ho og kan ikkje tilby ho noko liv i Noreg. Årsaken til dette var at mor hans var død, og far la ned forbud mot å ta med Najah heim. Najah trefte etter ei tid ein norsk offiser i NMC, og gifta seg med han i Bardufoss i juni 1985. Familien i Tibnine godtok etter kvart dette ekteskapet med ein kristen. Najah kallar sine to år i indre Troms som dei beste i Norge. Ekteparet flytta deretter til Gjøvik, ho fekk slitasjegikt og slutta å jobbe, og dei vart skilt i 1998. Ragnar Næss som også var blitt gift og skilt, tok på ny kontakt med Najah. Dei gifta seg, to gonger: i moske og på Skibladner i 2000. Dei flytta til Tibnine, bygde seg hus og det er der Aslak Nore treffer dei i 2006. Næss arbeider på plattform i Nordsjøen, men er i Tibnine i fri-periodene sine. Nore skildrar Najah som ei sterk og myndig kvinne på 50 år. Ho kjørte rundt med Hizbollah-merke på den eine sida av bilen og eit blått FN-merke på den andre. Hassan Nasrallah, leiar i Hizbollah var frå Tibnine, og var den store helten i byen. «Najah var tvers gjennom sjia og ett hundre prosent libanesisk nasjonalist».<sup>335</sup> Najah vart også forsøkt verva som tyster for Israel. Ho fekk tilbodet hjå den israelske E-tenesta i Tyr og svara den israelske offiseren slik, ifølge Nore: «Sier jeg ja til dette tilbudet, kan du ikke stole på meg. Hvis jeg sviker mitt land, hva er jeg da ikke i stand til å gjøre mot dere?». Offiseren godtok og respekterte avslaget.<sup>336</sup>

Dei ekteskapa som er omtala viser at det er libanesiske jenter med utdanning som gifter seg med nordmenn. Najah gikk på universitetet og tok lærarutdanning. Ho hadde også tre søsken som var i utlandet. Men familien ser ikkje ut til å vera overklasse. Faren hadde som yrke å selje grønnsaker i Beirut. Det kan tyde på at utdanning ikkje berre var for rike, men også mogleg for meir vanlege folk. Jentene som giftar seg med nordmenn er helst kristne, men vi finn også sjiamuslimar som Najah.

---

<sup>334</sup> Nore 2007: 121

<sup>335</sup> Nore 2007: 124

<sup>336</sup> Nore 2007: 124

Sterke og myndige er ofte uttrykk som går att om dei.

Rita Azar Svendsen har libanesisk mor og norsk far og ho vaks opp i Noreg. I masteroppgåva si «This is our land, The good life in a lebanese village» fortel ho om ei mor som hadde lært ho å vera sjølvstendig og stå på eigne bein.

### **Kvinnesyntet**

Vi har nemnt at fenrikane Ragnhild Kjørren og Inger Wang reagerte på kvinnesyntet dei møtte i Libanon. Elles finn vi det sjeldant omtala, og då berre som eit faktum. I Blue Beret for april 1980 fortalte fenrik Visdal om då dei var inviterte til bursdag hjå ein drusisk familie i Chebaa. Der sat «kvinnfolkene på gulvet og så på. Kulturkollisjonen er stor, av og til» konstaterer dei.<sup>337</sup> Gisvold går enno lenger då han forklarar om det særegne demokratiet i landsbyane. Landsbyen har eit råd «som gjerne velges blant de menn som har en viss verdighet og har nådd livhøyden. Kvinnene i Sør-Libanon har oftest mer tradisjonelle kvinneoppgaver, og ettersom store barneflokker er vanlig, har de nok å gjøre».<sup>338</sup> Her forklarar Gisvold kvifor det er mennene som styrer, og det synest som han meiner dette er ei logisk forklaring. Slik er det her, punktum.

### **Omtale av det sivile livet**

Her kan ein vel raskt slå fast at Blue Beret er eintydig positiv. Dei registrerer at det meste av det offentlege tilbodet, som skule og helse ikkje fungerer. Mykje av infrastrukturen som vegar, vatn og kloakk er anten øydelagt i krigshandlingane eller av dårleg kvalitet grunna manglande vedlikehald, det siste også truleg som resultat av borgarkrig og invasjon. Men etter å ha konstatert korleis situasjonen er, er det mange reportasjer om korleis UNIFIL stiller opp, særleg på helsesida, med sanitetsfolk i avdelingane og på feltsjukehuset i Naqoura. Infrastrukturen blir også gradvis sett i stand. Dette var ikkje hovedoppgåva for UNIFIL, men som dei sa det i NMC i Tibnine: «Men i den utstrekning vi har tid og ressurser er vi også det sivile samfunn behjelpelig med å løse deres problemer».<sup>339</sup> NORBATT og NMC hadde sjølv sagt også eigeninteresse av at vegar, vassforsyning, elektrisitet og telefon fungerte, men utbygginga kom også det sivile samfunn til gode. Og det virkar som det foregikk motsett veg: Moukhtarane kom med sine ynskjer for sine sivile samfunn, NORBATT og NMC gjorde jobben, og fekk sjølv nytte av resultatet. Det var eit ynske at det var eit

---

<sup>337</sup> BB 4/4/apr80: 9

<sup>338</sup> Gisvold 1979: 109

<sup>339</sup> BB 7/9/juni82: 30

samarbeid også i utførelsen, altså slik at dei lokale deltok i arbeidet. Dette lykkast ikkje alltid, men til dømes ved restaureringa av kyrkja i Ebel-el-Saqi ser vi at arbeidet var utført av ein lokal handverkar. Restaurering av kyrkjer og skuler var altså også oppgåver NORBATT og NMC deltok i. Desse var også ofte øydelagte etter krigshandlingane. Iblant blir det skaffa utstyr frå Noreg. Vi høyrer om alterbord til kyrkja i Ebel-el-Saqi og iblant om pengar til innkjøp. Pengane kunne kome frå innsamling blant soldatane, men humanitærkomiteen i NORBATT hadde også samarbeid med og fekk pengar frå UD og frå Kirkens Nødhjelp. Nordmennene fann etter kvart ut at det ga best effekt å handle lokalt, for å få lokalt næringsliv i gang att.

At nordmennene gjorde opp for seg for skader dei var ansvarlege for blir også nemnt. Gisvold seier at «det var en fornøyelse å få lov til å ta del i løsningen av de problemer som reiste seg i forhold til sivilbefolkningen».<sup>340</sup> Som døme nemner han at ein norsk lastebil hadde kjørt over ein sau i april. «Noe av det hyggeligste jeg husker frå den siste tiden, var når vi etter å ha ligget i intens drakamp med FNs libanesiske forsikringsselskap, fikk utbetalt 75 dollar i erstatning til en gammel, fattig sauegjeter, Shakibe Tayare, i Ebel el Saqi».<sup>341</sup>

Utdanning gikk faktisk baa vegar. Nordmennene arrangerte engelsk-kurs for dei lokale, og samstundes var det arabisk-kurs for nordmennene med lokal lærar. I Tibnine tok NMC inn lokale gutar som lærlingar på kjøretøyverkstaden.

## **Var alt bra ?**

Så langt kan dette virke som ei solskinnshistorie, særleg om tilhøvet til dei lokale samt at soldatane følte at dei gjorde ein nyttig jobb. Eg har nemnt at det kom litt kritikk av mangelfull informasjon. Samstundes ser vi at brosjyrene forsvaret delte ut hadde mykje informasjon. Men som sagt kunne ein del av denne informasjonen blir for akademisk og teoretisk. Uansett er det vanskeleg å forklare realiteten i det å reise til eit krigsområde. Noreg har som nasjon liten krigserfaring. Fyrste kontingenten som reiste nedover i mars 1978 fekk berre 2-3 dagars føtrebuing i Noreg. Gisvold fortel at utover i fyrste kontingent dukka det opp det dei kalla «nesten-halvveis-depresjon». Det var «..dem som hadde reist til Libanon og trodd at problem de hadde hjemme skulle løses ved at de dro i FN-teneste».<sup>342</sup> For dei neste kontingentane vart det ein månads opptrening i Noreg før avreise. Forsvaret tok erfaringa frå fyrste kontingent på alvor, og ei samtale med psykolog vart ein del av rutina i opptreninga i Noreg. Formålet her var «å luke ut» dei som hadde psykiske eller økonomiske problem

---

<sup>340</sup> Gisvold 1989: 109

<sup>341</sup> Gisvold 1989: 110

<sup>342</sup> Gisvold 1979: 69

som dei kunne dra med seg.

Soldatane reagerte også ulikt på dei skarpe situasjonane dei kom opp i. Gisvold fortel om episoda i Kaukaba i mai 1978 då norske soldatar måtte bruke den store 84 mm Carl Gustav kanonen og drap mellom 1 og 10 palestinanar (tala varierer). Både det å skyte for å drepe og det å ligge og ta imot beskytning gav ein reaksjon for fleire.<sup>343</sup> Ei anna meir uskuldig episode er om ein norsk soldat som skulle tenestegjera som kokk i NMC. Han var med nedover som framparti i rotasjonen mellom kontingent 6 og kontingent 7. For å bli kjent i området vart han med ein norsk lastebil på ein rutinetur ned til byen Tyr. Her opplevde han at ein PLO-post skaut eit par skot over lastebilen. Dette var noko som ofte skjedde og var kanskje berre meint som ei helsing. Men kokken ombestemte seg og vart med heim til Noreg att under hovedrotasjonen to veker seinare.

Major Grieg-Smith tenestegjorde i NORBATT 2 og 3.<sup>344</sup> Han er kritisk til opplæringa føreåt, særleg mangel av det han kallar stressmestring. Dette vart gjort med Afghanistan-soldatane. Han meinte også forsvaret gjorde for lite med å lære av soldatane sine erfaringar. Det var ingen avlæring, soldatane vart berre dimitterte, og neste kontingent kom like uforberedt. Major Grieg-Smith sat høgt oppe i bataljonstaben og hadde ei annan oversikt enn den vanlege soldat hadde. I kontingent 2 og 3 miste også den norske styrken fem soldatar, ein ved artilleribeskytning og fire ved helikopterstyrt.<sup>345</sup> Dette kan også prege Grieg-Smiths kritiske syn. Men kor lett er det å førebu seg på krigshandlingar? Soldatane burde også sjølve vurdere riskikoen ved den frivillige tenesta dei gjorde. Men ein offiser vil nok føle ansvaret uansett.

**Vi har fleire kjelder om resultatet** av at det var norske soldatar i 20 år i nær kontakt med dei sivile i området. Mange av dei er frå markering av FN-dagen 24.oktober.

Rita Azar Svendsen skreiv masteroppgåva «This is our land. The good life in a Lebanese village» ved Universitet i Tromsø. Mor hennar var frå Ebel-el-Saqi. Syster til mor vart gift med ein norsk FN-soldat, og mor vitja dei i Noreg. For å få seg jobb gikk ho på norskkurs i Hammerfest. Der fekk ho jobb på eit fiskemottak, og trefte og vart gift med ein nordmann som jobba på ein trålar. Rita vart fødd og vaks opp i Noreg. Ho fortel at ho og foreldra brukte å feriere i Ebel-el-Saqi ein månads tid nesten kvart år i oppveksten. Masteroppgåva hennar var om Ebel-el-Saqi og difor hadde ho og mor eit langt opphald i byen, då Rita gjorde sine feltstudiar. Ho nemner at det var stor økonomisk vekst då nordmennene var i byen frå 1978 til 1998, men at det var ein nedtur då dei reiste. Den

---

<sup>343</sup> Gisvold 1979: 46

<sup>344</sup> Grieg-Smith, intervju 2015

<sup>345</sup> Larsen 2008: 229

indiske bataljonen, INDBATT, som overtok hadde mykje mindre kjøpekraft, den same med den spanske bataljonen, SPANBATT, som seinare overtok. Ho seier også at oppgåva til UNIFIL-styrken var å ikkje blande seg ved å ta del i konflikter, men heller beskytte dei sivile og byen. UNIFIL etablerte ein trygg plass, og bidrog også humanitært. Dei vart ein del av det daglege livet i byen. Ho nemner som døme at dei spanske FN-soldatane held kurs i spansk og yoga. Kursa er gratis og opne for alle. Ho opplevde sjølv at mange møtte opp til kursa, menn og kvinner, alle aldre og religionar. Kursa vart ein sosial møteplass.

Ho trudde, seier ho, at dei som var på staden ei kort periode hadde berre midlertidig tilknytning til staden. Men ho oppdaga det motsette, at mange FN-veteranar har fått eit varig forhold til byen. Kvar 17.mai kjem norske veteranar til byen og feirar nasjonaldagen sin saman med innbyggjarane. Ho brukar det tyske omgrepet «Heimat» for å forklare forholdet både ho som emigrant og UNIFIL-styrken har fått til byen.

Aftenposten har i mars 2008 eit intervju med Tom Torgersen som var med i kontingent 1. Tittelen er: «Veteraner ville dratt igjen». Torgersen fortel at dei vart sendt sendt til Libanon etter to dagers trening i mars 1978. I alt var han i seks kontingentar, altså tre år i Libanon. «Jeg er utrolig stolt av Libanon-tiden. Jeg ville aldri vært Libanon foruten» seier han.<sup>346</sup>

Kari Karame er forskar ved NUPI med Jordan, Syria og Libanon som spesialfelt.<sup>347</sup> Studentavisa Under dusken i 2006, siterer ho slik: «I Ebel-el-Saqi, det området NORBATT-bataljonen var spesielt nærværende i, etterlot de norske soldatene seg et meget godt forhold til de lokale. Folk der nede snakker fortsatt om nordmennene. Slektskapsbånd ble knyttet og forholdet var preget av respekt og vennskap».<sup>348</sup>

Dagbladet har i oktober 2008 ein artikkel om norske soldatar som er attende i Libanon etter 30 år. Tittelen er «Godt vaksne mannfolk har grått siden i går». Soldat Karsten Thune var med i fyrste kontingent . «Det var kaotiske tilstander. Israelittene skjöt og bombet rundt oss», seier han.<sup>349</sup> På FN-dagen 24.oktober er FN-observatør Annie Henriksen med på ein seremoni der det vart lagt ned krans i Ebel-el-Saqi for dei 21 nordmennene som mista livet i Libanon. «Velkomsten jeg som norsk møter her oppe er helt utrolig. De norske FN-soldatene er dypt savnet fordi de slo last og brast med lokalbefolkningen. Det er helt utrolig hvor mye de setter pris på de 20 årene med nordmenns

---

<sup>346</sup> Aftenposten 25.3 2008: <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Veteraner-ville-dratt-igjen-6554665.html>

<sup>347</sup> Vårt land, 27.juli 2006, s.26

<sup>348</sup> Studentavisa Under dusken 24.okt-6.nov.2006: 20

<sup>349</sup> Dagbladet 24.okt 2008: <http://www.dagbladet.no/nyheter/2008/10/24/551467.html>

tilstedeværelse», seier ho.<sup>350</sup>

Då FN var 69 år, 24.oktober 2014 har Eliana Lakis eitt innlegg i avisa Nordlys, «Hva om FN ikke hadde eksistert ?» Ho er frå Ebel-el-Saqi og er rådgiver/konsulent i Tromsø. Ho takkar FN for innsatsen for fred i heimlandet sitt og seier:

Jeg må si rett ut at jeg er utrolig stolt når jeg tar min datter med på tur til Libanon, og forteller henne hvor viktig det er å ha fred. Hun ser det norske og libanesiske flagget heist side om side på den norske plassen mitt i landsbyen. ..Min store takknemlighet og varme tanker går til dere alle sammen som har tjenestegjort som FNs fredsbevarende styrker i Sør-Libanon i perioden 2.april 1978 til 28.november 1998.<sup>351</sup>

Alle desse artikkane er svært positive til den norske FN-innsatsen i UNIFIL-styrkene i Libanon. Ein kan undrast kvifor. Det militære oppdraget dei fekk, ut frå mandatet som Sikkerhetsrådet i FN gav i 1978 hadde dei ikkje klart å løyse då dei reiste heim i 1998. Enno i dag, i 2015 står UNIFIL-styrka i Sør-Libanon. Men UNIFIL fekk raskt ei tilleggsoppgåve, om å få det sivile samfunnet på fote att. Desse oppgåvene kan kallast humanitære, og som vart løyste utan våpenbruk. Hadde det ikkje vore soldatar som utførte dei, kunne vi plassert det som bistand eller U-hjelp som det heitte før. Som nemnt i kapittel 3 fann Marthe Espolin Sletmo i si oppgåve «Norske veteraner frå FN- og NATO-operasjonar» at UNIFIL-soldatane såg på seg som borgarar i uniform. Dette i motsetning til dei norske soldatane i ISAF-styrka i Afghanistan som såg på seg sjølve som krigarar som skulle løyse militære oppdrag. UNIFIL-soldatane syntest det var meiningsfullt å drive hjelpearbeid blant dei sivile.

Eit poeng som Rita Azar Svendsen brukar er om kva som skjer dagleg. I masteroppgåva si «This is our land. The good life in a Lebanese village» om Ebel-el-Saqi fortel ho at når ho fortalte norske vener kva ho skriv oppgåve om spurte dei: «Is there a good life in Lebanon, really ?»<sup>352</sup> Libanon i deira hovud var krig og elende. Når vi les Odd Karsten Tveit si bok *Libanon farvel. Israels første nederlag* får vi same inntrykket. Det er konflikter, bortføringar og drap heile tida, ein eller annan plass. Azar Svendsen meiner derimot at det meste av tida er det eit roleg og fredeleg liv i hennar landsby, Ebel-el-Saqi. Og stemmer dette betyr det at mykje av tenesta for dei norske soldatane var fredeleg. Dei gikk sine patruljer, møtte og prata med dei lokale og utførte praktiske oppgåver. Den kunne gå lange periodar då det ikkje var konflikter og samanstyrt med dei lokale militære partane. Det som vi kallar humanitære oppgåver blir då ein stor del av arbeidsdagen deira.

---

<sup>350</sup> *ibid*

<sup>351</sup> Nordlys 24.okt 2014: <http://nordnorskdebatt.no/article/hva-om-fn-ikke-hadde-eksistert>

<sup>352</sup> Svendsen 2013: 57

Det blir likevel eit tydeleg skille mellom vanlege bistandsarbeidarar og UNIFIL-soldatane. Bistandsarbeidarar har oftast eit spesielt oppdrag, der dei skal løyse eit problem eller hjelpe eit samfunn framover ved å overføre ny teknologi, kunnskap eller måtar å organisere på. UNIFIL-soldatane derimot fekk dette som ei tilleggsoppgåve som dukka opp som eit ynskje frå det sivile samfunnet dei levde i. Det vart eit forhold der dei lokale vart subjekt. NORBATT og NMC hadde regelmessige møte med dei lokale styresmaktener, moukhtarane. Som sitert før om moukhtarane: «Lokalt nyter de ofte stor respekt, og er viktige kort å spille på frå Norbatts side.»<sup>353</sup> Her kom moukhtarane med sine ynskje, NORBATT og NMC lova å bidra so langt dei kunne. Vi finn ingen døme på at NORBATT og NMC sette i gang tiltak som moukhtarane ikkje ville skulle bli gjennomførte. Kanskje med eit lite unntak for kvinnesenteret i Tibnine, der det står at det var «en del skepsis blant mennene til dette prosjektet..» Opprettinga av kvinnesenteret var likevel ikkje berre bestemt av NMC, det var også finansiert av velstående libaneserar i utlandet. Slike større prosjekt som vassledningar, kloakk og veg utførte NORBATT og NMC utan å ta betalt for det. Det var tenester dei utførte når dei hadde tid og materiell til overs.

I tillegg til den formelle kontakta med moukhtarane opererte også NORBATT på det sivile markedet. Både som organisasjon og som enkeltsoldatar handla dei hjå lokale kjøpmenn. Dei brukte lokale frisører og sydamer. Dei hadde også sivilt tilsette som tolkar og kokker i leirane sine. Alt dette vart det betalt for, både for varer og tenester og som løn. Det vart altså ikkje tradisjonell bistand, men eit marknad med likeverdige aktørar.

Som Marianne Heiberg seier kunne UNIFIL sitt humanitære arbeid halde oppe udemokratiske politiske strukturar, ved å dei hadde kontakt med det tradisjonelle politiske maktapparatet. Det stemmer nok, moukhtarane kunne få ein styrka posisjon ved at det var dei som hadde kontakt med UNIFIL, fekk laga avtaler og fekk gjennomført praktiske prosjekt. Vi ser også fleire tilfeller av at moukhtarane tek si oppgåve med å trygge innbyggjarane sine mot grupper utanfrå alvorleg. Vi høyrer om både palestinske grupper, og SLA og IDF som vil presse seg inn. I dette arbeidet fekk då moukhtarane støtte frå UNIFIL, ut frå felles interesse. Ein kan seie at dette bidrog til å halde oppe udemokratiske strukturar. Moukhtarane var ikkje på val, og byråda supplerte seg sjølve. Men kva var alternativet ? Innføre vestleg demokrati ? Heldigvis kan ein kanskje seie, var dette aldri i tankane til UNIFIL. Det var langt utanfor deira mandat.

Men berre ved at UNIFIL var tilstades i dei lokale samfunna påvirka dei sjølvstøtt kulturen. Moukhtaren i Chebaa sa i minneboka for kontingent 19 at ikkje alle var like glade for

---

<sup>353</sup> BB 5/15/nov85: 10

kulturpåvirkninga som hadde fulgt med nordmennene i NORBATT. Den muslimske tru og tradisjon var vorte mjukare og ungdommen meir vestleg påverka. Men han legg til at «..selv de mest konservativt troende innrømmer at alt ville vært verre utan UNIFIL i Libanon».

Nordmennene deltek i gudstenester og gravferder. Gudstenestene kunne vere leia av norske feltprestar eller lokale prestar, og blir framstilt som ei teologisk blanding som alle er nøgde med. Gravferdene vi høyrer om foregår på tradisjonell lokal måte, med norske bidrag.

Vi finn ingen innslag av «orientalismen» som Edward Said og Samir Amin skriv om. Heller ikkje etnosentrisme eller «eurosentrisme» som Amin kallar det. Aslak Nore har truleg eit godt poeng når han seier at norske ungdomar frå bygdemiljø kjente seg att i bondekulturen dei møtte i og rundt landsbyane. Sitatet om «..her står folk opp og begynner å jobbe klokka halv fire om morgenen» seier sitt.<sup>354</sup> At folk er ærlege og har god arbeidsmoral er framleis viktig i norsk bygdemiljø. Kva slags jobb du har er ikkje so viktig, det betyr meir korleis du utfører den.

At kvinner hadde ein annan posisjon i dei norske styrkene kunne dei lokale sjå sjølve i det daglege. Om desse let seg påvirke vart deira eige sak, NORBATT og NMC prøvde aldri å tvinge fram endringar. Men dei tilsette lokale kvinner som tolkar og lærarar, og på kjøkkenet, og betalte dei løn. Ved all handel stimulerte også dei norske styrkene pengeøkonomien i området. Heile UNIFIL la att 37 millionar US Dollar kvart år, viste eit overslag UNIFIL HQ gjorde i 1994. Den norske styrken utgjorde om lag ¼-del av heile UNIFIL-styrken, og hadde god kjepekraft. Ein kan difor anta at kanskje halvparten, altså 15-20 millionar US dollar, eller 130-150 millionar norske kroner vart brukt i dei norske områda kvart år. Dette var ein kraftig stimulans, og vi har historier om lokale handelsfolk, som Disco-George i Ebel-el-Saqi som svinga seg opp. George Rahal som han heitte, starta opp som taxisjåfør i Ebe-el-Saqi i 1945. Seinare kjøpte han eit fjersynsapparat og starta kino. Då dei norske soldatane kom selde han lefser, sprit, elektronikk og stereoanlegg til dei. I tillegg var han platepratar på radio NORBATT, difor tilnamnet sitt. Handelen gikk svært bra og mellom anna har han kjøpt seg leileghet i Oslo.<sup>355</sup>

Gunnar Fermann skreiv i artikkelen om «Internasjonal fredsbevaring 1956-1990» at det har «medført en vesentlig påvirkning av norsk kultur i dette området» og at «..internasjonale militære fredsoperasjoner gir oss ikke samtidig rett til å drive kulturimperialisme». Og som misjonær Øyvind Dahl sa, omgrepet nøytral finst ikkje.

---

<sup>354</sup> BB 5/13/nov84: 10

<sup>355</sup> Nore 2007: 128



Difor: at det var norske soldatar i Sør-Libanon i ei periode på 20 år gav kulturpåvirkning. Men det norske forsvaret var tydeleg på at dei var gjester og skulle respektere det lokale og behandle dei som likemenn.

Vi fekk også påvirkning andre vegen. NORCO sa i 1986 at «..det er som nordmenn vi tenestegjør her, og jeg håper inderlig det er som nordmenn vi drar hjem, med vår livsstil og våre moralske prinsipper i behold». Som sitata frå norske soldatar i ettertid viser har dei vorte påvirka. Men vi finn ingen uttrykk for forakt for den lokale kulturen. Samhaldet i storfamiliane, arbeidsmoral og at dei var gjestfrie og ærlege blir nemnt som positivt. At 20.000 nordmenn tek med seg dette inntrykket heim må bety noko i det norske samfunnet, også på synet på araberar; både kristne, muslimar og druserar. Ragnar Næss som gifte seg med Najah seier om jobben på plattform i Nordsjøen: «Det er fortsatt fordommer mot muslimer blant mine kollegaer. Men du vet, mange av folkene på plattformen i Nordsjøen har forandret syn på denne konflikten etter hva jeg har fortalt dem».<sup>356</sup>

Og kanskje dette blir oppsummeringa ? Å sende 20.000 borgerar i uniform til Libanon førte til endring i norsk opinion og hjå norske styresmaktene i synet på konflikta i Libanon, på muslimar og araberar generelt, og på staten Israel.

---

<sup>356</sup> Nore 2007: 139

## **Kjeldeliste**

### **Masteroppgåver**

Eikrem, Jostein Peter: «Ein ubetydeleg bidragsytar. Norsk bistand til palestinske flyktingar 1967-1993». Masteroppgåve ved UiO, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2011.

Kihle, Morten «Kultur og identitet blant kampsoldatene i Task Uniten». Masteroppgåve ved Universitetet i Tromsø, Institutt for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning, 2012

Ose, Christine Due: «Med sykkel til Sinai. Norges deltakelse i FN's første fredsbevarende styrke – fredsidealisme eller ivaretagelse av egeninteresser?», masteroppgåve ved Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2010

Ottosen, Hege: «Maktdeling -Bosnia og Libanon». Masteroppgåve ved NTNU 2003

Sletmo, «Norske veteraner fra FN- og NATO-operasjoner». Masteroppgåve I historie ved Universitetet I Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historie, 2010.

Svendsen, Rita Azar: “This is our land. The good life in a Lebanese village” Masteroppgåve ved UiT 2013

Vingelsgaard-Laursen, Tine: «Ikkje selg jorda, den er hellig». Om kristen sør-libanesisk landsby, Maghdouche med 7000 innbyggjarar, ved Saida, Masteroppgåve ved UiO 2012

### **Doktorgradsoppgåver**

Haaland, Torunn Laugen, “Small Forces with a Global Outreach. Role Perceptions in the Norwegian Armed Forces after the Cold War”, doktorgradsoppgåve ved Universitetet I Oslo, 2008

### **Andre oppgåver og rapportar**

Waage, Hilde Henriksen: “Norwegians ? Who needs Norwegians ?” Evaluation Report 9/2000, Oslo: Institutt for fredsforskning

NUPI: «Norske selvbilder og norsk utenrikspolitikk», rapport april 2007

Græger, Nina: «Offisersprofesjon i endring: 20 år med internasjonalisering. Tidsskriftet Sosiologi i dag. Nr.1/2011: 88

Nordbø, Toralf: "Norske militære i fredsoperasjoner" ved Institutt for forsvarsstudier, publisert i Forsvarsstudier 7/1992

Fermann, Gunnar: "Internasjonal fredsbevaring 1956-1990. En sammenliknende undersøkelse" ved Institutt for forsvarsstudier, publisert i Forsvarsstudier 5/1992

### **Bøker**

Amin, Samir: *Eurosentrismen. Kritikk av en ideologi* Oslo: Forlaget Oktober 1992

Bull, Odd : *På post i Midtøsten* Oslo: Gyldendal 1973

Butenschøn, Nils A.: *Midt-Østen. Imperiefall, statsutvikling, kriger* Universitetsforlaget 2009

Eide, Asbjørn: *FNs fredsbevarende operasjoner*, Oslo: Pax forlag 1966

Eriksen, Thomas Hylland (red.) *Kulturdimensjonen i bistandsarbeidet. Hvor mange hvite elefanter ?* Oslo: Ad Notam Forlag 1989

Gisvold, Marius : *Møte med Libanon, En norsk FN-soldats beretning*, Oslo: Gyldendal 1979,

Larsen, Erlend; *Libanon* Oslo: E-forlag 2008

Leirvik, Oddbjørn: *Islam og kristendom. Konflikt eller dialog*. Oslo: Pax Forlag 2006

Lundestad Geir, *Øst, vest, nord og sørovedlinjer i internasjonal politikk 1945-1995*, Oslo: Universitetsforlaget, 1996

Nore, Aslak: *Gud er norsk. Soldatene fra fredsnasjonen*, Oslo: Aschehoug, 2007

Rogan, Eugene: *The Arabs. A history*, London: Penguin Books, 2011

Sandvig, Asbjørn: *Libanons tragedie*. Oslo: Universitetsforlaget 1982

Tveit, Odd Karsten: *Nederlag. Israels krig i Libanon*. Oslo:Cappelen 1985

Tveit, Odd Karsten: *Libanon farvel. Israels første nederlag*. Oslo: Aschehoug 2010-2011

Tønnessen, Nils Jacob (red.): *Israel 50 år*. Oslo: Luther Forlag 1998

Waage, Hilde Henriksen: *Konflikter og stormaktspolitikk i Midtøsten*, Oslo: Cappelen Damm 2013

Wegger, Strømmen og Leraand, Dag: *I kamp for fred. UNIFIL i Libanon-Norge i UNIFIL 1978-1998*, Oslo: Gazette bok as 2005

## **Tidsskrift, aviser**

Forsvarets Forum, bilag 1995 om FN

Under dusken (avis for Studentsamskipanden i Trondheim), 24.oktober – 6.november 2006

Avisa Nationen 23.sept 2006

Aftenposten 25.mars 2008

Avisa Nordlys 24.okt. 2014

Dagbladet 24.okt.2008

Vårt Land 27.juli 2006

Litani, avis for UNIFIL, utgåver i 6.kontingent

Forsvarets brosjyrer:

-Forsvarets Overkommando, *De norske beredskapsstyrker*, Oslo: 1973

-Forsvarets Overkommando, *De norske beredskapsstyrker*, Oslo: 1978

-FDI4/IR 4, *Vel møtt*, Oslo: 1979

-FO/FN-kontoret, *Orientering om Libanon*, Oslo: 1980

-Blue Beret, leiravis 1978-1998

## **Digitale kjelder**

<http://unispal.un.org/UNISPAL.NSF/0/E25DAE8E3CE54FB5852560E50079C708>

[http://ifs.forsvaret.no/forskning/siv-mil/Sider/siv-mil\\_veteranliste.aspx](http://ifs.forsvaret.no/forskning/siv-mil/Sider/siv-mil_veteranliste.aspx)

[www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/FN-pakten/FN-pakten](http://www.fn.no/Bibliotek/Avtaler/FN-pakten/FN-pakten)

<https://itjenestefornorge.no/operasjoner/un-emergency-force-unef-i>

<http://hv.forsvaret.no/om/historie/Sider/intops.aspx>

## **Intervju:**

Rogne-Renna, Pål: Intervju over e-post: Han var i Norbatt i kont.8+9, i tida haust-82 til haust 83.

Melbye, Ola Erik: Han var nede i 1985. Har var sjåfør og hadde mange turar til Beirut og Israel.

Grieg-Smith, Sven-Erik: Professor emeritus i historie ved UiB. Tenestegjorde som major i Norbatt i kontingent 2 og 3, altså hausten 1978 til hausten 1979. Tlf.samtale 15.mai-2015

## Vedlegg 1

### Militære forkortinger

FD	Forsvarsdepartementet
FO	Forsvarets Overkommando
FDI4/IR 4	Oppsettande avdeling i Noreg
NORBATT	Den norske bataljonen
NORMAINTCOY eller NMC	Det norske verkstedkompaniet
NORCO	Sjef norske styrken/Norse Commander
NORAIR	Den norske heilkoptervingen
ITALAIR	Den italienske helikoptervingen
NORMEDCOY	Det norske feltsjukehuset
SWEDMEDCOY	Det svenske feltsjukehuset
CAMP COMMAND	UNIFILs hovedkvarter i Naqoura
FRENCHLOG	Det franske forsyningskompaniet
FRENCHENGCOY	Det franske ingeniørkompaniet
IRISHBATT	Den irske bataljonen
DUTCHBATT	Den nederlandske bataljonen
GHANBATT	Den ghanesiske bataljonen
FIJIBATT	Den fijianske bataljonen
SENBATT	Den senegalesiske bataljonen
NEPBATT	Den nepalesiske bataljonen
INDBATT	Den indiske bataljonen
SPANBATT	Den spanske bataljonen
UNTSO	UN Truce Supervision Organisation
UNEF	UN Emergency force. FN-styrka I Gaza 1956-67
UNOGIL	UN Observator Group In Lebanon, I 1958
UNWRA	UN Relief and Works Agency for Palestine Refugees in the Near East
UNIFIL	UN Interim Force In Lebanon
IDF	Israeli Defence Forces. Israels hær
SLA	Sør-Libanesiske Arme, til major Haddad
DFF	De Facto Forces. FN's namn på SLA
Leb.Army	Libanesiske regjeringshæren



